



Masteroppgåve i Nynorsk skriftkultur

Nynorsk som skjønnlitterært omsettingsspråk

Den mothegemoniske arven

Studiepoeng: 60

Helene Rødahl Fagermo

Mai/2016

Samandrag

Denne masteroppgåva omhandlar nynorsk som skjønnlitterært omsettingsspråk og tek utgangspunkt i ei kvantitativ undersøking av omsett skjønnlitteratur på nynorsk mellom år 1990 og 2010. Målet med dette prosjektet har mellom anna vore å undersøke om det er hald i påstandar om at dette er eit felt i djup krise. I tillegg har eg forsøkt å seie noko om sentrale aktørar i feltet og kva som kjenneteiknar nynorsk som skjønnlitterært omsettingsspråk.

Talmaterialet i denne oppgåva er henta ut frå databasane til Norbok. For å gjere informasjonen mest mogleg verifiserbar, har eg valt å automatisere innsamlingsprosessen. Tala er deretter framstilt i både tabellar og diagram. Det er snakk om 606 verk som er omsett frå 33 ulike språk av 62 ulike forlag. Desse tala vert satt i samanheng med påstandar i «Eit sant mirakel» av Kjartan Fløgstad.

Diskusjonane i denne oppgåva tek utgangspunkt i eit historisk bakteppe som omhandlar etableringa av nynorsk. Teoriane til Pierre Bourdieu er sentrale, ettersom dei tydeleggjer at all litteratur, inkludert omsett skjønnlitteratur, er eit kulturelt produkt og at makt dermed er eit uunngåelig aspekt i denne samanhengen. Med bakgrunn i teoriane til Peter Bürger har eg også undersøkt om den omsette skjønnlitteraturen som vert gjeven ut i dag, hovudsakeleg representerer samfunnsmessige brot, innehold sterkt sjangerkritikk eller er meir marknadsretta. Dette er viktig ettersom det igjen seier noko om utgjevarane av denne litteraturen, altså aktørane i feltet.

Ein overordna påstand i denne oppgåva er at eit tankesett nedarva frå 1800-talet, er med på å påverke ordskiftet rundt omsettingsverksemda, i tillegg til valet av bøker og måten desse vert profilert på. Eg har valt å kalle dette den motegemoniske arven, noko som vonleg signaliserer at situasjonen for nynorsk ikkje er den same som på 1800-talet, men at fleire viktige aktørar likevel er påverka av denne motkulturelle posisjoneringa sjølv i dagens samfunn. Det er tydeleg at visse haldningar og stereotypiar har festa seg ved nynorsk som skjønnlitterært omsettingsspråk. Nynorske omsettingar vert jamt over framheva som bøker med høg språkleg og litterær kvalitet, også dersom det er snakk om såkalla «feelgood-bøker».

Summary

This Master's thesis concerns New Norwegian as a translation language of fiction and is based on a quantitative study of translated fiction in New Norwegian from 1990 to 2010. The objective of this project has been to examine if there is truth in claims that this is a field in crisis. In addition, the project offers an overview of essential participants within the field and also what characterizes New Norwegian as a translation language of fiction.

The figures in this thesis are taken from databases in Norbok. In order to make the information verifiable, I have chosen to automate the process. The figures are then presented in both tables and charts. We are talking about 606 literary works, translated from 33 different languages by 62 different publishing companies. These figures are then considered in connection with the claims in the article "A true miracle" by Kjartan Fløgstad.

The discussions in this thesis are based on a historical backdrop dealing with the creation of New Norwegian. Furthermore, it employs some of Pierre Bourdieu's theories with regards to how all literature, including translated fiction, is a cultural product and in what respect power stands out as an inevitable aspect in this context. Based on the theories of Peter Bürger I have also examined if the translated fiction in question mainly represents social disruption, contain strong genre criticism or is more market-orientated. This is of importance because it says something about the publishers of this literature, in other words the participants within the field.

An overarching claim in this assignment is that a mindset inherited from the 1800s, is involved in influencing the debate about the translation activity, in addition to the choice of books and the way these are profiled. I have chosen to call this the re-hegemonic heritage, which hopefully signals that the situation for New Norwegian is not the same as in the 1800s, but that several participants in the field are influenced by this re-hegemonic positioning even today. Certain attitudes and stereotypes have in fact clearly attached themselves to New Norwegian as a translation language of fiction. New Norwegian translations are highlighted as having high linguistic and literary merit, even in the case of so-called "feelgood-books".

Forord

Arbeidet med denne masteroppgåva har vore både utfordrande og givande heilt frå første stund. Allereie før eg byrja på masterstudiet Nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda hausten 2014, visste eg at eg ønska å skrive om nynorsk som skjønnlitterært omsettingsspråk. Både framgangsmetode og teoretisk vinkling har derimot gjennomgått fleire justeringar sidan den tid. Arbeidet med masteroppgåva kjem no til ein slutt og det er i den forbindelse fleire eg ønskjer å takke. Først og fremst må eg rette ein stor takk til rettleiaren min, Øystein Hide, som har gjeve verdifull hjelp og rettleiing heilt fram til den aller siste sluttpurten. Det har vore ei sann glede å samarbeide med nokon med så stor fagleg kunnskap og som ikkje minst har ein smittsam positivitet. Eg vil også rette ein stor takk til Giuliano D'Amico som var rettleiaren min i startfasen av prosjektet. Utan hans hjelp og oppmuntring ville nok ikkje prosjektet ha tatt den retninga det har i dag.

Det Norske Samlaget fortener særskild takk. Eg er svært takksam for å ha vorte tildelt Det Norske Samlaget sitt jubileumsstipend. Dette er ei stor ære og midlane har gjort det mogleg å realisere dette prosjektet. Dei tilsette ved Ivar Aasen-tunet og Nynorsk kultursentrum har bidrege med både nyttig informasjon og inspirasjon gjennom heile prosessen.

Brukarrettleiinga ved Nasjonalbiblioteket har tålmodig svart på alle spørsmåla mine, noko som har vore til stor hjelp. Kirsti Langstøy ved biblioteket på Høgskulen i Volda fortener ein takk for å ha hjelpt meg i startfasen av prosjektet. Thomas Gjerde har bidrege med verdifull informasjon og hjelp i innsamlingsprosessen av data, noko eg er svært takksam for.

Sist, men ikkje minst, ønskjer eg å rette ein stor takk til min flotte familie som har støtta meg heile vegen. Kjærasten min, Vegar Bakken Kobbevik, fortener særskild takk ettersom han har bidrege med moralsk støtte så vel som teknisk og språkleg.

Ålesund, 1. mai 2016

Helene Rødahl Fagermo

Innhaldsliste

Innleiing	6
Kapittel 1 - Bakgrunnsstoff og historisk bakteppe	11
1.1 Etableringa av nynorsk.....	11
1.2 Offentleg språkpolitikk	17
1.3 Organisering av omsettingsarbeidet i Noreg.....	23
1.4 «Eit sant mirakel» av Kjartan Fløgstad	29
Kapittel 2 - Metodisk bakteppe	33
2.1 Kvantitativ metode	33
2.2 Norbok og Oria	37
2.3 Nynorsk fatabok og Språkfakta	40
Kapittel 3 - Teoretisk bakteppe	43
3.1 Omsettingsteori	43
3.2 Nynorsk som minoritetsspråk	50
3.3 Den nynorske lesaren.....	52
3.4 <i>The Field of Cultural Production</i> av Pierre Bourdieu	55
3.5 <i>Theory of the Avant-Garde</i> av Peter Bürger	60
Kapittel 4 - Statistikk	65
4.1 Innsamlingsprosessen.....	65
4.2 Innleiande merknader	69
4.3 Tabellar og diagram	71
Kapittel 5 - Drøfting av funn opp mot teori	91
5.1 Tidsutvikling.....	91
5.2 Språk.....	95
5.3 Sjanger	101
5.4 Forlag	110
Avslutning	119
Litteraturliste	126

Innleiing

Denne masteroppgåva omhandlar nynorsk som skjønnlitterært omsettingsspråk. Den nynorske omsettingsverksemda er noko det har vorte meint mykje om i det offentlege ordskiftet dei siste åra. Ulike aktørar som forlag, forfattarar og omsettalar har tatt til orde for at dette er eit felt i djup krise. Det vert hevda frå fleire hald at språkleg fridom er mangelvare i nynorsk omsettingsverksemdu og nokre påstår dessutan at nynorske omsettingar er i ferd med å forsvinne. Målet med dette prosjektet er mellom anna å undersøke om det er hald i slike påstandar. Dette vil verte gjort ved å sjå på den faktiske praksisen i nynorsk omsettingsverksemdu frå år 1990 til 2010. Ettersom det er mangel på spesifikke og pålitelege data over nynorsk omsetting, vil ei kvantitativ undersøking av desse omsettingane vere ein viktig del av oppgåva. Desse tala vil verte henta ut frå databasen til Norbok. Det er derimot ikkje berre tal som er nyttige i denne samanhengen. Ein overordna påstand i denne oppgåva er at eit tankesett nedarva frå 1800-talet, er med på å påverke ordskiftet rundt omsettingsverksemdu, i tillegg til valet av bøker og måten desse vert profilert på. Kva dette tenkesettet inneber og korleis det er nedarva, er noko som vil verte presisert seinare i oppgåva. Eg har valt å kalle dette den mothegeomoniske arven, noko som vonleg signaliserer at situasjonen for nynorsk ikkje er den same som på 1800-talet, men at fleire viktige aktørar likevel er påverka av denne motkulturelle posisjoneringa sjølv i dagens samfunn. Dette prosjektet handlar altså om meir enn både mengdeforhold og spesifikke litterære tekstar, det handlar om korleis ulike aktørar er med på å forme ein sentral del av den nynorske skriftkulturen.

Tidsavgrensinga på 21 år i den kvantitative undersøkinga er ikkje tilfeldig. I artikkelen «Eit sant mirakel» hevdar Kjartan Fløgstad at det etter år 2000 skjer eit mirakel på den litterære fronten, nemleg at den nynorske skjønnlitteraturen går frå ein svært sterkt posisjon til å verte endå sterkare. Ved hovudsakeleg å sjå på korleis talet debutantar på nynorsk har utvikla seg, slår Fløgstad fast at nynorsk skjønnlitteratur aldri har stått sterkare. Interessant nok poengterer han at «på det feltet der det herskar språkleg demokrati og valfridom, er bruken av nynorsk i

sterk framgang» (Fløgstad 2012). Det er altså ikkje på alle felt dette «mirakelet» har inntreft, og omsett skjønnlitteratur er eit av desse felta. Fløgstad meiner at norske forlag ofte krev bokmål trass i ønsket til omsettaren. Det er derfor interessant å undersøke om dette stemmer eller om ein tvert imot kan spore ei liknande oppbløming som hjå nynorske debutantar også når det gjeld den omsette skjønnlitteraturen på nynorsk. Ved å velje ei tidsavgrensing som kan verte kopla til det Kjartan Fløgstad kallar ei viktig litterær utvikling, vert det mogeleg å sette tala frå den kvantitative undersøkinga i ein kontekst. Dette komparative elementet i prosjektet er nyttig ettersom det gjer oss i stand til å snakke om likskapar og skilnadar mellom dei to skjønnlitterære felta, nynorske debutantutgjevingar og nynorske omsettingar.

I ei oppgåve der målet er å kartlegge nynorsk som skjønnlitterært omsettingsspråk, er det kanskje overraskande at talmaterialet ikkje i større grad skal verte målt opp mot tilsvarende statistikkar for omsettingar på bokmål. Ei slik samanlikning kunne utan tvil ha gjeve nyttig informasjon om eventuelle likskapar og skilnadar mellom bokmål og nynorsk som omsettingsspråk, men dette krev oppdaterte og detaljerte statistikkar også over dei omsette bøkene på bokmål. Dette er det dessverre ikkje uproblematisk å få tak i, ettersom det i likskap med nynorsk er mangel på slike statistikkar. Ein måte å løyse dette problemet på, kunne vere å halvere tidsperioden til 10 år, slik at eg sjølv kunne innhente data over utgjevingane for både nynorsk og bokmål. Eit slikt alternativ inneheld derimot ei førehandstru om at nynorsk må kontrasterast mot bokmål for at ein skal få truverdig informasjon. Eg meiner tvert imot at resultata kan verte skeive dersom ein ikkje plasserer tala i riktig kontekst. Dersom nynorske omsettingar berre vert satt i samanheng med tilsvarende utgjevingar på bokmål, forstår ein ikkje mykje meir enn at det er snakk om ein stor mengdeforskjell mellom desse to omsettingsverksemndene. Samanliknar ein tala med nynorsk bokutgiving generelt får ein derimot meir nyanserte tal som seier noko om kva slags posisjon omsetting har innanfor den nynorske skriftkulturen. Når vi dessutan allereie har ein påstand om ei markant litterær vending på 2000-talet innan nynorsk litteratur, vert det faktisk mogeleg å måle utviklinga i nynorske omsettingar opp mot dette. Slik kan ein også snakke om ein eventuell trend eller dominerande retning innanfor den nynorske skriftkulturen som heilskap.

Opphavleg var planen å utføre manuelle søk i Nobok for å hente ut informasjon, men denne planen endra seg etter kvart som eg fekk meir kunnskap om andre metodar. Eit tips frå masterstudent i informatikk med hovudprofil i databasar og søk, Thomas Gjerde, synleggjorde dei mange fordelane ved ei automatisering av søket. Ein av dei største og mest opplagte fordelane er sjølvsagt at dette er tidssparande. Dette var likevel ikkje den viktigaste årsaken for min eigen del, ettersom ei automatisering også innebar ekstraarbeid i form av at eg måtte sette meg inn i programmering på eit heilt anna nivå enn det eg tidlegare har jobba med. Det eg sjølv ser på som den største gevinsten er at eit automatisert søk er langt meir verifiserbart enn eit manuelt. Når ein bruker programmering kan ein nemleg legge ved koda i oppgåva og dermed vise nøyaktig korleis talmaterialet har vorte henta inn, medan ein berre kan legge ved ein link til söka dersom ein søker manuelt. Ettersom eg i tillegg vart tilbydd hjelp frå Thomas Gjerde til å utforme koda, vart valet av automatisering enkelt.

Omsetting handlar om meir enn behovet for rein forståing. Omsetting kan òg handle om eit ønske om å kunne lese på eige morsmål og målform, trass i at ein forstår opphavsspråket. Denne dimensjonen kjem tydeleg til syne i Noreg, ettersom vi har to målformer som kan fungere som omsettingsspråk på norsk. Ulike aktørar i omsettingsverksemda må avgjere kva slags bøker vi har behov for på dei ulike målformene, og dette er ikkje berre knytt til offisiell kulturpolitikk. Desse avgjerslene er heller ikkje verdingytrale, med tanke på fleire aspekt ved verdiomgrepet. Det er fleire aktørar som er med på å bestemme kva slags litteratur og kva type tekstar som vert omsett, og eit sentralt spørsmål i denne oppgåva er kven desse aktørane ønskjer å vere og korleis dei oppfattar dei ovannemnde verdiane. Fokuset vil hovudsakeleg vere på forlag, men andre viktige aktørar vil også verte omtala. Sjølvoppfatning i form av uttalte mål og verdiar vil vere viktige stikkord i drøftinga rundt dei største forlaga i nynorsk omsettingsverksem, i tillegg til eventuelle *forskjellar* mellom forlag med ein klar «nynorsk-profil» og dei som ikkje har ein slik uttalt profil. Talmaterialet i denne oppgåva kartlegg derfor ikkje berre omfanget av nynorske omsettingar, men gjer oss òg i stand til å seie noko om forlaga og *kva slags* bøker som vert omsett til nynorsk. Diagramma inneheld dessutan informasjon om kva slags opphavsspråk og sjangrar som er mest vanleg, i tillegg til informasjon om forlag og språk- og sjangerfordeling over tid. Ei liste over alle utgjevingane

gjer det dessutan mogleg å snakke om enkeltverk, noko som mellom anna vil verte kopla til profilering og omtale i media. Alt dette er data som til saman kan gje viktig informasjon om tendensar innanfor den nynorske omsettingsverksemda.

Drøftingane i denne oppgåva vil støtte seg på eit historisk bakteppe som mellom anna omhandlar etableringa av nynorsk som skriftspråk. Vidare er tankar rundt dagens situasjon og minoritetsposisjonen til målforma viktige aspekt i oppgåva. Omsettingsteori har òg sjølvsagt ein naturleg plass i ei oppgåve som handlar om omsetting, og dei kritiske refleksjonane til Lawrence Venuti har vist seg som eit særleg nyttig utgangspunkt for diskusjon. Teoriane til Pierre Bourdieu og Peter Bürger er via stor plass i oppgåva, ettersom dei både framhevar aktørar i det litterære feltet, i tillegg til funksjonen til ulike tekstar. Refleksjonane til desse to teoretikarane utfyller kvarandre på ein god måte som er svært føremålstenleg med tanke på temaet i denne oppgåva. Der Bürger er svært konkret, er Bourdieu meir generell. Dette skal eg kome meir inn på og tydeleggjere i større grad etter kvart.

Sosiologen og antropologen Pierre Bourdieu (1930–2002) meiner at suksess i det litterære feltet ikkje berre er eit spørsmål om litterær kvalitet, men om makt. Dei ulike aktørane i feltet kjempar om definisjonsmakt og aktørar med mykje makt kan bidra til å kneble eller sensurere delar av den litterære produksjonen. Teoriane til Bourdieu er derimot ikkje uproblematiske og har vorte kritiserte for å vere både dystopiske og marxistiske. Likevel fungerer dei teoretiske hovudlinjene som eit nyttig springbrett til diskusjon, ettersom dei tydeleggjer at all litteratur, inkludert omsett skjønnlitteratur, er eit kulturelt produkt og at makt dermed er eit unngåeleg aspekt i denne samanhengen.

Kultursosiologen Peter Bürger (1936) er ein viktig teoretikar i debatten rundt avantgarde og modernisme. Bürger meiner at det er ein klar forskjell mellom modernisme og avantgarde, nemleg sjølvkritikk. Avantgarde-kunst vender seg ifølgje Bürger innover mot seg sjølv, og kritiserer sjølve institusjonen kunst. Modernisme derimot, er eit angrep på tradisjonelle

teknikkar og inneheld ikkje denne sjølvkritiske dimensjonen. Populær litteraturen ser han som ei falsk opphøgning av den litterære institusjonen. Teoriane til Peter Bürger gjer det altså mogeleg å diskutere «funksjonen» til ulike typar litteratur på ein meir konkret måte enn dersom ein berre opererer med det meir diffuse skiljet mellom høgkultur og lågkultur. Med bakgrunn i kategoriane til Bürger kan ein undersøke om den omsette skjønnlitteraturen som vert gjeven ut i dag hovudsakeleg representerer samfunnsmessige brot, innehold sterke sjangerkritikk eller er meir marknadsretta. Dette kan igjen seie noko om utgjevarane av denne litteraturen, altså aktørane i feltet.

Sidan konklusjonane i denne oppgåva ikkje berre vil basere seg på det reint kvantitative inneber dette også at andre kan bruke «mine» tal til å framheve heilt andre dimensjonar eller kome til andre konklusjonar. Dette er noko eg ser på som ein positiv «meirverdi» for talmaterialet og eg har derfor valt å ta omsyn til dette i inndeling av oppgåva. Den siste delen av oppgåva er inndelt i to hovudkapittel, der det eine tek føre seg dei statistiske framstillingane og kommentarar om kva talmaterialet er basert på, medan det andre kapittelet inneholder mine koplingar av talmaterialet opp mot teorien. Dette håper eg vil gjere det enklast mogleg å skilje det kvantitative frå det kvalitative, sjølv om det naturleg nok er umogleg å skilje desse dimensjonane heilt.

Drøftingane i denne oppgåva vil vonleg gje informasjon som kan bidra til eit meir nyansert bilet av korleis situasjonen er i dagens nynorske omsettingsverksemde, ved å skilje mellom uttalte intensjonar og den faktiske praksisen.

Kapittel 1 – Bakgrunnsstoff og historisk bakteppe

1.1 Etableringa av nynorsk

Jens Johan Hyvik hevdar i målsoga *Språk og nasjon 1739–1868. Norsk målreising I* at Ivar Aasen hadde eit omvendt danningsideal, nemleg at eliten skulle kome allmugen i møte og ikkje omvendt (Hyvik 2009: 303). Med dette plasserer Hyvik Ivar Aasen midt i den ideologiske krigføringa som gjekk føre seg under nasjonsbyggingsprosessen i Noreg på midten av 1800-talet. I det følgjande kjem eg til å undersøke tankane og ideologien bak målforma nynorsk, med utgangspunkt i mellom anna tokulturlæra, som er ei oppfatning frå 1850-åra om at det norske folket var delt i to kulturar. Det vil verte gjeve ein kort og forenkla gjennomgang av korleis nynorsk vart etablert, medan viktige hendingar og utviklingar som jamstellingsvedtaket i 1885 og samnorsktanken er tema som vil verte tatt opp i neste underkapittel. Hovudpoenget er her å illustrere den mothegeemoniske arven nynorsk ber med seg frå 1800-talet. Det er riktig nok viktig å ha i bakhovudet at når ein arbeider med historiske hendingar, har ein moglegheit til å sjå samanhengar som var lite synlege for dåtidas aktørar. Vi har i dag på mykje meir informasjon om nynorsk enn det Ivar Aasen hadde på si tid og det er uunngåeleg at dagens tolkingar er prega av nettopp dette. Ein må derfor vere klar over at situasjonen på 1800-talet kanskje ikkje var like einsidig eller statisk som det ein kan få inntrykk av i dag.

Historia startar som kjent med dansketida. Sjølv om den 400-årige unionen med Danmark tok slutt i 1814, fortsette likevel det danske skriftspråket å vere nærmast einerådande i Noreg fram til rundt 1850. Fleire hadde begynt å føle behovet for eit eige norsk skriftspråk på 1830-talet, men meiningane om korleis dette skriftspråket skulle verte utforma, var ulike. Dette er det ein kan kalle ei klassisk skulebok-forklaring av situasjonen, nemleg at det etter 1814 eksisterte brei semje om behovet for eit norsk skriftspråk. Gunnar Skirbekk er ein av dei som har tatt til motmæle mot denne type framstillingar av situasjonen. I essayet «Språkhistorie og symbolmakt» argumenterer han for at det rådande synet på 1800-talet heller var «status quo», altså å halde fram med dansk som skriftspråk (Skirbekk 2015). Skirbekk presiserer dessutan at

det på 1800-talet var fordelaktig for norske forfattarar å gje ut bøker i Danmark for å nå eit større publikum. Likevel var det altså fleire aktørar som på 1830-talet ønska å skape eit norsk skriftspråk. Henrik Wergeland var ein av desse. Wergeland ville bryte språkfellesskapet med Danmark ved å byggje eit sjølvstendig språk som var ei fornorsking av tradisjonell skriftdansk. P. A. Munch var ein av dei som var ueinige i dette og meinte at innblandinga av norske element i det danske språket var nyttelaust. Dersom ein ville ha eit norsk skriftspråk måtte ein gå til ei norsk dialekt og byggje på den (Indrebø 1951: 388-391). Gunnar Skirbekk meiner Henrik Wergeland i denne samanhengen var ein marginal figur. Ifølgje Skirbekk var det heller P.A. Munch som stod for det dominerande synet, nemleg at dansken ikkje burde og ikkje kunne fornorskast (Skirbekk 2015). Likevel starta altså arbeidet til både Knud Knudsen og Ivar Aasen på 1840- og 1850-talet, noko som skulle prege både språkdebatten og nasjonsbyggingsprosessen framover.

Knud Knudsen ønska som kjent ei fornorsking av dansken, medan Ivar Aasen ville fokusere på det norske talemålet og bruke dette som eit utgangspunkt for etableringa av eit skriftspråk. Desse ulike synspunkta var på ingen måte uproblematiske og utvikla seg etter kvart til ein strid som skulle handle om meir enn berre ulike framgangsmåtar. Striden handla mellom anna også om at det danske skriftspråket vart sett på som danna og var forbunden med eliten, medan det norske talemålet måtte kjempe mot fordommar om det udanna. Arne Garborg ser tilbake på situasjonen på følgjande måte:

For at Forvirringen kunde blive fuldstændig, udbrød der ogsaa Krig mellem de to Norskredsretninger indbyrdes. Knudsenmænd og Aasenmænd sloges, saa Fillerne drev, Veienes Forskjellighed gjorde, at det fælles Maal altfor ofte kom de kjæmpende af Syne. Wergelands Samlingstanke havde foreløbig splittet Nationen, hvad der dog kun vil sige, at de faktisk forhaandenværende Modsætninger var komne for en Dag (Garborg 1897: 127).

Usemjå var stor, men Garborg meinte altså at det låg eit felles mål bak striden, nemleg eit sjølvstendig norsk skriftspråk framfor det danske. Arne Garborg gjev dessutan ros til både Knudsen og Aasen for å halde fram med arbeidet trass i stor usemje. Resultatet vart som kjent ikkje berre eitt sjølvstendig norsk skriftspråk, men to ulike målformer av same språk, ei

løysing som har skapt kontroversar heilt fram til i dag. I 1897, etter både Knud Knudsen og Ivar Aasen sin død, hevda Arne Garborg at det eine var eit norsk språk som ikkje endå var eit utforma norsk kulturmål, medan det andre var eit kulturmål som ikkje endå var sjølvstendig norsk (ibid.). Allereie på slutten av 1800-talet var det altså tydeleg at forskjellane mellom målformene ikkje berre handla om ulik framgangsmåte, men om ideologi.

Dei ulike ideologiske tankesetta bak dei to målformene kan forklarast utifrå tokulturlæra. Ifølgje Jens Johan Hyvik eksisterte det frå 1850-åra ei oppfatning om at det norske folket var delt i to kulturar. På den eine sida stod den tradisjonelle overklassen og på den andre sida stod bondebefolkninga. Hyvik presiserer at dette i samtida ofte vart omtala som ei «kløft» i det norske samfunnet (Hyvik 2015). Oppfatninga av ei slik kløft var ikkje ny, men bygde på eldre førestellingar. Det nye ved inndelinga var ifølgje Hyvik vektlegginga av kulturelle og nasjonale skilnadar i den norske befolkninga (ibid.). Dei språklege tilhøva i landet stod her sentralt, og sjølv om det eksisterte eit ønske om eit sjølvstendig norsk skriftspråk, eksisterte det altså òg fordommar mot det norske talemålet. Dette stoppa likevel ikkje Ivar Aasen frå å starte ei undersøking i 1837 av si eiga dialekt. Aasen kom fram til at denne sunnmørske dialekten ikkje har vakse fram frå dansken, men frå gammelnorsken. I 1841 drog han ut for å samle dialektprøver frå Solnør til Bergen, noko som vart starten på eit omfattande innsamlingsarbeid. I 1848 vart *Det norske Folkesprogs Grammatikk* gjeven ut, og i 1850 vart denne etterfølgt av *Ordbok over det norske Folkesprog*. Sjølv om dette var viktige verk, påpeiker Hyvik at det er vanleg å rekne verket *Prøver af Landsmaalet i Norge* frå 1853 som den framstillinga der Aasen lanserte landsmålet som bruksmål. Landsmålet stod no fram som eit kodifisert skriftspråk (Hyvik 2009: 291–292). Hyvik meiner òg at ein etter 1850 kan sjå ei viktig utvikling i Ivar Aasen sin retorikk, nemleg at han «i aukande grad definerer prosjektet sitt som eit opposisjonelt eller motkulturelt prosjekt i høve til den norske eliten og den tradisjonelle oppfatninga av danning» (ibid.).

Ivar Aasen trossa altså fordommane mot det norske talemålet ved å starte dialektundersøkingar. Aasen valte deretter å knyte landsmålet opp mot det folkelege og

bondestanden, framfor å underkommunisere denne dimensjonen. Jens Johan Hyvik meiner at landsmålet slik sett vart ein «aktiv agent for eit breiare ideologisk program som tok utgangspunkt i allmugen» (Hyvik 2009: 303). Landsmålet fungerte som ei slags alternativ nasjonsbygging, ettersom det symboliserte ei sosial og kulturell sjølvdefinering i motsetnad til det eksisterande språket og eliten (ibid.). Hyvik meiner derimot at ein skal vere forsiktig med å konkludere med at landsmålet dermed var ei folkereising frå første stund. Det var den ikkje. Målsaka fengde slett ikkje alle bønder, og ifølgje Hyvik var det sterkeste landsmålsmiljøet før 1868 i Kristiania, altså i eit bymiljø framfor i distrikta (ibid.: 355). Jens Johan Hyvik går likevel så langt som å argumentere for at Ivar Aasen var sentral i *utforminga* av tokulturlæra (Hyvik 2015). Dette er viktig ettersom tokulturlæra strekkjer seg utover målstriden. Tokulturlæra vart eit slags uttrykk for ein folkeleg frigjøringsideologi, der tilhengarane ønska å gje fleirtalet av det norske folket og bøndene kulturell makt (ibid.). Som eg nemnte innleiingsvis, meiner altså Hyvik at Ivar Aasen var ein representant for dette omvendte danningsidealet, der eliten skulle tilpasse seg folket. Ettersom språkstriden utgjorde ein svært sentral del av nasjonsbyggingsprosessen og Aasen dessutan enda opp med å få gjennomslag for fleire av sine idear, vart han altså ein svært viktig aktør i *utforminga* av tokulturlæra.

Stephen Walton er inne på noko av det same som Jens Johan Hyvik når han i biografien *Ivar Aasens kropp* frå 1996 argumenterer for at det overordna kulturpolitiske siktemålet med *Prøver af Landsmaalet i Norge* var å reise ein kategori som han kallar «den landlege danninga». Denne utgjorde ifølgje Walton eit mothegemonisk motstykke til den vidjetne «borgarlege danninga» (Walton 1996: 436). Walton nyttar altså hegemoni-omgrepet for å skildre siktemålet til Aasen. Hegemoni heng saman med makt og dominans, og handlar i denne samanhengen om kultur. Den italienske filosofen og marxistiske teoretikaren Antonio Gramsci definerte på 1930-talet hegemoni som eit kulturelt leiarskap som vert utøvd av ein herskande klasse (Gramsci 1973). Gramsci nemner mellom anna språk som eit døme og påpeiker at språk ikkje er statisk, men noko som forandrar seg med endringar i sivilisasjonen som heilskap. Dette kan til dømes kome til uttrykk ved at eit nasjonalspråk får hegemoni over andre (Gramsci 1992). Eit mothegemoni vert dermed ein slags motkultur som posisjonerer seg i opposisjon til den hegemoniske makta. Den borgarlege danninga utgjorde ifølgje Walton

ein hegemoni på 1800-talet i Noreg, og den landlege danninga posisjonerte seg mothegeemonisk i forhold til denne. Poenget til Aasen var ifølgje Walton å vise at landsfolket hadde ei kulturform som i seg sjølv hadde verdi, men som òg kunne verte utvikla vidare til å danne grunnlaget for ei kulturform som gjaldt heile landet og i alle samanhengar (Walton 1996: 436). Walton meiner at denne trua på normalmålet var avleidd av eit verdssyn som var logosentrisk. Aasen oppfatta nemleg ikkje berre språket som eit uttrykk for straumdrag i historia, men meinte at språket og orda var ein maktfaktor i seg sjølv. Språket var det som heldt allmugen nede, men det var òg det som på sikt kunne lausrive dei (ibid.: 490).

Det er usemje blant språkforskarar om Ivar Aasen *fann* eit skriftspråk, *konstruerte* eit skriftspråk eller skapte ein *rekonstruksjon*. Dersom ein gjev Hyvik og Walton rett i at Aasen hadde eit overordna kulturpolitisk siktemål, kan ein nok vanskeleg snakke om at Aasen berre var ein nøytral formidlar av eit skriftspråk han fann gjennom sine undersøkingar. I motsetnad til P. A. Munch ville ikkje Ivar Aasen byggje det nye landsmålet på éi dialekt, noko som resulterte i det omfattande innsamlingsarbeidet av dialektpørver. Det er eit velkjent syn at Aasen på denne måten konstruerte eit nytt norsk skriftspråk. Dette perspektivet har derimot vorte utfordra av Einar Haugen, som meiner at Ivar Aasen heller rekonstruerte eit språk. Haugen meiner at Aasen hadde eit verdihierarki i sitt arbeide, der dialektane kom i første rekke, deretter det norrøne språket, og endeleg sisterspråka. Innanfor dialektane hadde Aasen også eit hierarki, av meir eller mindre «ekte» dialektar, etter i kor stor grad dei heldt på dei strukturelle reglane i det eldre språket (Haugen 1963: 167–168). Det mest ekte avkomet etter det norrøne språket var den vestlege gruppa, medan den austlege gruppa stod nærmare svensk og dansk. Einar Haugen har altså ikkje fokus på eit eventuelt overordna kulturpolitisk siktemål, men heller eit verdihierarki innan skriftspråket sjølv. Dersom vi gjev Haugen rett i dette, kan vi snakke om eit tydeleg verdigrunnnlag både med tanke på normering og siktemål. Haugen legg større vekt på koplinga til det norrøne språket enn det som har vore hovudtendensen i forskinga på landsmålet, og han meiner derfor at landsmålet kan identifiserast som ein rekonstruert, klassisk standard. Einar Haugen presiserer likevel at Ivar Aasen sjeldan tok opp former frå det norrøne som ikkje hadde nokon verkeleg plass i bygdemåla. Hovudsiktemålet ser ut til å vere ei framheving av Ivar Aasen sine ferdigheiter

som språkplanleggar, som Haugen meiner har vorte underkommunisert på grunn av det store fokuset på striden mellom landsmål og riksmål, i tillegg til den innbyrdes striden om korleis landsmålet skulle verte utforma.

Det eksisterer ikkje berre usemje rundt det kulturpolitiske siktemålet til Ivar Aasen, men òg rundt kor mykje denne dimensjonen skal verte vektlagt. Einar Haugen meiner til dømes at ferdigheitene til Aasen som språkplanleggar bør framhevast i større grad. Reidun Høydal er ei av dei som tek til orde for at språkstriden må sjåast i samanheng med den overordna nasjonsbyggingsprosessen. Høydal argumenterer for at dei ideologiske forskjellane mellom dei to målformene gjer seg gjeldande også etter Ivar Aasens død. I «Folkedanning? Landsgymnaset som mothegeemonisk danningsprosjekt» hevdar ho at landsgymnaset på starten av 1900-talet var eit ledd i den norske nasjonsbyggingsprosessen og at landsmålet her var det samlande punktet. Poenget med landsgymnaset var å gje lettare tilgjenge til eksamen artium for ungdom i bygde-Noreg. Denne lærdomskulturen har vorte karakterisert som «folkeleg» og Høydal stiller spørsmål ved korleis dette er mogleg. Ho meiner at «svaret ligg i norsk – og ikkje minst nynorsk – doxa, knytt til førestillinga om at det finst to antagonistiske kulturar i Noreg, den såkalla to-kulturlæra» (Høydal 2003: 366). Hovudpoenget til Høydal er at landsmålet, og etter kvart målrørsla, «formulerete seg mothegeemonisk innanfor ein hegemonisk diskurs der det borgarlege danningsprosjektet var eit overordna, strukturerande element, og at dette prega heile norskdomsrørsla meir enn ettertidas resepsjon har klart å fange inn» (ibid.: 369). Det som seinare skulle verte bokmål og nynorsk vart altså symbol på noko større enn skriftspråk.

Hovudpoenget med denne gjennomgangen av etableringa av nynorsk har vore å synleggjere at målstriden handla om meir enn ulike framgangsmåtar og normering. Målformene vart òg representantar for ulike tankesett og ideologiar. Det er slik sett eit velkjent syn at nynorsk posisjonerte seg på ein spesiell måte, anten ein vel å forklare dette med omgrep som tokulturlæra eller hegemoni og mothegeemoni. Likevel finst det sjølvsagt dei som er ueinige i dette. Gunnar Skirbekk påpeiker med snert at det ikkje var noko spesielt ved framgangsmåten

til Ivar Aasen, ettersom liknande har vorte gjort i fleire andre land, som til dømes i Makedonia og Slovakia (Skirbekk 2015). Tvert imot var det prosjektet til Knud Knudsen som var spesielt, sidan det ikkje finst liknande døme på dette. Som Skirbekk påpeiker: «Ingen har tenkt tanken om å ukranisere det russiske skriftspråket steg for steg, for så å kalle resultatet ukrainsk» (ibid.). På finurleg vis får Skirbekk dermed fram at resultatet av arbeidet til Ivar Aasen burde kunne brukast med den største sjølvfølgje. Han konkluderer med å skildre bokmål på følgjande måte:

Det at eit skriftspråk gradvis kan forandre seg på denne måten, slik at det etter kvart blir eit nytt språk, er heilt eineståande. At denne strategien omsider vart vald og gjennomført, kan berre forklarast ut frå eit sett av særegne vilkår – sosiale og politiske forhold så vel som forholdet mellom språka. Kort sagt: Det er bokmålet som er det uvanlege og spesielle, ikkje nynorsken (ibid.).

Uansett korleis ein vel å sjå forholdet mellom bokmål og nynorsk, er tankegodset frå 1800-talet ein arv målformene ber med seg sjølv i dag. Ideologi er derfor noko ein vanskeleg kjem utanom når ein skal diskutere posisjonen til dei to målformene i dagens samfunn.

1.2 Offentleg språkpolitikk

Reidun Høydal hevdar at landsmålet heldt fram med å vere eit mothegeemonisk prosjekt sjølv etter Ivar Aasen sin død. I det følgjande vil eit utval av ulike politiske vedtak og utviklingar innan målrørsla frå 1885 og fram til i dag verte diskutert. Diskusjonen vil vere sentrert rundt kor viktig offentlege vedtak og økonomisk stønad har vore og er for nynorsk, i tillegg til korleis dette kan koplast til det ein kan kalle den mothegeemoniske arven eller posisjonen til målforma. Offentleg språkpolitikk er derimot ikkje eit omgrep ein kan ta for gjeve, og gjennomgangen vil derfor begynne med ein diskusjon om vi kan snakke om ein offentleg språkpolitikk i Noreg.

Språkforskaren Kjell Ivar Vannebo stilte i 2002 spørsmål ved om vi eigentleg har ein språkpolitikk i Noreg. I artikkelen «Har vi språkpolitikk i Norge?» poengterer han at dei aller

fleste utan vidare vil svare ja på dette spørsmålet. Vannebo meiner dette kjem av at vi i Noreg har ein spesiell språksituasjon med to offisielle skriftspråknormaler. I tillegg har vi fleire ulike språkorganisasjonar og det er til stadigheit offentlege diskusjonar om språk og språksituasjonen i Noreg. Dessutan har det norske språket vorte normert gjennom ei rekke rettskrivningsreformer gjennom mellom anna heile 1900-talet. Likevel meiner altså Vannebo at det er legitimt å stille spørsmål ved om vi har språkpolitikk i Noreg. Dette grunngjev han på følgjande måte:

Er det mulig å snakke om en norsk språkpolitikk på samme måte som vi kan snakke om en norsk utenriks- eller forsvars politikk? Har vi en språkpolitikk som er forankret i brede lag av befolkningen, og som er forpliktende for statlige prioriteringer og beslutninger? [...] Eksisterer det i det hele tatt en bevisst holdning hos våre politikere om den *verdien* som både norsk (bokmål og nynorsk), samisk og de mange andre språka som vi har i dagens Norge, representerer? Nettopp fordi Språkrådet mener at svara på disse spørsmåla gjennomgående er negative, ble det på årsmøtet i februar vedtatt et forslag om å oppnevne en språkkommisjon for å utforme en nasjonal språkpolitikk. Målet er å få en utredning som er tilpasset dagens - og helst også morgendagens - norske samfunn (Vannebo 2002).

Kjell Ivar Vannebo meier altså at det i 2002 framleis var eit stykke å gå før ein kunne snakke om ein ordentleg språkpolitikk i Noreg. Verdien av den mangfoldige språksituasjonen i Noreg er noko Vannebo meiner ikkje vert framheva nok. Sjølv om vi kanskje ikkje kan snakke om norsk språkpolitikk på same måte som vi snakkar om norsk utanriks- og forsvars politikk, finst det likevel mange døme på ulike språkpolitiske vedtak i offentleg regi. I det følgjande skal vi sjå kort på nokre av desse, med spesielt fokus på nynorsk.

1885 er eit viktig årstal når ein skal diskutere den spesielle språksituasjonen i Noreg. Jamstellingsvedtaket i 1885 fastslo at landsmål var eit offisielt skriftspråk i Noreg, på lik linje med riksmål. Det er altså først på dette tidspunktet at Noreg formelt fekk to skriftspråknormaler. Lingvisten Marius Hægstad kalla dette «den fyrste store siger for det norske mål på det politiske umkverve, og den drog mykje etter seg» (Hægstad 1914: 4). I «Norske måltilstand 1814–1914» syner Hægstad at noko av det dette vedtaket drog med seg var viktige reformer i skulen. I 1892 vart det lovfesta at skulekrinsar skulle få velje mellom dei to skriftspråka som opplæringsmål i folkeskulen. Nokre år seinare, i 1901, vart det fastsatt

skriftleg prøve i landsmål i lærarskulen. I 1907 vart det same fastsatt ved artium. I 1908 vart skriftspråka jamstelte ved embetseksamen (ibid.). Det politiske vedtaket frå 1885 fekk altså store og positive konsekvensar for landsmålet, ettersom det ga lovfesta rettar som har gjort seg gjeldande heilt fram til i dag. Det å få landsmålet inn i skulen var eit av dei viktigaste tiltaka for å sette jamstellinga ut i praksis og vi opererer som kjent framleis med begge målformene i skulen, sjølv om inndelinga i hovudmål og sidemål ofte er oppe til debatt.

Normering skulle vise seg å verte eit viktig kampmiddel i målstriden. I 1901 fekk landsmålet si første offisielle rettskriving. Denne vart kalla Hægstad-normalen etter den ovanemnte lingvisten Marius Hægstad. Dette var ein forholdsvis konservativ normal som var nært bunden opp mot Aasen-normalen. Rundt same tidsperiode gjekk det føre seg ei fornorsking av riksmålet. I *Hovuddrag i norsk språkhistorie* poengterer Arne Torp og Lars S. Vikør at «1907-rettskrivinga var den definitive markeringa av at det som frå da av vart kalla *riksmål* var eit *norsk* skriftspråk som skulle normerast på grunnlag av *norsk* talemål – nemleg det høgare talemålet i byane» (Torp og Vikør 1994: 123). Dette er noko av bakgrunnen for tilnærningspolitikken som vaks fram etter 1908. Sjølve tanken om samnorsk var ikkje ny, men ideen vart først konkretisert i 1908 da det vart satt ned ein komité som skulle greie ut korleis ein slik politikk kunne verte gjennomført. Dette vart ein mangeårig prosess som til slutt enda med ei omfattande rettskrivingsreform i 1919 (ibid.). Denne vart igjen endra ved innføringa av ein ny reform som vart satt ut i livet i 1938. Torp og Vikør forklarer resultatet slik: «Resultatet var at nynorsken fekk ein meir allmennorsk utsjånad, mens bokmålet fekk eit svært avstikkande preg i forhold til det talemålsgrunnlaget det til da hadde basert seg på» (ibid.: 124–125). Denne gjennomføringa vart derimot forseinka på grunn av andre verdskrig.

Ved krigens slutt vart 1938-rettskrivinga offisielt innført igjen. Dette betydde derimot ikkje at språkstriden var over. Språkstriden vart tvert imot svært betent og var med på å prega femtiåra. Foreldreaksjonen er eit velkjent fenomen som syner dei sterke kjenslene som var involvert. I 1949 starta fleire foreldre i Oslo og Bærum ein protest mot språket i lærebøkene til borna sine. Gunnar Skirbekk kallar denne foreldreaksjonen for «foreldreaksjonen for eit

dansknært språk» ettersom dei mellom anna protesterte mot hokjønnsformer og samnorsktanken (Skirbekk 2015). Riksmålforbundet slutta seg til protesten og saman klarte dei å samle inn fleire hundretusen underskrifter i 1953. Ordskiftet var svært hardt og debatten vart prega av symboltunge protestar som «retting» av skulebøkene og bokbrenning. Skirbekk påpeiker at det ikkje er noko uvanleg ved at det eksisterte ulike meininger rundt fornorskingsprosessen, men at fokuset i dag bør være på symbolmakta i denne striden. Han underbyggjer dette på følgjande måte:

Kulturstriden omkring nasjon og klasse er velkjend frå 1800-talet. Det interessante er dette: at riksmålsaktivistane fekk så stort og langvarig gjennomslag; at riksmålsaktivistane ikkje innsåg (eller ikkje brydde seg om) at dei samtidig såra og stigmatiserte folk som brukte ord og former som riksmålsaktivistane oppfatta som ufyselige og vulgære; og at riksmålsaktivistane ikkje ville (eller kunne) innsjå at det finst mange slags makt, ikkje berre i staten og hos dei folkevalde, men også i marknaden, i sosial status og i sosiale nettverk, og som definisjonsmakt (ibid.).

Gunnar Skirbekk ser altså på foreldreaksjonen som ei vidareføring av den ideologiske krigføringa på 1800-talet. Skirbekk stiller òg spørsmål ved kvifor det eksisterer så lite samfunnsvitskapeleg forsking på nettopp dette. Han meiner at aktørane på denne måten har fått utøve makta i fred, og i dette ligg det dessutan ei insinuering om at denne type retorikk og diskriminering vert godtatt også i dagens samfunn.

Den store usemja og dei sterke protestane var medverkande til at Norsk språknemnd vart oppretta i 1952. Nemnda fekk i oppdrag å revidere rettskrivinga på nytt. Det var derimot først på sekstitallet at debatten byrja å roe seg, etter at Vogt-komiteen kom med aktive tiltak for å dempe konflikten. I 1972 vart Språknemnda erstatta med Norsk språkråd, og dei gjekk i gang med ei rettskriving som skulle gå langt i å imøtekommе den tidlegare kritikken. Norsk språkråd har heilt fram til i dag vore eit organ med eit uttalt mål om å arbeide for å sikre det språklege demokratiet i Noreg. Mållova frå 1930 fastsette at alle statstilsette som var født etter 1905 skulle kunne ta i bruk begge målformer. Dette var med på å sikre rettane til norske språkbrukarar, ettersom det gav dei rett på informasjon og kommunikasjon på begge målformer (Torp og Vikør 1994: 206). I 1980 vart Mållova avløyst av Loven om målbruk i offentleg teneste, som har same føremål og verkeområde. Slike rettar har symbolsk betydning,

men det aller viktigaste må vere at dei vert gjennomførte i praksis. Språkrådet er her ein viktig aktør ettersom det samarbeider med offentlege og private aktørar om språkpolitiske tiltak, mellom anna med fordelinga av nynorsk og bokmål i staten.

Intern organisering er eit aspekt ein vanskeleg kjem utanom når ein skal diskutere målstriden i Noreg. Språklege organisasjonar for ulike standpunkt gjer seg gjeldande sjølv i dagens samfunn kor begge målformene er offisielle. I 1906 vart Noregs mållag stifta, ein organisasjon beståande av målfolk frå heile landet. Organisasjonen vart ein viktig representant for målrørsla i ordskiftet rundt språksituasjonen i Noreg, og er det den dag i dag. Noregs mållag arbeider for at nynorsk skal verte jamstelt med bokmål på alle områder. Dette gjer dei i dag hovudsakeleg gjennom kampanjar, tidsskrift og utdeling av prisar. «Motstykket» til denne organisasjonen er Riksmålsforbundet som vart stifta i 1907. Begge organisasjonane er aktive i dag, men dei er ikkje dei einaste som er med på å styre det offentlege ordskiftet. Ein anna viktig aktør ein ikkje kjem utanom når ein skal diskutere den interne organiseringa til nynorsk er Det Norske Samlaget som vart stifta allereie i 1868. Torp og Vikør presiserer at forlaget starta som eit samtalelag og ei pressegruppe for landsmålet, men at bokutgjeving alt frå starten var ei viktig oppgåve for laget (Torp og Vikør 1994: 168). Det Norske Samlaget har sidan vore eit viktig bindeledd mellom staten og målrørsla, og har ein eigen post på statsbudsjettet.

Økonomiske stønader frå det offentlege til framheving av nynorsk kan virke som eit paradoks når ein er klar over den mothegemoniske arven til målforma. Når nynorsk historisk sett har posisjonert seg mothegemonisk, framstår det noko sjølvmotseiande at dei likevel ønskjer økonomisk hjelp frå det ein kan kalle sjølve symbolet på den hegemoniske makta, nemleg offentlege myndigheiter og staten. Likevel er dette altså tilfellet, og ein finner liknande tendensar også på andre felt i det norske samfunnet. Naturvernorganisasjonar er til dømes ofte svært kritiske til offentlege myndigheiter sin politikk, men søker gjerne økonomisk stønad frå same instans. Trass i dette sjølvmotseiande aspektet er altså dette vanleg praksis i det norske samfunnet. Frå staten si side er nok dei økonomiske stønadene sett på som eit verkemiddel for

å oppretthalde ein allsidig skriftkultur. For ei målform med det ein kan kalle ein minoritetsposisjon kan økonomisk stønad vere kjærkomen. Om dei ulike stønadene fungerer, er derimot eit anna spørsmål.

Innkjøpsordningane for litteratur er eit døme på stønadsordningar det er usemje om verknaden til. I 1965 vart Norsk kulturråd oppretta av staten og innkjøpsordningane for bøker på norsk vart til. Sidan den tid har det vorte oppretta seks slike ordningar. Norsk kulturråd kjøper inn bøker og fordeler desse på biblioteka i landet. I *Språkfakta 2010* hevdar Ottar Grepstad at desse innkjøpsordningane har hatt størst innverknad på utgjevingane på bokmål, framfor nynorsk. Ifølgje tala i *Språkfakta 2010* vert det kjøpt inn fleire bokmålsbøker i dag enn i 1960-åra, trass i den store litterære produksjonen på denne målforma. Det er ikkje dermed sagt at denne ordninga er heilt unyttig for nynorsk utgjeving, men det er tydeleg at den ikkje fungerer heilt optimalt. Det finst ei eiga innkjøpsordning for omsett skjønnlitteratur som sjølvsagt er spesielt interessant for denne oppgåva. Innkjøpsordninga for omsett skjønnlitteratur er selektiv, noko som betyr at det er budsjettet som avgjer kor mange omsette bøker som kan verte kjøpt inn årleg. Kulturrådet tek likevel sikte på å kjøpe inn rundt 125 titlar i året, fordelt på både unge og vaksne leserar (Kulturrådet 2016). Ordninga gjeld for omsettingar både på nynorsk og bokmål, men spesifiserer ikkje noko mengdeforhold mellom dei to målformene.

Forlagssjefen i Skald forlag, Simone Stibbe er ein av dei som har tatt til orde for viktigheita av innkjøpsordninga av bøker. Stibbe meiner at kutt i Kulturrådets innkjøpsordning kan få store negative konsekvensar. Ho meiner at slike kutt ikkje berre trugar den nynorske litteraturen generelt, men den omsette litteraturen spesielt. I 2014 uttala ho følgjande til Dagsavisa:

Allerede er oversatt nynorsk litteratur i ferd med å forsvinne. På oversatt litteratur har man begrensninger for hvor mye som kan kjøpes inn. Da tør ikke forlagene å satse på oversatt nynorsk litteratur. Vi og Samlaget gjør det i ny og ne, men da har vi innkalkulert at vi vil gå i minus. Produksjonen av oversatte titler har derfor gått enormt ned (Sivertsen 2014).

Dette sitatet synleggjer at offentlege språkpolitiske vedtak kan være avgjeraande for spesifikke felt som omsett skjønnlitteratur på nynorsk. Om situasjonen for omsett skjønnlitteratur på nynorsk er like kritisk som Simone Stibbe skildrar er noko eg kjem tilbake til seinare i oppgåva.

Sjølv om Kjell Ivar Vannebo meiner at Noreg ikkje har ein offentleg språkpolitikk på lik linje med til dømes utanriks- og forsvars politikken, er det ingen tvil om at offentlege reguleringar og økonomiske stønadsordningar har hatt, og framleis har, stor påverkingskraft. På eit overordna nivå er det snakk om språkpolitiske avgjersler som fører til praktiske val, som igjen er med på å skape haldningar i samfunnet. Stønadsordningar kan likevel få heilt konkrete konsekvensar. Eit døme på dette er pressestøtta, som er eit økonomisk bidrag frå staten til norske aviser. Dag og Tid, som er ei avis med ein uttalt målpolitisk profil, auka opplaget betrakteleg etter å ha mottatt årleg stønad. Offentlege språkpolitiske vedtak er altså tiltak som kan vere heilt naudsynlege for aktørane. Dette gjeld ikkje berre for den nynorske skriftkulturen generelt, men òg spesifikt for omsett skjønnlitteratur på nynorsk. Sjølv om dette nok kan få konsekvensar i forhold til *mengdeomfang*, er dette slett ikkje den einaste faktoren som er med på å avgjere *kva slags* bøker som vert omsett til nynorsk. Her kan tankar rundt målgruppe og sjølvoppfatninga til aktørane vere minst like viktig.

1.3 Organisering av omsettingsarbeidet i Noreg

Når vi no skal gå over til å snakke spesifikt om omsetting er det viktig å poengtere at norsk som omsettingsspråk handlar om meir enn berre skjønnlitteratur. Omsettingar av fagbøker og tekstar på internett, i tillegg til teksting av utanlandske tv-program og filmar er minst like viktige for norsk som bruksspråk. Denne oppgåva tek altså føre seg berre ein liten del av norsk som omsettingsspråk, både med tanke på målform og sjanger. Det er likevel snakk om ein viktig og synleg del av dette feltet. Fokuset i denne oppgåva er heilt spesifikt på nynorsk, sjølv om bokmål som omsettingsspråk til tider er brukt som kontrastering. Ut frå dette perspektivet er det interessant at organiseringa av omsettingsverksemda i Noreg hovudsakeleg

er basert på teksttype, framfor målform. Skjønnlitterære omsettarar har organisert seg i *Norsk Oversetterforening*, medan fagspråklege omsettarar har organisert seg i *Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening*. Omsettarar innan audiovisuelle media er organisert i *Norsk audiovisuell oversetterforening*. Noreg har også ei eiga omsettarforeining for statsautoriserte omsettarar som heiter *Statsautoriserte translatørers forening*. Nokre omsettarar utfører fleire typar omsetting og kan slik sett vere medlemmar av fleire foreiningar, men skiljet mellom teksttypar er likevel svært tydleg når det kjem til organiseringa av omsettingsarbeidet i Noreg. Spørsmål om målform kjem i skuggen av dette, noko som vert tydleg berre ved å sjå på namna til foreiningane, som alle er på bokmål.

Målet med dei ulike foreiningane er hovudsakeleg å bringe medlemmane saman og skape eit godt fagleg miljø. I tillegg er ein av dei viktigaste prioriteringane å sikre rettane til medlemmane fagleg og økonomisk. Nokre av foreiningane tilbyr i tillegg stipend eller andre formar for stønadsordningar. Foreiningane har også ein eigen dialog seg imellom, som mellom anna består av deltaking i *Oversetterforumet*. *Oversetterforumet* vart stifta i 2006 og fungerer som eit kontaktforum for samarbeid der det er naturlig, i tillegg til når foreiningane har samanfallande interesser og kan få til løysingar i fellesskap (Tolkeforeningen 2016). Det kan vere verdt å nemne at det også her er snakk om eit namn på bokmål framfor nynorsk. Eit anna viktig bindeledd i organiseringa av omsettingsverksemda i Noreg er NORLA, Senter for norsk skjønn- og faglitteratur i utlandet. NORLA er finansiert gjennom Kulturdepartementet og målet for organisasjonen er å fremme norsk litteratureksport gjennom promosjonsarbeid og ved å tilby stønadsordningar for omsettingsprosjekt. NORLA står for Norwegian Literature Abroad og namnet er slik sett nøytral i forhold til målform, men det må nemnast at nettsida til organisasjonen er på bokmål i likskap med dei andre foreiningane.

I takt med at omsetting har gjort seg gjeldande som eit eige fagfelt har også statusen og prestisjen til omsettingsarbeid auka. Dette har gjort seg synleg her til lands gjennom eit utvida utdanningstilbod, i tillegg til fleire stønadsordningar og fagprisar. Sylfest Lomheim påpeiker i *Omsetjingsteori* at det først var i 1975 at Noreg fekk ei formalisert grunnutdanning for

omsettalar. Dette var eit treårig studium ved Agder distriktshøgskule i Kristiansand, som tok sikte på å gje ei basisutdanning for ikkje-litterært omsetjingsarbeid (Lomheim 1989: 33).

Dette var fleire tiår etter at ein begynte med statsautorisering av translatørar. *Statsautoriserte translatørers forening* vart til dømes stifta allereie i 1913. I seinare tid har fleire utdanningstilbod kome på bana, men translatøreksamen eller autorisasjonsprøve i omsetting er framleis ein føresetnad for å få løyve som statsautorisert translatør. Det er ingen formell utdanning eller pensum som ledar til denne prøva, men ein må ha dokumentert minimun treårig høgare utdanning på universitets- eller høgskulenivå. Konsekvensen av dette er at omsettalar kan ha svært ulikt utdanningsløp.

Målform er i liten grad tematisert i forskriftene for autorisasjonsprøva i omsetting. Prøva består av to delar, ein heimeeksamen og ein skuleeksamen. Kandidatane vert testa både i omsetting frå norsk til framandspråket, og frå framandspråket til norsk. Teksttypane er både allmennspråklege og fagspråklege. Under forskriftene for skuleeksamen står det spesifisert at «under prøve 1 kan begge målformene forekomme» (Lovdata 2016). Dette indikerer at translatørane må beherske begge målformene i det norske språket, men at dette berre er ein liten del av prøva eller noko som ikkje vil «forekomme» i det heile. Det er også viktig å poengtere at det i prøve 1 er snakk om omsetting frå norsk til framandspråket, og ikkje omvendt. Skrivekyndigkeit i begge målformer er derfor noko ein vanskeleg kan seie vert tematisert i desse forskriftene, ettersom kravet berre er at kandidatane skal kunne lese og forstå tekstar på begge målformer.

Den stadig aukande teknologiske utviklinga i verda er eit uunngåeleg tema også når ein diskuterer omsettingsarbeid. Teknologiske nyvinningar har ikkje berre fått konsekvensar for korleis omsettingsarbeid fungerer i dag, men òg for kva slags omsetting det er behov for. Dette gjer seg mellom anna synleg gjennom det aukande behovet for audiovisuelle omsettingar. Den teknologiske utviklinga har dessutan ført til ei auka globalisering, noko som igjen har skapt eit større behov for raske omsettingar. Hastigkeit er likevel noko som alltid har vore ein problematikk når det gjeld omsettingar, framveksten av datateknologi har berre endra

måten vi snakkar om dette på, ettersom betre og betre omsettingsprogram har vorte utvikla. Allereie i 1952 vart den første konferansen om maskinell omsetting gjennomført, finansiert av The Rockefeller Foundation. I etterkant av dette kom det mange fleire initiativ og internasjonale samarbeid. Sylfest Lomheim trekkjer fram prosjektet til EF som det mest ambisiøse. Prosjektet som vart kalla EUROTRA (European Translation) skulle skape eit system som kunne meistre eit teknisk/administrativt ordtilfang på 20 000 ord (Lomheim 1989: 147–152). Nordisk institutt var òg tidleg ute med denne type forsking og starta i 1960-åra *Prosjekt for datamaskinell språkbehandling*. Lomheim påpeiker at det ikkje har eksistert mange faktiske omsettingsprosjekt her til lands, men at ei maskinell omsetting mellom nynorsk og bokmål ville vere økonomisk gunstig ved til dømes parallelutgåver av skulebøker (*ibid.*).

Trass i at omsettingsprogramma vert betre og betre har ikkje omsettara vorte overflødige i dagens teknologisamfunn, heller tvert imot. Som tidlegare nemnt er det nemleg først i nyare tid at omsetting har gjort seg gjeldande som eit eige fagfelt, noko som har auka forståinga og prestisjen ved arbeidet. Omsettingsprogramma kan fungere som nyttige arbeidsverktøy for dagens omsettara, men i resten av samfunnet er ikkje desse verktøya like uproblematiske. Skuleverket er eit klassisk døme på korleis omsettingsprogram skapar nye problematikkar. Elevar kan i dag ty til enkle løysingar ikkje berre i framandspråksopplæringa, men òg i sidemålsopplæringa ved å bruke avanserte omsettingsprogram. Program som NYNO og Apertium har fått mykje merksemd i norsk presse ettersom dei omsett mellom bokmål og nynorsk, og har vorte tatt i bruk ved sidemålseksamen. Aftenposten, Aftenbladet og Universitetsavisa er blant dei som har omtala saka. Omsettingsprogram ser hovudsakeleg ut til å vere ein problematikk i dei tilfella der nynorsk er sidemålet, og ikkje omvendt, men dette er det ikkje forska tilstrekkeleg på til at ein kan uttale seg om med sikkerheit. Denne type hjelpemiddel er uavhengig av målform ulovlege i fleire eksamenssituasjonar, men står i nokre tilfelle i ei gråsone. Det største problemet ser likevel ut til å vere korleis skulane eventuelt skal kunne overhalde eit forbod mot denne type program.

Sjølv om målform i liten grad er tematisert i sjølve organiseringa av omsettingsverksemda i Noreg, betyr ikkje dette at problematikkar rundt dette er ikkje-eksisterande. Den spesielle språksituasjonen i Noreg, kor vi har to målformer av same språk, fører tvert imot til mange særskilde problemstillingar. Når noko skal omsettast til norsk er til dømes val av målform ein unngåeleg del av prosessen, enten dette skjer på eit medvetent eller umedvetent nivå. Dessutan oppstår det ein problematikk rundt kor mange verk som skal omsettast til begge målformer, og kva slags verk dette i så fall skal vere. I nokre tilfelle kan ei slik «dobel» omsetting føre til ei signalisering om at målformene ikkje er gjensidig forståelege, medan det i andre tilfelle er eit naudsynt grep for at begge målformene skal utvikle den variasjonen som er naudsynt for ein levande skriftkultur. Økonomiske omsyn er sjølvsagt heller ikkje til å unngå når slike avgjerder skal takast.

Bibelen er eit godt døme på eit verk som er gjeve ut på begge målformer. Verket vart først gjeve ut på riksmål i 1904 og deretter på nynorsk i 1921. Salstala er høge for begge målformene og denne «doble» omsettinga dekkjer derfor tydeleg eit behov for å kunne praktisere religion på eiga målform. Same argumentasjon kan verte brukt på andre felt, men det kan vere vanskeleg å argumentere like sterkt for enkeltverk. Vi treng til dømes sjølvsagt omsette romanar på begge målformer, slik at ein kan lese denne type litteratur på eiga målform, men det er på ingen måte eintydig kva slags romanar det er behov for på begge målformer. Omsettinga av *Ringenes Herre* og *Hobbiten* av J. R. R. Tolkien er her eit interessant døme. Bøkene vart først omsett til bokmål, for deretter å verte omsett til nynorsk av Eilev Groven Myhren. Dette prosjektet fekk mediemarksem og omsettaren vart spurta om kvifor han hadde valt å omsette verka til nynorsk av mellom andre Dagbladet og Dag og Tid. Dette kan seiast å vere noko symptomatisk for omsettingsverksemda i Noreg. Dersom noko skal omsettast til både bokmål og nynorsk, omsettast det gjerne først til bokmål og deretter til nynorsk. Bokmål fungerer dermed som ein slags standard, medan nynorsk er noko ein må argumentere for kvifor ein omsett til. Dette vart òg tydeleg da *Hobbiten* skulle filmatiserast. Produksjonsselskapet kjøpte rettane til både den nynorske versjonen av boka, i tillegg til bokmålsversjonen. Det enda derimot med at berre bokmålsversjonen vart brukt, noko Myhren kalla ei ignorering av nynorsken (Lillebø 2012).

Den språkpolitiske dimensjonen ved omsettingsarbeidet i Noreg er noko omsettaren Guy Puzey tematiserte i 2014 gjennom kåseriet «Omsetjing frå norsk til engelsk: Personlege refleksjonar av ein skotsk nynorsking om ordval og språkval». Puzey poengterer at det alltid er viktig å forstå på tekstnivået kva slags idear som er knytt til den aktuelle språkvarianten i det vidare samfunnet og den vidare kulturen som teksten er ein del av. Puzey meiner at denne forståinga òg må få konsekvensar for sjølve omsettingsprosessen. I Noreg tolkar han den språkpolitiske situasjonen på følgjande måte: «Sjølv om nynorsk og bokmål offisielt er likestilte over heile landet, er situasjonen slik at bokmål er den hegemoniske språkforma, og det ligg historisk ein del mothegeemoniske tendensar i målrørsla» (Puzey 2014). Puzey meiner at for å bevare dette aspektet i omsettinga, bør omsettingsspråket vere eit minoritetsspråk, men han poengterer at dette ikkje alltid er mogleg i praksis. Sjølv var han tvungen til å bruke engelsk i omsettinga av *Vaffelhjarte* av Maria Parr, eit språk han karakteriserer som det med størst språkpolitisk makt i verda. For å løyse denne situasjonen valde omsettaren «å krydre teksta med nokre ord og uttrykk som ville gje mange lestarar eit inntrykk av ein perifer stad» (ibid.). Dette innebar mellom anna fleire skotske eller skotsklingande ord. Sjølv om forholdet mellom bokmål og nynorsk ikkje er like eintydig som ein kan få inntrykk av i kåseriet til Puzey, kjem han med viktige poeng, ikkje minst ved at han synleggjer at den språkpolitiske posisjonen til omsettingsspråka er noko som bør spele inn dersom omsettingsprosessen skal klare å fange mest mogleg av det språklege biletet som ein norsk tekst kan gje.

Omsettingsverksemda i Noreg er altså hovudsakeleg inndelt etter tekstype, framfor andre faktorar som til dømes målform. Som denne gjennomgangen har vist betyr dette derimot ikkje at problematikkar rundt målform ikkje eksisterer, det betyr berre at hovudfokuset i foreiningane ikkje er på skiljet mellom bokmål og nynorsk. Målform vert frå tid til anna tematisert i dei ulike foreiningane, gjennom til dømes artiklar og diskusjonar. Desse tek føre seg både generelle og meir spesifikke problemstillingar, som til dømes det generelle språkvalet og spesifikke ordval. Målform er altså noko som diskuterast meir i periferien saman med andre problemstillingar rundt omsetting generelt. Dette er nok på mange måtar ei hensiktsmessig organisering, ettersom ei inndeling etter målform kunne ha skapt eit unødig

skarpt skilje mellom omsettara med bokmål og nynorsk som hovudmål. Mange omsettara beherskar også begge målformene i sitt arbeid, og kan derfor heller ha eit behov for å diskutere denne type problemstillingar innanfor den aktuelle teksttypa. Det er derimot eit viktig poeng at omsetting aldri er heilt verdinøytralt, noko som kjem svært tydeleg til syne i Noreg på grunn av den spesielle språksituasjonen. Forholdet mellom bokmål og nynorsk og ulike problemstillingar rundt dette er noko som med fordel kan verte diskutert i høgare grad når det kjem til omsettingsverksemda i Noreg.

1.4 «Eit sant mirakel» av Kjartan Fløgstad

Vi skal no gå over til å diskutere ein spesifikk artikkel som har ei sentral rolle i denne oppgåva, nemleg «Eit sant mirakel» av Kjartan Fløgstad. Utgjevingane til Kjartan Fløgstad er sjeldan uproblematiske og skaper ofte debatt, noko som òg er tilfellet med «Eit sant mirakel». Fløgstad er interessert i dei store samanhengane og konklusjonane han kjem til er derfor ikkje alltid ukomplisert. I Allkunne under oppslaget om Kjartan Fløgstad nemner Eivind Myklebust «Eit sant mirakel» og konkluderer med at:

Refleksjonane om stoda i nynorsklitteraturen viser Fløgstad si evne til å fange vesentlege trekk i samtida. I både sakprosa og dikting er Fløgstad ein god samtidsskildrar, med blikk for korleis samfunnsendringar påverkar individ og grupper. Samstundes maktar han å setje samtida inn i ein større kulturell, historisk og filosofisk samanheng og presentere det på ein måte berre ein poet kan gjere (Myklebust 2014).

Dette er godt skildrande for «Eit sant mirakel» og noko det er viktig å ha i bakhovudet når ein arbeider med artikkelen. For å kunne sette denne artikkelen i ein kontekst er det derimot naudsynt med litt bakgrunnskunnskap om forfattaren sin skriftproduksjon og retorikk, noko vi skal sjå på i det følgjande.

Kjartan Fløgstad er ein prislønt norsk forfattar som har utmerka seg innanfor fleire ulike sjangrar. Den rike tekstproduksjonen består mellom anna av diktsamlingar, romanar og sakprosatekstar. Det er den sistnemnte kategorien det vil verte tatt utgangspunkt i her. Kjartan Fløgstad har markert seg som ein aktiv kulturdebattant, og har gjentekne gonger tematisert

posisjonen til nynorsk. Eit kjent døme er artikkelen «Ikkje Amerika, men Amerika» frå år 2000. Artikkelen vart gjeven ut i forbindelse med at Oslo kommune lanserte eit forslag om fritak for skriftlig sidemålsopplæring i den vidaregåande skulen, som ei treårig prøveordning. Fløgstad er svært ironisk i artikkelen og samanliknar forslaget med at Sør-Amerika kan strykast frå kartet: «Det verste ved den obligatoriske undervisninga i Sør-Amerika er at den stel mykje dyrebar tid frå hovuddelen av kontinentet. Oslo kommune bør derfor gå inn for ei forsøksordning der ein i ein treårsperiode stryk Sør-Amerika frå kartet og i staden konsentrerer undervisninga om Amerika» (Fløgstad 2000). Dette sitatet syner med ironi kva Fløgstad meiner om den språkpolitiske situasjonen i Noreg.

I 2004 vart *Brennbart* gjeven ut, ein pamflett som omhandlar språkpolitikk under andre verdskrig. Kjartan Fløgstad undersøker her rolla til dei ulike språklege organisasjonane under krigen, og kritiserer fleire av dei tidlegare analysane av situasjonen. Det er spesielt påstandane til Hans Fredrik Dahl i *Norsk idéhistorie* som får gjennomgå: «Den motkulturelle immuniteten mot nazismen må seiast å utgjera eit viktig idéhistorisk funn. Utan faktagrunnlag og utan argumentasjon gjer Dahl denne motstandskrafta til det motsette, til ideologisk slektsskap. Denne historieforgalskinga kallar Aschehoug idéhistorie og gir ut i staselege band» (Fløgstad 2004: 38). I tillegg til det Kjartan Fløgstad kallar ei historieforgalsking frå Dahl si side, trekkjer han òg fram faktafeil ved Lars Roar Langslet si framstilling av riksmålbevegelsen si rolle under krigen. Denne type framstillingar meiner Fløgstad har forplanta seg til andre delar av den offentlege samtaLEN og han ønskjer derfor å ta eit oppgjør med denne type haldningar (ibid.). Pamfletten skapte stor debatt og vart omtala av fleire aviser som Dag og Tid, Dagbladet og Aftenposten. Kritikken frå Fløgstad medførte at Dahl og Langslet måtte trekke nokre av sine tidlegare påstandar. Debatten førte derimot òg til at kritikk vart retta mot Kjartan Fløgstad sin argumentasjon. Professoren Finn-Erik Vinje meinte til dømes at Fløgstad tok nokre billige poeng og at ikkje alle teoriane var særleg overtydande. I boka *Ut med språket* hevdar han mellom anna at Fløgstad innbiller seg sjølv og leserane om at Quisling var nynorskfiende, medan Vinje sjølv meiner at det heller var heilt motsett (Vinje 2005).

I 2012 vart artikkelen eller essayet «Eit sant mirakel» publisert i Aftenposten. Dette er ein tekst det vil vere fokus på i denne oppgåva, ettersom den inneheld Fløgstad sine tolkingar av eit talmateriale over nynorske utgjevnadar dei siste 20 åra. «Eit sant mirakel» er meir positivt retta enn «Ikkje Amerika, men Amerika» og *Brennbart*, ettersom den hovudsakeleg fokuserer på framgangen til nynorsk og ikkje kritikkverdige forhold i målformdebatten. Dette betyr derimot ikkje at artikkelen er heilt fri for den karakteristiske ironien og det sterke ordelaget til Fløgstad, sjølv om skrivestilen er noko nedtona. Artikkelen er dedisert til Medna Israilova, ei 14 år gammal jente frå Stryn og Tsjetsjenia. Israilova uttala i eit intervju i avisas *Aften* at ho likar nynorsk veldig godt og ikkje vil miste det. Jenta går på Lofsrud skule søraust i Oslo og underoverskrifta i artikkelen er: «Eneste elev med nynorsk som hovedmål». Fløgstad hyller Medna Israilova, men er svært kritisk til måten saka vert framstilt på:

Ein kunne jo tenkt seg at denne modige jenta ville bli hylla redaksjonelt for sitt bidrag til mangfold og språkleg fridom. Kanskje til og med få ein ytringsfridomspris? Kva med institusjonen Fritt Ord? Men nei, slett ikkje og tvert imot. I staden blir innvandrarjenta hengt nådelaust ut. ‘Medelevene hater nynorsk’, slår *Aften* påpassle seg fast, utan kjeldetilvising. ‘Nynorsk er en pest og en plage’, er ei anna overskrift frå same tid, i same avis (Fløgstad 2012).

Sjølv om denne ordbruken er uheldig og altfor ofte vert tatt for gjeve, vil nok ikkje alle vere einige i at Israilova vert hengt ut. Fløgstad går likevel endå lenger i sin argumentasjon og skriv at: «Vi ser den 14 år gamle tsjetsjenske flyktningen Medna Israilova uthengt som hatobjekt, i krigstypar, på framsida av kveldsutgåva av landets største og viktigaste avis» (ibid.). Kjartan Fløgstad bruker altså også i denne artikkelen svært sterke ord for å synleggjere den harde retorikken som vert brukt mot nynorsk i målformdebatten.

Det som er mest relevant i forhold til denne oppgåva er derimot ikkje retorikken, men korleis Kjartan Fløgstad tolkar utviklinga av talet på nynorske debutantar. Fløgstad hevdar at det etter år 2000 skjer eit mirakel på den litterære fronten, nemleg at den nynorske skjønnlitteraturen går frå ein svært sterk posisjon til å verte endå sterkare. Det er vorte mange fleire som debuterer med prosa på nynorsk no enn for nokre tiår sidan og dette får Fløgstad til å konkludere med at nynorsk skjønnlitteratur aldri har stått sterkare. Ordet «mirakel» vert brukt på grunn av dei därlege språkpolitiske forholda til målforma. Interessant nok poengterer han

at «på det feltet der det herskar språkleg demokrati og valfridom, er bruken av nynorsk i sterk framgang» (Fløgstad 2012). Det er altså ikkje på alle felt dette «mirakelet» har innltreft.

Fløgstad spesifiserer kvifor han har valt å fokusere på nettopp nynorske debutantar:

Av skriftproduksjonen dei siste tiåra vil eg halda meg til tala for ny skjønnlitteratur på norsk, først og fremst fordi det er i denne delen av skriftkulturen der opphavsmann og -kvinne etter måten fritt sjølv kan velja målform. Når det gjeld omsett skjønnlitterær prosa, krev forlaga ofte bokmål, trass i ønsket til omsettaren. Også innanfor sakprosaproduksjon blir kjende og vel meritterte nynorskforfattarar ofte tvinga til å skriva og publisera på bokmål (Fløgstad 2012).

Nettopp på grunn av desse påstandane er det interessant å undersøke om omsett skjønnlitteratur på nynorsk er prega av denne «sensuren» som Fløgstad skildrar, eller om ein tvert imot kan spore ei liknande oppbløming som hjå nynorske debutantar. Ved å velje ei tidsavgrensing som kan verte kopla til det Kjartan Fløgstad kallar ei viktig litterær utvikling, vert det mogeleg å sette tala frå den kvantitative undersøkinga i denne oppgåva i ein kontekst. Som nemnt innleiingsvis, er dette komparative elementet i prosjektet er nyttig ettersom det gjer oss i stand til å snakke om likskapar og skilnadar mellom dei to skjønnlitterære felta, nynorske debutantutgjevingar og nynorske omsettingar, utan å vere avhengig av å sette det opp mot bokmål.

Kapittel 2 – Metodisk bakteppe

2.1 Kvantitativ metode

Så snart det vart tydeleg at det var mangel på detaljerte og pålitelege statistikkar over det som er tema i denne oppgåva, vart det opplagt at kvantitativ metode måtte stå sentralt. I det følgjande skal vi sjå på kva denne metoden inneber. Kvantitet handlar ifølgje *Nynorskordboka* om mengd, storleik og tal. Som metode vert den kvantitative undersøkinga ofte kontrastert mot den kvalitative undersøkinga. Kvalitet handlar ifølgje *Nynorskordboka* om eigenskaper, at noko er slik eller slik. På eit heilt grunnleggande plan er det altså snakk om to ulike metodar for å skaffe informasjon. I *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* forklarer Asbjørn Johannessen, Per Arne Tufte og Line Christoffersen forskjellen mellom dei to metodane på ein enkel måte: «Kvantitative data er tilrettelagt slik at kjennetegn ved et fenomen kan telles opp. [...] Kvalitative data foreligger vanligvis i en form hvor de ulike kjennetegnene ikke uten videre kan telles i ulike kategorier.» (Johannessen mfl. 2011: 363). Forskjellen er altså at det er snakk om ulike typar data, noko som får konsekvensar både for innsamlingsarbeidet og analysen av resultata. Når det gjeld kvantitative undersøkingar er sjølv innsamlinga av data og analysen i etterkant to tydeleg åtskilte sekvensar, medan desse er meir flytande i ei kvalitativ undersøking (ibid.: 364). Kvalitative undersøkingar kan til dømes innebere intervju eller store tekstmasser, som det er naudsynt å fortolke underveis i arbeidet. I kvantitative undersøkingar kan ein i større grad først hente inn data og inndelesse ved hjelp av statistiske teknikkar, før ein avslutningsvis analyserer dette talmaterialet. Dette er òg langt på veg tilfellet i denne oppgåva, ettersom den inneheld eit kapittel som presenterer talmaterialet, og eit eige kapittel som tek føre seg tolkinga av dette.

Den eine metoden ekskluderer ikkje den andre, sjølv om ein kanskje kan få inntrykk av det. Dette inntrykket heng saman med at dei to metodane lenge representerte to heilt motstridande retningar. Kvantitativ forsking hadde ein svært dominant posisjon i samfunnsvitskapane fram til den vart møtt med aukande kritikk under den såkalla positivismedebatten, som i Noreg tok

til på 1950-talet. Filosofen Hans Skjervheim var her ein sentral aktør som forsøkte å vise relevansen av forståings- og tolkingsproblematikken i dei sosiale vitskapane (Allkunne 2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* forklarer det positivistiske forskingsidealet slik:

Det positivistiske forskningsidealet legger til grunn at alle typer fenomener, også samfunnsfenomener, kan og skal undersøkes med den samme vitenskapelige metoden, nemlig den *naturvitenskapelige*. Forskningen skal konsentrere seg om det som er positivt gitt, det vil si de fenomener og egenskaper som kan måles og registreres (Johannesen mfl. 2011: 361–362).

Kritikken mot dette naturvitenskaplege forskingsidealet baserte seg på ei fortolkande tilnærming til menneske og samfunn. Tanken er at dersom ein skal forstå menneskeleg handling, kan ikkje forskaren stå utanfor og berre observere. Forskaren må delta i samfunnet og fortolke informasjonen, altså ta i bruk kvalitative undersøkingar. Frode Nyeng poengterer i *Nøkkelsbegreper i forskningsmetode og vitenskapsteori* at det i kvalitativ metode ofte er slik at variasjon i datamaterialet faktisk er noko man ønskjer, og ikkje eit problem som hindrar eintydige konklusjonar (Nyeng 2012: 73). Dersom ein verkeleg skal gå i djupna av eit sosialt fenomen er det naudsint med meir enn berre ei registrering av målbare fenomen, ein treng ei så detaljrik og nyansert framstilling som mogleg, noko som inneber at det kan vere vanskeleg å kome til eintydige konklusjonar (ibid.). Dette er noko av årsaken til at det i denne oppgåva også er svært stor fokus på eit breitt teorigrunnlag, i tillegg til eit historisk bakteppe som strekkjer seg heilt tilbake til 1800-talet. Dei kvantitative undersøkingane er ikkje tilstrekkelege i seg sjølv.

Hovudtendensen i dag er likevel eit langt meir forsonleg syn på dei to metodane som kompletterande. Det er heller ikkje lenger snakk om eit eintydig skilje. Frode Nyeng meiner vi bør byrje å snakke om skilnadane mellom kvantitativ og kvalitativ metode som fleirdimensjonale. Metodane er ifølgje Nyeng ulike på fleire nivå. På datanivå handlar det om skiljet mellom innsamling av tal og innsamling av tekst. På metodenivå dreier det seg om forskjellen mellom å rette seg direkte eller indirekte til menneske. Nivået av forskingsdesign gjeng ut på om ein undersøkjer mange eller få einingar, og om ein undersøkjer årsak-verknad-

samanhangar eller beskriv fenomen. På fagnivå dreier det seg om lange tradisjonar og ulike kunnskapsoppfatningar (Nyeng 2012: 84). Denne framstillinga gjev eit meir nyansert bilet av dei to metodane enn dersom ein snakkar om skilnadane som eindimensjonale, men det er viktig å poengtere at fokuset her er nettopp på skilnadane. Teknikkane dei to metodane tilbyr kan verte brukt meir «flytande» enn det ein kanskje får inntrykk av her. Dette er noko eg vil belyse når eg i det følgjande skal diskutere fortolking i kvantitativ metode.

Vidare kan ein sjå at fortolkingsomgrepet har vorte reaktualisert. Stadig fleire tek til orde for at så snart ein forsøker å forklare eit fenomen ved hjelp av eit talmateriale, vil tolking i større eller mindre grad vere involvert. Dette kan skape skuldingar om at resultata frå kvantitative undersøkingar vert redusert til reine spekulasjonar. Sosiologen Håvard Helland hevdar at dette spekulative elementet i forsking slett ikkje er så problematisk som nokre skal ha det til. I *Om å bruke statistikk i sosiologien* argumenterer Helland for at openheit rundt dette aspektet kan gjere det mindre problematisk: «Idet man søker å fortolke eller forklare de sammenhenger som framkommer i det statistiske materialet», skriv Helland, «vil man samtidig bevege seg over i spekulasjoner og meningskonstruksjon.» (Helland 2003: 541). Han presiserer at «fortolkninger av et empirisk materiale vil nettopp være fortolkninger, og må ikke forstås som empiriske ‘sannheter’ i en tradisjonell empiristisk forstand.» (ibid.). Helland meiner at dette likevel ikkje bør oppfattast som problematisk så lenge leseren er klar over at det er dette som skjer, og at problema først oppstår når dette spekulative preget underslås (ibid.). Sjølv om Helland ikkje presiserer kva ei slik underslåing inneber, ser tanken ut til å vere at leseren eksplisitt må informerast om denne dimensjonen, framfor at det berre vert gjort intensionelt frå forskaren si side.

Eit «spekulativt preg» ser altså ut til å vere ein uunngåeleg del av forskingsarbeidet, men det er viktig å poengtere at denne dimensjonen også kan ha ein verdi i seg sjølv. Håvard Helland argumenterer for at den kan tilføre kvantitativ data meinings:

Forholdet mellom en statistisk sammenheng og tolkningen av denne vil alltid avhenge av forskerens teoretiske utgangspunkt. Først når en statistisk sammenheng fortolkes

eller søkes forklart, blir den meningsfull, og samtidig mister den sin eventuelle «nøytrale» eller «verdifrie» karakter. Samfunnet er ikke en tekst som forskeren «leser», men i sin beskrivelse av samfunnet konstruerer forskeren tekst (Helland 2003: 539–540).

Fortolking er altså ei viktig oppgåve i kvantitativ forsking, ettersom den kan seiast å skape mening. Pierre Bourdieu går endå lenger i sin argumentasjon, og påstår i *Distinksjonen* at vi ikkje har forstått noko utan fortolking:

Når vi har påvist en sterk korrelasjon mellom en variabel som kalles uavhengig og en variabel som kalles avhengig, har vi verken forklart noe eller forstått noe: Så lenge vi ikke har slått fast hva hvert ledd i sammenhengen [...] betegner i hvert enkelt tilfelle, det vil si i hver enkelt sammenheng, vil de statistiske sammenhengene - uansett hvor nøyaktig de er tallfestet – forbli rene data, blottet for mening (Bourdieu 1995: 62).

Sjølv om kvantitative undersøkingar må tolkast i likskap med kvalitative undersøkingar, treng altså dette slett ikkje å verte sett på som ei svakheit. Tolkinga er på mange måtar det som tilfører talmaterialet mening og interesse. Konsekvensen er sjølvsagt at forskarar som bruker identisk talmateriale kan kome til ulike konklusjonar.

Nokre vil kanskje stille spørsmål ved kor hensiktmessig det er å sjå på statistikkar frå eit kulturfagleg perspektiv i det heile, ettersom det kan verke naturleg berre i eit marknadsperspektiv. Dette er ei legitim problemstilling, og det er også svært vanleg å fokusere på enkeltverk eller forfattarskap når ein studerer litteratur. Statistiske teknikkar er likevel eit svært godt verktøy for å skape oversikt, og gjer det mogleg å snakke meir generelt om litteratur. Franco Moretti er ein av dei som har tatt til orde for at statistikkar burde brukast i langt større grad i litteraturteori. I *Graphs, Maps, Trees* gjer han greie for ein av dei store fordelane med dette perspektivet: «'Distant reading', I have once called this type of approach, where distance is however not an obstacle, but a specific form of knowledge: fewer elements, hence a sharper sense of their overall interconnection» (Moretti 2007: 1). Distanse kan altså fungere som eit verktøy for å få kunnskap, og dette er ein anna kunnskap enn den ein får når ein studerer enkeltverk eller forfattarskap. Statistikkar gjer det mogleg å snakke om tendensar i eit litterært felt.

Avslutningsvis er det viktig å poengtere at også statistiske framstillingar er nettopp *framstillingar*. Eit søylediagram basert på eit grundig talmateriale er ikkje verdinøytralt, men ei framstilling som kan ha vorte forma på ein føremålstenleg måte. Eg har valt å nytte både tabellar og diagram for å presentere talmaterialet i denne oppgåva, noko som vonleg synleggjer det faktum at det finst ulike måtar å framstille tala på. Dette vil òg gjere det enklare for andre å nytte tala til andre høve dersom ein skulle ønskje det. Dersom ein er klar over problemstillingane rundt presentering av talmateriale, kan statistikkar fungere som eit svært viktig verktøy for å kartlegge den kvantifiserbare delen av ein skriftkultur.

2.2 Norbok og Oria

Norbok og Oria er databasar det er naturleg å vende seg til når ein søker informasjon og statistikk over norske bokutgjevingar. Sjølv om desse databasane inneheld mykje relevant informasjon, er det ikkje dermed sagt at dei omfattar *alle* bøker som eksisterer i feltet. Informasjonen seier heller ikkje noko om spreiing og bruk. Likevel er det altså eit svært nyttig verktøy for å tilegne seg den naudsynlege informasjonen for å svare på dei spørsmåla eg stiller i denne oppgåva. Dersom eg til dømes skulle ha basert statistikkane på talmateriale frå organiserte forlag eller innkjøpsordningar, ville ikkje informasjonen vorte like detaljert og heller ikkje omfatta like mange bøker. Norbok og Oria er altså dei databasane som best dekkjer informasjonsbehovet i denne oppgåva.

Norbok er ei forkortning for *norsk bokfortegnelse*, og er namnet på Nasjonalbiblioteket sin elektroniske søkemotor. Databasen inneheld Nasjonalbiblioteket sin bibliografi over alle fag, Noreg og norske forhold. Innhaldet består altså både av verk gjeve ut i Noreg og verk gjeve ut av nordmenn i utlandet, i tillegg til verk av utanlandske forfattarar gjeve ut i utlandet. Søkemotoren Oria vart lansert i 2013 av BIBSYS, som er eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. Oria er ein felles portal til det samla materialet som finst ved dei fleste norske fag- og forskingsbibliotek. Tidlegare fungerte BIBSYS Ask som søkemotor, og

omleggingsprosessen gjeng framleis føre seg. Det nye biblioteksystemet som er basert på produktet Alma frå Ex Libris skal være implementert hjå alle brukarar innan 1. januar 2016.

Den opphavlege planen var å ta i bruk både Norbok og Oria til innsamlinga av data i denne oppgåva. Etter nærmere undersøking viste dette seg derimot å vere lite hensiktsmessig, ettersom Norbok og Oria inneheld same informasjon. Norbok er rett nok ikkje oppdatert etter 1. januar 2011, men sidan tidsavgrensinga i denne oppgåva er frå år 1990 til år 2010 er ikkje dette problematisk, noko eg fekk bekrefta frå Nasjonalbiblioteket (kontaktperson Gunnhild Holmen, 6. januar 2016). Eg har derfor valt å bruke éin database, framfor å kryssreferere mellom Norbok og Oria. Dette er sjølv sagt tidssparande, noko som til dømes gjer det mogleg å bruke meir tid på å kvalitetssikre talmaterialet. Eg har valt å bruke Norbok til dette arbeidet, noko det er fleire årsakar til. Dette valet er kanskje overraskande sidan Oria er eit heilt nytt og oppdatert system som skal vere ei forbetring av det gamle systemet. Oria er derimot framleis under omlegging, noko som skapar fleire uromoment rundt det å skulle hente ut data. Det avanserte søket i Oria inneheld til dømes per dags dato (12. januar 2016) ikkje dei kategoriane som er naudsynlege for å få ut informasjon om omsett litteratur. Den einaste måten å få tak i denne informasjonen i Oria på er derfor å få utlevert API-dokumentasjonen deira, noko som er lite hensiktsmessig med tanke på at Norbok tilbyr same informasjon i sjølve databasen.

Dei avanserte søkevala i Norbok gjer det mogleg å hente ut den naudsyne informasjonen om omsett skjønnlitteratur ettersom den inneheld val som «språk i dokumentet» og «omsetting frå», noko Oria så langt manglar. Omsettarar vert nemleg registrert med funksjon i katalogsystemet, og ein kan dermed ikkje söke på dei anna enn om ein veit namna. Omsette bøker generelt vert heller ikkje merka eller koda på nokon bestemt måte, og ein er derfor avhengig av slike avanserte sökeval for å kunne hente ut informasjonen. Norbok tilbyr dessutan statistikkar frå 1996–2010, som mellom anna omhandlar omsette bøker. Denne statistikken er rett nok svært generell og gjev ikkje svar på dei spørsmåla eg stiller i denne oppgåva, men gjev ein nyttig indikasjon på omfang. Den viktigaste årsaken til at eg har valt

Norbok er derimot at den har eit betre grensesnitt, noko som gjer det enklare å automatisere datainnsamlinga.

I svært korte trekk gjeng automatiseringa av datainnsamlinga ut på å laste ned databasen frå Norbok og legge kvar bok i ei mappe som indikerer kva slags språk den er omsett frå. Norbok har som tidlegare nemnt eit betre grensesnitt enn Oria, noko som kjem av at kvart søk har likt format og dessutan innehold ei liste av linkar med informasjon om kvar enkelt bok. Denne informasjonen vert oppgitt i NORMARC-format som enkelt kan lesast av ei datamaskin. Etter at databasen er nedlasta må informasjonen tolkast. For å kunne gjøre dette må det opprettast eit python-script, som i praksis er eit lite dataprogram som kan køyrast av alle datamaskiner som har installert Python. Programvaren er laga både til Windows, Mac og Linux. Python vil i denne samanhengen brukast til å utføre alle dei repetitive oppgåvene som inngår i innsamlinga av data, noko som vil seie å utføre søket på kvart språk, opne kvart enkelt treff og lagre info om alle bøkene. Når eg har generert dei ønska listene, må talmaterialet skrivast inn i ei Excel-fil slik at eg kan lage dei ulike statistiske framstillingane.

Norbok brukar i likskap med mange andre bibliotektenester, Deweys desimalklassifikasjon, som er ein måte å inndele informasjon på. Dokumenta vert inndelt i ulike emnegrupper etter innhald, og gruppene vert uttrykt ved hjelp av ulike siffer (Store norske leksikon 2016). Deweys desimalklassifikasjon inneholder fleire tusen klassar og underklassar, noko som inneber at jo fleire desimalar eit dewey-nummer inneholder, jo meir fininndelt er informasjonen (ibid). I denne oppgåva er det hovudsakeleg 800-klassen som er mest relevant, ettersom den tek føre seg litteratur. Ein [S] etterstilt dewey-nummeret indikerer at boka er skjønnlitterær, noko som gjer det enkelt å skilje ut fagbøkene om litteratur som også er registrert under 800-klassen. Dewey-nummera kan som tidlegare nemnt innehalde mykje interessant informasjon, men eg vil hovudsakeleg anvende dei til å hente ut «forenkla» sjangerinformasjon ettersom det er dette som står sentralt i oppgåva. Inndelingskategoriane må nemleg være generelle nok til at ein kan lage hensiktsmessige statistiske framstillingar, og den mest fininndelte informasjonen

faller derfor bort. Eg vil kome tilbake til meir spesifikke problemstillingar rundt inndelingskategoriar i kapitlet som omhandlar statistikkmaterialet.

2.3 Nynorsk faktabok og Språkfakta

Nynorsk faktabok og *Språkfakta* er statistiske samlingar om språk gjevne ut av Nynorsk kultursentrum med Ottar Grepstad i spissen. Desse samlingane fungerer som eit viktig samanlikningsgrunnlag i denne oppgåva, og det er derfor naudsynt med litt bakgrunnsinfo om desse statistikkane. Den første samlinga *Nynorsk faktabok 1998* hadde eit spesielt fokus på nynorsk, og var eit forsøk på å kartlegge den nynorske skriftkulturen si rolle i Noreg. Samlinga vart oppdatert og utvida i 2005 da *Nynorsk faktabok 2005* låg føre. Fem år etter følgde *Språkfakta 2010* kor perspektivet no vart utbygd til å omfatte også globalt stoff. I 2015 vart den siste utgåva *Språkfakta 2015* publisert, og denne skal erstatte dei tidlegare samlingane. Målet med *Språkfakta 2015* er «å samle all relevant statistisk informasjon om bruk og utbreiing av språk i Noreg mot ein internasjonal bakgrunn, med vekt på dei to norske språka» (Språkfakta 2015). Dette inneber mellom anna 867 tabellar og 34 figurar og kart.

Mykje av det statistiske materialet i *Språkfakta 2015* er basert på tal innhenta frå ulike aktørar, og tala Peder Hovdan utarbeida vert framheva som særleg viktig. Peder Hovdan vert kalla eit statistisk einmannsbyrå som mellom 1905 og ut i 1950-åra arbeide for å dokumentere utbreiinga av den nynorske skriftkulturen (Språkfakta 2015). Hovdan hadde rett nok mest fokus på framgang og positive tal, og ein del av arbeidet med *Nynorsk faktabok* bestod derfor av å fylle hòl i talmaterialet og nyansere det positive perspektivet. Etter kvart kom fleire viktige aktørar til, men det var til dømes først i 1994 at Norsk Språkråd starta med eit systematisk tilsyn av fordelinga mellom bokmål og nynorsk i statsforvaltinga (*ibid.*). Det har altså tatt mange år å kartlegge utbreiinga og bruken av nynorsk, men i *Språkfakta 2015* argumenterast det for at utviklinga no skal vere breitt dokumentert med få brot like frå Ivar Aasens tid. Dette stemmer langt på veg, men oppdaterte og meir detaljerte statistikkar frå nyare tid om spesifikke felt som omsett litteratur, er det derimot stadig bruk for.

I artikkelen «Eit sant mirakel» byggjer Kjartan Fløgstad i stor grad argumentasjonen sin på bokstatistikkar frå samlingane til Nynorsk kultursentrum, noko som kjem tydleg fram ved at han takkar Ottar Grepstad for tala i kjeldelista. Det er derimot ikkje like eintydig kva slags samling Fløgstad har tatt i bruk, men ettersom artikkelen er gjeven ut før den siste utgåva av *Språkfakta* vart publisert, kan vi rekne med at talmaterialet er henta frå dei tidlegare utgåvane. Det er viktig å poengtere at desse statistiske samlingane ikkje berre innehold tabellar og figurar, men at dei òg innehold kommentarar og tolkingar. Det er uklart om Kjartan Fløgstad berre har basert seg på talmaterialet i samlingane, eller om han også har lest og latt seg påverke av kommentarane til desse. I det store kapitlet om bøker i *Språkfakta 2010* finn ein til dømes merknadar om dei ulike punkta, i tillegg til informasjon om mellom anna tilskot og innkjøpsordningar. Under punktet «Nye generasjonar forfattarar» kan ein finne igjen nokre av poenga til Fløgstad, sjølv om det må poengterast at konklusjonane i *Språkfakta* er meir nøkterne enn dei vi finn i «Eit sant mirakel». I *Språkfakta 2010* vert det konkludert med at det er eit faktum at det er vorte mange fleire som debuterer med prosa på nynorsk no enn for nokre tiår sidan (*Språkfakta 2010*: 113).

Sidan det statistiske materialet i denne oppgåva skal verte kopla opp mot konklusjonane til Kjartan Fløgstad i «Eit sant mirakel», har talmaterialet han baserer seg på, ei naturleg rolle i dette arbeidet. *Nynorsk faktabok* og *Språkfakta* er derimot interessante av fleire årsaker enn dette. Samlingane syner korleis den nynorske skriftkulturen har vorte dokumentert opp gjennom åra, og viser dessutan korleis eit slikt materiale kan framstillast og tolkast.

Faktabøkene inneholder også nokre tal for omsett skjønnlitteratur som er interessante i forhold til temaet i denne oppgåva. Samlingane er derimot òg interessante fordi dei syner kva slags dokumentasjon som *ikkje* eksisterer. I eit verk i denne skalaen er det naturleg at visse punkt har fått større plass og merksemeld enn andre. I *Språkfakta 2010* er det til dømes satt av mykje plass til nynorske debutantar i talmaterialet som omhandlar bøker. Kapittelet inneholder detaljerte statistiske framstillingar, i tillegg til ei liste over skjønnlitterære debutantar frå 1959 til 2008. Informasjonen som omhandlar omsett skjønnlitteratur er derimot langt frå så detaljert. Dette kan kanskje seie noko om kva som til no har vorte veklagt i framstillinga av

den kvantifiserbare nynorske skriftkulturen, men endå viktigare er det at det illustrerer behovet for talmaterialet som skal samlast inn i denne oppgåva. Dersom ein undersøkjer talmaterialet for omsett skjønnlitteratur i *Språkfakta* meir grundig vert det òg tydleg at desse tala illustrer andre aspekt ved feltet enn det som er vektlagt i denne oppgåva.

Talmaterialet i *Nynorsk faktabok* og *Språkfakta* som omhandlar omsett skjønnlitteratur gjer det tydeleg at det eksisterer ulike metodar og kjelder for å innhente informasjon om dette feltet. I denne oppgåva er det tal frå Nasjonalbiblioteket som står i fokus, medan det i *Nynorsk faktabok* og *Språkfakta* er i tillegg er fokus på bøker i sal og utgjevingar frå organiserte forlag. Desse ulike måtane å nærme seg stoffet på kan altså seiast å utfylle kvarandre og kan samla gje eit meir nyansert bilet av situasjonen for nynorsk som skjønnlitterært omsettingsspråk. Meir spesifikt kan informasjonen frå samlingane også fungere som eit kontrasterande talmateriale for mine eigne funn, men dette er dessverre ikkje heilt uproblematisk. *Nynorsk faktabok 2005* inneheld statistikkar over målform i bøker gjevne ut frå organiserte forlag frå 1975 og nesten årleg fram til 2003. Dette talmaterialet inneheld kategorien «omsette bøker», og ein har slik sett noko å samanlikne tala i denne oppgåva med. Det operarast derimot med ulike inndelingar for ulike år. For 1975–1979 og 1982–1986 er til dømes inndelinga slik: «Omsette romanar» og «Omsette noveller og forteljingar», medan det for 1987–1996 berre er oppgitt «Omsett prosa». I statistikkane for 2002 heiter kategorien «Romanar, omsette». Dette gjer det vanskeleg å gjennomføre ei rein samanlikning av desse tala mot mine eigne funn, spesielt ettersom det er uklart kva dei ulike kategoriane inneberer. Det same problemet oppstår når ein skal sjå på nokre av statistikkane i *Språkfakta 2015* over bøker i sal etter språk og sjanger, kor kategoriane heiter «omsett skjønnlitteratur for vaksne» og «omsett skjønnlitteratur for born». Kjelda som står oppført er «Spesialkøyring Bokbasen, eigen redaksjon», noko som vil si ei betalingsteneste. Dermed vert det vanskeleg å etterprøve korleis dette talmaterialet har vorte innhenta og ikkje minst kva slags bøker desse kategoriane inneheld. Det allereie eksisterande talmaterialet fungerer derfor altså best reint generelt som ei nyansering, framfor meir spesifikt som ei kontrastering.

Kapittel 3 – Teoretisk bakteppe

3.1 Omsettingsteori

I ei oppgåve som spesifikt omhandlar nynorsk som skjønnlitterært omsettingsspråk er det også nyttig å sjå omsetting i eit vidare perspektiv. I det følgjande skal vi mellom anna sjå på utviklinga av omsetting til eit eige fagfelt. Det vil verte drøfta korleis omsetting kan koplast til kultur med utgangspunkt i avhandlinga til Jonas Gamborg Lillebø, «*Branchements» and «translation» as approaches to culture – an epistemological reflection on some aspects in the thinking of Jean-Loup Amselle and Paul Ricoeur*. Refleksjonane til viktige teoretikarar som Michael Cronin og Lawrence Venuti vil verte brukt som utgangspunkt til ein diskusjon rundt omsetting og makt. Desse refleksjonane vil vere sentrale også seinare i oppgåva når talmaterialet skal verte tolka og satt i ein samanheng.

Omsetting er noko som har spelt ei svært viktig rolle i meiningsutveksling mellom menneske, likevel er det først i nyare tid at omsetting har gjort seg gjeldande som eit eige fagfelt. Professor i ‘comparative literature’ Susan Bassnett forklarer i *Translation Studies* kva slags innsikt denne nyvunne faglege interessa har skapt:

When this book first appeared in 1980, there seemed to be little interest in the study of translation. [...] Then, in the 1990s, Translation Studies finally came into its own, for this proved to be the decade of its global expansion. Once perceived as a marginal activity, translation began to be seen as a fundamental act of human exchange. Today, in the twenty-first century, interest in the field has never been stronger and the study of translation is taking place alongside an increase in its practice all over the world (Bassnett 2014: 1-2).

Interessa for omsetting er altså i dag større enn nokon gong, noko som har ført til ei utviding av det faglege perspektivet. Omsettingsteori dreier seg ikkje lenger berre om «handverket» ved omsetting, men fokuserer også i aukande grad på omsetting som kulturelt produkt, noko som vert vektlagt av teoretikarar som til dømes Lawrence Venuti.

Filosofen Jonas Gamborg Lillebø koplar omsetting til nettopp kultur i avhandlinga «*Branchements*» and «*translation*» as approaches to culture – an epistemological reflection on some aspects in the thinking of Jean-Loup Amselle and Paul Ricoeur. Lillebø er ikkje ein rein kulturfagteoretikar, men doktoravhandlinga hans representerer eit møte mellom filosofi og antropologi. I avhandlinga poengterer Lillebø at dei fleste er einige om at kultur ikkje er noko statisk og lukka, men at dette likevel ofte er måten kultur vert presentert på i den politiske diskursen, kor kultur vert sett på som ei utfordring som må løysast (Lillebø 2013: 17). Ulike kulturar vert altså framleis framstilt som opposasjonelle, noko som vert tematisert gjennom omgrepet «new racism». Omgrepet vart utarbeida av mellom andre Pierre-André Taguieff og handlar om at kultur fungerer som eit slags nytt raseomgrep ved at det på nytt innfører distinksjonar mellom menneske og skaper ei hierarkisk forståing av ulike kulturar (ibid.: 36). Jonas Gamborg Lillebø meiner at *branchements* og omsetting er konsept som kan hjelpe oss forbi ein slik lukka og statisk bruk av omgrepet kultur, ettersom desse konsepta «allow us to question biology and a clear cut distinction between identity and difference as a point of departure for understanding culture» (ibid.: 60). Hovudpoenget i avhandlinga er nettopp at «*branchements* and translation are two notions that help us to develop a thinking that does not take pure origin and closure as premises» (ibid.: 97).

Omgrepet *branchements* av Jean-Loup Amselle byggjer på ein metafor frå elektronikk og informatikk. *Brachements* refererer i desse felta til eit nett av koplingar og brot, der nettet og det som er tilkopla og fråkopla dette ikkje kan skiljast frå kvarandre. I overført tyding inneber dette at artikulasjonen av kultur og identitet alltid allereie er kopla til eit system eller nett. Eller med andre ord: «connectivity expresses an initial openness both of that which is being connected and the web itself» (Lillebø 2013: 103). Jonas Gamborg Lillebø koplar dette omgrepet til Paul Ricoeur si forståing av omsetting. Jean-Loup Amselle tematiserer også språk og ser på dette som ein metode for å artikulere prosessen *branching*, men refleksjonane til Ricoeur er altså naudsyne for å kunne utdjupe dette aspektet vidare. I *Sur la traduction* eller *On translation* hevdar Paul Ricoeur at vi må sjå omsetting som ein praksis, og ikkje frå eit teoretisk synspunkt. Spørsmålet er ikkje om omsetting er mogleg eller ikkje, ettersom

omsetting skjer kvar dag og i ulike former. Omsetting handlar ifølgje Ricoeur heller om korleis ein kan balansere mellom to språk på ein hensiktsmessig og trufast måte (ibid.: 104). Paul Ricoeur kallar omsetting eit paradigm, og Lillebø meiner at:

When Ricoeur calls translation a paradigm – comprised of ethical, linguistic, ontological, anthropological, and hermeneutic aspects of human existence – this points again to the overall theme and problem of the dissertation of a closing of culture. If translation is a paradigm not only limited to an epistemological perspective, it could mean that it is a way of articulating intercultural thinking theoretically (ibid.: 242–243).

Dette tek utgangspunkt i at ei omsetting ikkje er det same som originalen, men at det heller ikkje er noko heilt forskjellig frå denne. Det som er likt og det som er ulikt står ikkje i opposisjon til kvarandre, men representerer eit møtepunkt, slik han ser det. Lillebø meiner altså at dette kan koplast til omgrepet kultur og at alle menneske er éin art med ulike variasjonar, og ikkje eit mangfald av ulike arter (ibid.: 265).

Avhandlinga til Lillebø innehold i tillegg til koplinga mellom kultur, identitet, *branchements* og omsetting, eit norsk perspektiv. Den norske konteksten består av samtidsaktuelle problemstillingar og døme frå mellom anna politikk og mediedekning. Jonas Gamborg Lillebø trekkjer interessant nok også ein parallel til Ivar Aasen i avhandlinga. I takt med at nasjonalromantikken vaks fram på 1800-talet, vaks det òg fram eit nytt syn på nasjon og kultur. Kultur vart ikkje lenger berre sett på som noko kvart folk hadde, men som ein essensiell eigenskap eller del av folket og nasjonen (Lillebø 2013: 65). Dette synet spreidde seg gjennom Europa og nådde også Noreg. Lillebø meiner at Ivar Aasen representerte nettopp dette synet på kultur og nasjon:

The philosopher J. Peter Burgess writes in his book about Aasen that Aasen insists ‘that culture is not simply one ‘possession’ among others, but rather an essential possession, the fundamental property. It is what makes the people a people’ (Burgess 2005: 51). I find this an interesting and highly relevant remark for a more general discussion of culture because it emphasises the link between nation, people, and culture (ibid. : 65).

Lillebø meiner vidare at dette dømet illustrer ein norsk tradisjon som består av ei tett kopling mellom nasjon og kultur (ibid.). Tradisjonelt har vi altså hatt eit syn på den norske kulturen som noko som kan differensierast frå andre kulturar. Denne framstillinga av ulike kulturar som opposasjonelle er framleis vanleg og bidreg til det statiske og lukka synet på kultur som Lillebø skildrar i avhandlinga.

I takt med at omsetting har vorte akseptert som eit kulturelt produkt, har også statusen til omsettara auka. Omsettaren har gått frå å vere ein nærmast anonym instans, til å verte sett på som ein meddiktar eller nyskapar. Omsetting handlar nemleg om meir enn «kopiering», det handlar også om gjendikting og formidling. I tillegg handlar omsetting om å utvide ein skriftkultur. Magnus Rindal, Erik Egeberg og Tone Formo synleggjer dette i boka *Brobyggere – oversettelse til norsk fra middelalderen til i dag*, der dei kallar omsettara for «kulturens brubyggjarar». I boka argumenterer dei for at ein kultur må ha tilførsel utanfrå for å kunne leve og utvikle seg. Det må altså eksistere eit samband med omverda, og omsettaren er her ein viktig brubyggjar. Omsettingar kan dessutan paradoksalt nok bidra til å verne ein aktuell kultur. Erik Egeberg illustrerer dette med eit eksempel frå dansketida, og meiner at sjølvstendige norske omsettingar på både landsmål og riksmål var eit viktig ledd i den nasjonale reisinga og dessutan etableringa av vår kulturelle identitet (Egeberg 1998). Dei norske omsettingane kopla altså ikkje berre Noreg til resten av verda, men var med på å differensiere den norske kulturen frå den danske.

På same måte som norske omsettingar var ein viktig del av den nasjonale reisinga, har nynorske omsettingar vore eit naudsynt ledd i utviklinga av den nynorske skriftkulturen. Litteraturprofessoren og gjendiktaren Sigmund Skard var ein dei som tok til orde for at talet på nynorske omsettingar måtte aukast for at den nynorske bokheimen skulle kunne byggjast ut til ein norsk nasjonal-litteratur. Han meinte mellom anna at Samlaget burde ha eit heilt klassikarbibliotek av verds litteraturen, slik som Gyldendal hadde på dansk (Egeberg 1998: 95). Dette initiativet resulterte i utgjevnaden av fleire klassiske verk omsette til nynorsk. Erik

Egeberg karakteriserer den generelle innsatsen til nynorskleiren på dette feltet som imponerande, også om ein ser vekk frå den økonomiske sida ved saken (ibid.).

Globalisering er eit uunngåeleg tema når ein skal diskutere omsetting i dagens samfunn, og stadig meir av litteraturen i fagfeltet omhandlar problematikkar rundt dette. Språkforskaren Michael Cronin er her ein viktig bidragsyter. Forskingsarbeidet til Cronin har hovudsakeleg sentrert rundt språksituasjonen i Irland, men han har òg gjeve ut fleire viktige verk som tek føre seg omsetting meir generelt. I *Translation and Globalization* hevdar Cronin at globaliseringa har skapt eit intensivert behov for omsetting, noko som har gjort maktrelasjonen mellom språk meir synleg. Engelsk står her i ein spesiell posisjon ettersom det fungerer som eit lingua franca. Cronin meiner at: «much more needs to be done to encourage translation exchanges between lesser-used languages on the planet, and translator-training institutions need to explore ways in which this can be done» (Cronin 2003: 153). Mangel på omsettingar frå og til minoritetsspråk gjer seg altså gjeldande på eit globalt nivå, men Michael Cronin tematiserer i liten grad nøyaktig kva slags tiltak som må til for å endre situasjonen.

Teoretikaren Lawrence Venuti går lenger enn Michael Cronin i sin kritikk av praksisen rundt minoritetsspråk og omsetting. I det kritiske verket *Scandals of Translation – Towards an Ethics of Difference* samanliknar Venuti omsettingsverksemda på 1990-talet med kolonisme:

The translation practices enlisted by transnational corporations, whether publishers, manufacturers, or advertising agencies, function in the same fundamental ways as this that underwrote European colonialism. The main difference is that translation now serves corporate capital instead of a nation state, a trading company, or an evangelical program. What remains unchanged is the use of translation practices that establish a hierarchical relationship between the major and the minor languages, between the hegemonic and subordinate cultures. The translations enact a process of identity formation in which colonizer and colonized, transnational corporation and indigenous consumer, are positioned unequally (Venuti 1998: 165).

Ifølgje Lawrence Venuti er altså omsettingsverksemda ein undertrykkande praksis som i altfor høg grad er motivert av utsiktene for økonomisk vinning. Venuti nyttar hegemoni-omgrep for å skildre situasjonen, og meiner altså at omsettingsverksemda er med på å skape

er et skilje mellom hegemoniske kulturar og det han kallar underordna kulturar. I *Scandals of Translation* vert forlag, produsentar og reklamebyrå framheva som aktive aktørar, men ikkje med positivt fortegn. Aktørane vert skulda for å misbruke makta si og undertrykkje minoritetsspråk. Venuti går svært langt i sin argumentasjon og bagatelliserer i litt for stor grad den forbrukermakta folk innehavar. Likevel må det seiast at Lawrence Venuti kjem med viktige poeng og synleggjer den makta store transnasjonale selskap har i omsettingsverksemda.

Lawrence Venuti meiner at det kapitalistiske fokuset til dei mektigaste aktørane i omsettingsverksemda får store konsekvensar for kva slags bøker som vert utvald til omsetting. For Venuti er det store stikkordet her bestselgarar:

Since the 1970s, furthermore, the drive to invest in bestsellers has become so prevalent as to focus on the publisher's attention on foreign texts that were commercially successful in their native cultures, allowing the editorial and translating process to be guided by the hope of a similar performance in a different language and culture. And yet translations that reward investment, especially those that become bestsellers, risk the stigma of scholars and critics who possess the cultural authority to shape taste and affect long-term sales (Venuti 1998: 124).

Høge salstal på originalspråket er altså avgjerande for utveljingsprosessen av bøker, og er dessutan med på å farge sjølve omsettingsprosessen ettersom aktørane ønskjer ei liknande mottaking på omsettingsspråket. Det må poengterast at Venuti er noko generalisande når han forsøker å karakterisere innhaldet i desse bestselgarane. Ifølgje Venuti er det at lesaren kan kjenne seg igjen i handlinga og karakterane ein av dei viktigaste faktorane for at ein roman skal verte ein bestselgar. I realiteten er nok ikkje forholdet mellom innhald og salstal like einsidig. Det er likevel interessant at Venuti forstår desse gjenkjenningstrekka som noko ein må «omsette» for at dei skal få gjennomslag i ein annan kultur, og at dette er med på å viske ut det originale ved bøkene. Venuti meiner dessutan at dette jaget etter bestselgar-materiale kan føre til at bøkene får dårlig omtale frå kritikarar, og at dette igjen kan gje eit negativt lada syn på minoritetsspråket og opphavskulturen. Mottakinga av dei omsette bøkene kan altså bidra til ei nedvurdering av den opphavlege kulturen og språket.

Ein kan stille spørsmål ved om det i det heile er mogleg å bryte den svært negative spiralen som Lawrence Venuti teiknar opp i *Scandals of Translation*. Sjølv meiner han at omsettaranar har eit stort ansvar i denne prosessen, ettersom det er opp til omsettaren å formidle både det lingvistiske og kulturelle særpreget ved eit verk. Dette stiller høge krav til innsikt og kunnskap om både originalspråket og omsettingsspråket, i tillegg til informasjon om dei ulike kulturane. Venuti innrømmer at ikkje alle effektar og funksjonar ved ein tekst kan føreseiast eller kontrollerast, men meiner at dette slett ikkje reduserer omsettaren sitt ansvar:

Yet this element of contingency increases rather than lessens the translator's responsibility to estimate the impact of a project by reconstructing the hierarchy of domestic values that inform the translation and its likely reception. Colonial and postcolonial situations show that translating is best done with a critical resourcefulness attuned to the linguistic and cultural differences that comprise the local scene. Only these differences offer the means of registering the foreignness of foreign cultures in translation (Venuti 1998: 189).

Lawrence Venuti plasserer altså mykje av sjølve ansvaret på omsettaranane, og dette er noko sjølvmotseiande med tanke på den store makta han meiner transnasjonale selskap har.

Omsett litteratur vert i dag langt på veg akseptert som ein viktig del av ei forståing av kva ein skriftkultur er, og det kan argumenterast for at dette feltet er desto viktigare dersom det er snakk om eit minoritetsspråk. Omsetting kan nemleg både vere med på å binde verda saman, og bidra til å differensiere og verne dei ulike kulturane. Denne oppgåva omhandlar spesifikt nynorsk som omsettingsspråk, og sjølv om ikkje alle vil vere einige i at dette er eit minoritetsspråk (noko eg kjem tilbake i neste underkapittel), vil nok mange gå med på at nynorsk i alle fall står i ein spesiell posisjon. Det er derfor svært nyttig at mykje av dagens forsking omhandlar nettopp problematikkar rundt globalisering og maktforhold mellom ulike språk.

3.2 Nynorsk som minoritetsspråk

Sjølv om vi med utgangspunkt i refleksjonane til mellom andre Stephen Walton og Reidun Høydal kan snakke om at nynorsk ber med seg ein mothegeemonisk arv frå 1800-talet, betyr ikkje dette at det er uproblematisk å sjå nynorsk som eit minoritetsspråk. Sidan nynorsk har status som eit offisielt skriftspråk i Noreg, kan dette minoritetsomgrepet oppfattast som både malplassert og feilaktig. Saman med den offisielle skriftspråkstatusen kjem det nemleg rettar, som til dømes regulering av forholdet mellom bokmål og nynorsk i visse instansar. Likevel er det ikkje fullt så einsidig i praksis. Tidlegare direktør i Språkrådet, Arnfinn Muruvik Vonen, er ein av dei som har tatt stilling til denne problematikken, rett nok i samband med ei klargjering av i kva grad nynorsk kan ha særskilde rettar som minoritetsspråk. I artikkelen «Om rettsstillinga til nynorsken» konkluderer Muruvik Vonen med at nynorsk ikkje er eit minoritetsspråk etter dei definisjonane som finst i artikkel 1 i den europeiske minoritetsspråkpakta som Noreg har undertekna, og at skriftspråket derfor ikkje kan seiast å ha særskilde rettar på bakgrunn av dette. Muruvik Vonen karakteriserer nynorsk som ein likeverdig og likestilt variant av det «offisielle» språket norsk, og påpeiker at nynorsk til dømes ikkje berre har offisiell status i visse delar av landet. Arnfinn Muruvik Vonen må rett nok innrømme at nynorsk står i ein spesiell situasjon i Noreg, men vil heller definere skriftspråket som eit mindretalsspråk enn eit minoritetsspråk.

Det at Arnfinn Muruvik Vonen definerer nynorsk som eit mindretalsspråk, heng saman med rettar om vern. Sjølv om nynorsk ikkje har særskilde rettar ettersom det ikkje er eit minoritetsspråk, har det likevel rett til vern dersom det kan defineraast som eit mindretalsspråk. Ifølgje artikkel 3 i minoritetsspråkpakta kan nemleg den ratifiserande staten også verne offisielle språk som er mindre brukt på heile eller delar av språket sitt territorium. Muruvik Vonen konkluderer på Språkrådet sine vegner at: «tilhøvet mellom retten til språk og dei allmenne menneskerettane er for lite utgreidd i norsk samanheng til at Språkrådet vil meine noko om saka i denne omgangen» (Muruvik Vonen 2012). Til tross for dette er altså Muruvik Vonen tydleg på at nynorsk ikkje kan defineraast som eit minoritetsspråk, men heller som eit mindretalsspråk.

Ikkje alle er einige i at den spesielle språkstatusen til nynorsk berre handlar om kvantitet. Språkforsken Tove Bull er ei av dei som meiner at nynorsk kan verte definert som eit minoritetsspråk. I artikkelen «Nynorsk som minoritetsspråk» presiserer ho at det er naudsynt med ein klar definisjon av omgrepene for at ein skal kunne snakke om nynorsk som minoritetsspråk. Ho meiner at:

I eit formelt-juridisk jamstellingsperspektiv gjev det mening å snakke om nynorsk som minoritetsspråk berre om ein definerer «minoritetsspråk» strengt kvantitativt, altså ikkje legg anna i omgrepet enn at nynorsk blir brukt av færre språkbrukarar enn bokmål. Men i gjengs språkbruk tyder «minoritetsspråk» meir enn dette. Eit minoritetsspråk er, i høve til eit majoritetsspråk, ikkje berre karakterisert ved at språkbrukarane er færre, men òg ved at maktforholda er asymmetriske. Majoritetsspråket har i regelen høgare sosial prestisje og slik sett større maktpotensial (Bull 2004).

Tove Bull er altså ikkje einig i at nynorsk berre er i mindretal reint kuantitativt i forhold til bokmål, men meiner at også maktforholda er asymmetriske. Ho meiner vidare at omgrep som likestilling og jamstilling heller tilslører enn avslører dei faktiske språklege forholda.

Tove Bull poengterer at det ikkje alltid har vore stovereint å snakke om nynorsk som minoritetsspråk, «nynorskgjent imellom». Bull meiner derimot at dette er lite hensiktmessig, og konkluderer med at:

Slik eg ser det, er det gode grunnar for å hevde at ein aldri har lykkast i å realisere konstruksjonen «nynorsk som offisielt nasjonalSpråk i Norge». I realiteten har nynorsk alltid vore – og er framleis – eit minoritetsspråk, både i den kuantitative og den meir utvida meiningsa av omgrepene «minoritetsspråk». Og det er i denne utvida tydinga at vi ser at nynorsk deler språksosial lagnad med ei rekke minoritetsspråk verda over, anten dei er «offisielle» språk eller ikkje (Bull 2004).

Ifølgje Tove Bull er det altså ikkje noko poeng i å klamre seg fast til den offisielle statusen dersom språket i praksis er eit minoritetsspråk. Dette fungerer berre som ei grov forenkling av den språklege statusen til nynorsk. Tove Bull går ikkje vidare inn på kva slags konsekvensar det vil få dersom ein aksepterer ein slik minoritetsspråkstatus for nynorsk, men den implisitte

argumentasjonen ser ut til å vere at ein behøver ei realistisk oppfatning av posisjonen til nynorsk for å endre denne til det betre.

Det er nok verken føremålstenleg å idealisere posisjonen til nynorsk eller stadig sjå skriftspråket i eit undertrykt perspektiv. Det er viktig å få fram eit mest mogleg nyansert bilet av språksituasjonen i Noreg for at den skal kunne diskuterast på ein gagnleg måte. Likevel må ein ikkje miste av synet at nynorsk i dag på mange måtar har andre føresetnadar enn bokmål. Juridiske rettar svarer ikkje alltid til realitetane. Maktforholdet mellom nynorsk og bokmål er derfor noko som er heilt sentralt å ta med i denne vurderinga. Likevel er det viktig å ikkje la denne dimensjonen ta overhand. Nynorsk treng til dømes ikkje alltid å kontrasterast mot bokmål for at ein skal få truverdig informasjon.

3.3 Den nynorske lesaren

Som vi har sett, er det ikkje semje om i kva grad eller om ein i det heile kan karakterisere nynorsk som eit minoritetsspråk. I tillegg har vi sett klare synspunkt og argument i retning av at målforma ber med seg ein kulturarv som mothegeemonisk prosjekt. Desse aspekta meiner eg er noko av årsaken til at det eksisterer stereotypiar rundt den såkalla nynorskbrukaren. I forsking er det mellom anna gjort forsøk på å finne likskapar mellom dei som nyttar den nynorske målforma, noko eg meiner inneber ein implisitt argumentasjon om at val av målform heng saman med andre livsval. I artikkelen «Nynorskbrukaren – kven er han?» undersøker Ottar Hellevik nettopp dette. Hellevik nyttar seg av meiningsmålingar og talmateriale frå Norsk Monitor, der nynorskbrukaren vert definert ut frå kva målform ein føretrekker å lese. I artikkelen vert det framlagt undersøkingar om alt frå verdisynt og alkoholbruk til politisk orientering hjå den gjennomsnittlege nynorskbrukaren. Hellevik poengterer at nynorsk lenge har vorte oppfatta som ein motkultur i opposisjon til sentrumskulturen, og dette er noko han meiner får konsekvensar for andre livsval.

Hellevik argumenterer for at lekemannskristendom og fråhaldssaka i likskap med nynorsk er motkulturar i Noreg. Ut frå talmaterialet for år 1995–1999 konkluderer han med at dei som reknar seg som personlege kristne, oftare er nynorskbrukarar enn dei som svarer nei på dette spørsmålet. Dessutan er dei som seier dei aldri smakar alkohol mykje oftare nynorskbrukarar enn dei som gjer det ofte eller av og til (Hellevik 2001: 121). Hellevik meiner også at nynorskbrukarar flest har eit verdisyn og ei politisk orientering som må forklarast ut frå målform, og ikkje til dømes at personane bur på landet eller er vestlendingar. Særpreget til den såkalla nynorskveljaren har auka sidan 1985, kor sentrumspartia og SV/RV har styrka stillinga si på kostnad av Arbeiderpartiet, Høgre og FrP. Hellevik meiner at dette kan ha samanheng med at EU-striden blussa opp på 1990-talet, kor den gjennomsnittlege nynorskbrukaren står mykje sterkare på motstandar- enn tilhengarsida. Verdisynet har endra seg gjennom nitti-talet og er ikkje like tradisjonelt lenger. Hellevik meiner at «relativt til bokmålsfolk er nynorskbrukarane blitt enda meir markert idealistiske og har fått ei overvekt av radikalarar som dei ikkje hadde på midten av åtti-talet (*sic*)» (ibid.: 133). Konklusjonen ser på mange måtar ut til å vere at nynorskbrukaren generelt sett er ein over gjennomsnittet engasjert samfunnsborgar.

Aslaug Nyrnes beveger seg i noko av det same landskapet som Hellevik i avhandlinga *Det (ny)norske mennesket*, men vinklinga og tidsperioden er derimot ulik. *Det (ny)norske mennesket* er ei litterær analyse av familiebladet *For bygd og by*, og avhandlinga var eit nybrottsarbeid då den vart gjeven ut i 1985. *For bygd og by* var det første nynorske familiebladet på riksniivå. Bladet eksisterte frå 1912 til 1932 og hadde eit opplysende og underholdande siktet. Nyrnes tek spesifikt føre seg 1927-årgangen. Innholdet i bladet bestod av ulike tekst- og bildetypar som artiklar, noveller og spalter om tema som klede og matlagning. Siktet med avhandlinga er å avdekke eit kulturmønster innan målrørsla og den frilyndte ungdomslagsrørsla i første halvdelen av 1900-talet. Nyrnes meiner at språkstriden i vidare forstand var eit uttrykk for ein kulturstrid, og at kultur har med danning å gjere. Kampen for landsmålet var også ein kamp for bonde- og bygdekulturen, noko som innebar at landsmålkulturen måtte avgrensast, lyftast og synleggjera (Nyrnes 1985: 9).

Ifølgje Aslaug Nyrnes kan vi lese *For bygd og by* som ein roman om det (ny)norske mennesket sin danningsprosess. Det (ny)norske mennesket er subjektet i teksten og prosjektet til dette subjektet er å skaffe seg ekte norsk danning. Nyrnes meiner at denne danninga vart gjeven av redaksjonen til leserane, men presiserer at *For bygd og by* ikkje var åleine om dette. Subjektet hadde såkalla hjelparar i dette prosjektet og desse hjelparane bestod av to typar. Den eine typen var miljøfaktorar som bygdekulturen og nynorsk litteratur, medan den andre typen var eigenskaper ved det (ny)norske mennesket sitt indre, som reine kjensler, fornuft og kunnskap (Nyrnes 1985: 18). Det eksisterte dessutan to typar motstandarar til danningsprosjektet som bestod av bykulturen med bokmållitteraturen, i tillegg til dumskap og driftsliv som kunne bryte ned mennesket innanfrå (ibid.). Bladet *For bygd og by* illustrerer altså for andre kva som er rett livsførsel, men var ikkje den einaste faktoren som spilte inn i danningsprosessen.

Det (ny)norske mennesket som vert presentert i *For bygd og by* er på mange måtar eit ideal framfor ein realitet. Aslaug Nyrnes meiner at funksjonen til denne idealtypen var å eksemplifisere resultatet av den kulturelle prosessen som bladet skreiv om. Det (ny)norske mennesket måtte vere eit ideal som kunne vise verdien av til dømes rett barneoppseding, ungdomslagsarbeid og lesing av nynorsk litteratur (Nyrnes 1985: 111). Denne positive figuren skulle nære idealismen og auke oppslutninga om vidare arbeid innanfor denne kulturforståinga. Ifølgje Nyrnes styrker altså idealtypen målmiljøets sjølvbilete og fungerer sjølvverifiserande (ibid.). I forordet presiserer Nyrnes at ho no i større grad enn tidlegare ser *For bygd og by* som ein reklametekst for «produktet vi kan kalle ei nynorsk kulturell norm» (ibid.: 4).

Ein kan stille spørsmål ved om undersøkingar og framstillingar av den gjennomsnittlege nynorskbrukaren i likskap med framstillinga i *Frå bygd og by* også fungerer som ein slags reklame. Fokuset er til stadigheit på nettopp likskapar, framfor mangfold. I staden for å verte framstilt som heilt vanlege menneske med ulike verdisyner og interesser, vert det skapt ei tydeleg ramme for kva nynorskbrukarar flest liker eller ikkje. I tillegg still denne framstillinga

i høg grad krav til nynorskbrukaren, mellom anna gjennom oppmodingar om å vere ein medveten og aktiv språkbrukar. Ottar Hellevik meiner til dømes at den radikaliserte utgåva av nynorskbrukaren som markerer seg ved tusenårsskiftet kan verte ein viktig og aktiv deltagar i ein kulturell snuoperasjon som vil vere med på å gje betre vekstvilkår for det nynorske språket (Hellevik 2001: 138). Dette legger utan tvil eit stort press på nynorskbrukarane, og alle vil nok slett ikkje ønske eller vere tent med at målforma til stadigheit vert kopla til slike språkpolitiske mål.

Sjølv om undersøkingar som tek føre seg den gjennomsnittlege nynorskbrukaren er svært interessante, er dei altså ikkje uproblematiske. Problemet med slike undersøkingar er at dei kan vere med på å underbygge allereie eksisterande stereotypiar i samfunnet, eller sjølv skape eit bilet av nynorskbrukarar som slett ikkje alle føler seg heime i. Dette er spesielt interessant i forhold til denne oppgåva ettersom slike framstillingar kan bidra til førestillingar om den såkalla «nynorske lesaren». Dette kan igjen få konsekvensar for kven ein ser på som målgruppa for til dømes nynorsk skjønnlitteratur. Rett nok har ikkje alle som leser nynorske bøker nynorsk som det ein kan kalte hovudmål, men dersom det eksisterer spesifikke førestillingar om målforma eller brukarane av denne, kan dette få konsekvensar for utveljingsprosessen av bøker. Det kan til dømes vere ekstra høge krav til litterær kvalitet eller tematikk dersom den nynorske lesaren vert oppfatta som ein over gjennomsnittet engasjert språkbrukar og samfunnsborgar.

3.4 *The Field of Cultural Production* av Pierre Bourdieu

Ettersom makt er eit viktig aspekt i denne oppgåva, er teoriane til Pierre Bourdieu (1930-2002) svært interessante. Den franske sosiologen Pierre Bourdieu har sidan tidleg på 1970-talet vore ei svært viktig stemme i samfunnsvitskapane. Hovudfokuset i arbeidet til Bourdieu er ulike makttihøve i samfunnet. Trass i at teoriane strekk seg over fleire interessefelt enn sosiologi, er det først i relativt nyare tid at desse teoriane har vorte tatt i bruk i andre fagfelt innanfor humaniora. Litteraturvitaren Toril Moi meiner dette har samanheng med at humaniora tidlegare var dominert av poststrukturalisme og postmodernisme:

En av grunnene til denne relativt sene tverrfaglige interessen er utvilsomt det faktum at hans konsekvent sosiologiske og historiske tanker, som baserer seg mer på klassisk fransk sosiologi, strukturalisme og til og med marxisme enn på senere intellektuelle strømninger, bare i liten grad kunne finne gjenklang i et teoretisk rom som i det minste for humanioras del var dominert av poststrukturalisme og postmodernisme. I dag finner man imidlertid fornyet interesse for kulturproduksjonens avgjørende sosiale og historiske faktorer (Moi 2002: 253).

Litteraturvitenskapen er eit av desse fagfelta kor teoriane til Bourdieu har vist seg spesielt fruktbare, ettersom teoriane tek føre seg både språk, litteratur og estetikk. Den breie interessa betyr derimot ikkje at teoriane vert sett på som uproblematiske. Det er også viktig å poengtere at sjølv om Bourdieu fekk svært stor merksemd for sine teoriar, hadde teoretikarar som Max Horkheimer og Theodor Adorno utført viktige arbeid om den såkalla «kulturindustrien» før Bourdieu kom på bana.

Eit nøkkelomgrep når ein diskuterer Pierre Bourdieu sine teoriar er *sosiale felt*. Bourdieu meiner at det sosiale rommet er inndelt i ulike sosiale felt. Desse felta er definert som eit konkurransesystem kor deltakarane kjempar om å beherske det aktuelle feltet:

The field, as a field of possible forces, presents itself to each agent as a *space of possibles* which is defined in the relationship between the structure of average chances of access to the different positions [...] and the dispositions of each agent, the subjective basis of the perception and appreciation of the objective chances (Bourdieu 1993: 64).

Deltakarane kjempar altså om ulike posisjonar og for å kunne hevde seg treng dei spesifikk kapital. Denne kapitalen er i likskap med den eventuelle gevinsten definert ut frå feltet sin *habitus*:

[...] the objective probabilities (of economic or symbolic profit, for example) inscribed in the field at a given moment only become operative and active through ‘vocations’, ‘aspirations’ and ‘expectations’, i.e. in so far as they are perceived and appreciated through the schemes of perception and appreciation which constitute a *habitus* (ibid.).

Kapitalen i eit felt er altså definert ut frå feltets habitus, og habitusen kan slik sett seiast å styre strategiane og praksisane i feltet. Det er viktig å poengtere at dette skjer på eit umedvete nivå. Reglane i feltet er underforstått og kan samanliknast med omgrepene normer.

Med dei tidlegare nemnte omgrepene som bakteppe kan ein byrje å snakke om meir spesifikke felt og deira struktur. I *The Field of Cultural Production* undersøker Pierre Bourdieu det kulturelle feltet og korleis ulike maktstrukturar er med på å forme den kulturelle produksjonen i samfunnet. Temaet i desse artiklane er både kultur generelt, og meir spesifikt kunst og litteratur. Det litterære feltet er sjølvsagt spesielt interessant i dette tilfellet. Det som står på spel i det litterære feltet, er ifølgje Bourdieu makta til å definere kven som har rett til å kalle seg forfattar:

In short, the fundamental stake in literary struggles is the monopoly of literary legitimacy, i.e., *inter alia*, the monopoly of the power to say with authority who are authorized to call themselves writers; or to put it another way, it is the monopoly of the power to consecrate producers or products [...] (Bourdieu 1993: 42).

Slik sett er det altså ikkje berre eit spørsmål om litterær kvalitet i det litterære feltet, men om makt. Det er underforstått at denne makta kan verte misbrukt. Toril Moi forklarar det på denne måten: «De mektige innehaverne av symbolsk kapital blir til utøvere av symbolsk makt og således av symbolsk vold.» (Moi 2002: 256). Ulike instansar med mykje symbolsk kapital kan altså bidra til å kneble eller sensurere delar av den litterære produksjonen.

Bourdieu meiner at kampen i det litterære feltet handlar om to ulike prinsipp, det heteronome og det autonome. Det heteronome prinsippet baserer suksess på sal av bøker, noko som sjølvsagt er føremålstenleg for dei som dominerer feltet økonomisk og politisk. Det autonome prinsippet baserer seg på litterær prestisje, noko som inneber at økonomisk suksess kan verte sett på som eit teikn på kompromiss. Bourdieu hevdar at forfattarar som er opptatt av det autonome står svakare enn konkurrentane:

In this struggle, the artists and writers who are richest in specific capital and most concerned for their autonomy are considerably weakened by the fact that some of their

competitors identify their interests with the dominant principles of hierarchization and seek to impose them even within the field, with the support of the temporal powers (Bourdieu 1993: 41).

Det er altså ikkje berre mektige instansar som utøver symbolsk vold som er med på å sensurere det litterære feltet, men òg dei deltagarane som støtter opp om dette heteronome prinsippet. Det er likevel viktig å poengtere at også tilhengarane av det autonome prinsippet har eit maktmiddel, nemleg å nedvurdere den meir heteronome litteraturen med termar som «bourgeois» og «populærlitteratur». Kampen i det litterære feltet kan altså føre til ei polarisering av litteraturen i to tilsynelatande uforsonlege kategoriar «høgkultur» og «lågkultur».

Toril Moi stiller spørsmål ved om Bourdieu antyder at sosiale maktstrukturer *alltid* vil sigre (Moi 2002: 255). Dette er ei legitim problemstilling ettersom hovudfokuset i teoriane til Bourdieu er undersøking og kartlegging, framfor å presentere ei løysing på resultata. Dei dystre konklusjonane og mangelen på konkrete løysingar har fått nokre til å kalle teoriane for dystopiske. Dystopisk eller ikkje: I dei tilfella der Bourdieu tilbyr løysingar er han tydeleg *marxiserande*. Det er svært dramatiske tiltak som må til for å skape endring i samfunnet, nemleg ein såkalla *symbolsk kamp*. Ifølgje Bourdieu må ei kollektiv handling for å organisere ein symbolsk kamp til for å kunne sette spørsmålsteikn ved dei eksisterande maktstrukturane i samfunnet. Ei krise er altså eit naudsynt verkemiddel for å skape endring av det sjølvsagte i det sosiale rommet. Det er derimot ikkje sjølvsagt at ein slik kamp vil gje dei ønska resultata, ettersom dei herskande i feltet har mykje makt. Det kan likevel skape opplysing sidan tidlegare private erfaringar vert offentleg uttrykt og slik sett allemannseige (ibid.: 260). Å avdekke grunnlaget for dei eksisterande maktstrukturane i samfunnet kan bidra til forandring. I det den symbolske valden er gjort synleg, kan den ikkje lenger fungere som symbolsk vald.

Den amerikanske sosiologen Jeffrey Alexander er ein av dei som har retta krass kritikk mot Pierre Bourdieu sine teoriar. I artikkelen «The Reality of Reduction: The Failed Synthesis of Pierre Bourdieu» overlèt han liten tvil om sine synspunkt:

[...] I will argue in this essay that Bourdieu's sociology is irredeemably flawed, in theoretical as well as in empirical terms, and ultimately in ideological and moral terms as well. It distorts the nature of action and order and misunderstands the basic institutional and cultural structures, let alone the moral and human possibilities, of contemporary life (Alexander 1995: 130).

Alexander meiner vidare at det er svært forunderleg at teoriane til Bourdieu har klart å få ein slik dominant posisjon i samfunnsvitskapane sjølv etter kommunismens død. Med dette siktet han sjølvsagt til dei marxistiske elementa i teoriane. Han forklarar årsaken på denne måten: «Perhaps it is the failure to recognize the cultural thrust of every important form of twentieth-century Marxism that has made Bourdieu's own Marxist lineaments so invisible to so many. His American interpreters [...], for example, tend to deny or overlook this fundamental theoretical link.» (ibid.: 128). Alexander meiner altså at den marxistiske dimensjonen i Bourdieu sine teoriar vert underkommunisert, men dette er ei noko forenkla framstilling av situasjonen. Det er ikkje alltid snakk om ei fornekting, men heller ei haldning der ein vedkjenner at maktstrukturar i samfunnet kan vere eit interessant analyseverktøy, sjølv om ein ikkje naudsynleg deler det marxistiske grunnsynet.

Etter kvart som stadig fleire kritikarar har stilt spørsmål ved dei marxistiske elementa i teoriane til Bourdieu, har også stadig fleire av tilhengarane kome på banen med argument *for* denne dimensjonen. Ein del av forsvaret har gått ut på å differensiere Bourdieu sine teoriar frå viktige marxistiske teoretikarar. Dette har nok handla like mykje om å vise originaliteten og relevansen til Bourdieu sine teoriar, som å skulle underbygge dei marxistiske elementa. Det er nemleg slett ikkje alle som ser på desse elementa som problematiske. Dag Østerberg legg ikkje skjul på dette i det norske forordet i *Distinksjonen*: «Sosiologisk sett gir *Distinksjonen* et bidrag til læren om samfunnsklassene, slik den ble grunnlagt av Marx og Weber.» (Østerberg 1995: 16). Han meiner vidare at også hensikta med teoriane kan verte kopla til marxismen: «Hva Bourdieu ser frem til er vel – igjen som Marx – at den vitenskapelige tenkemåten befris fra sin borgerlige og distingverte forfalskende og undertrykkende drakt – et ‘klasseløst samfunn’ hvor den vitenskapelige fornufta er noe alle har del i.» (ibid.: 20). Sjølv om mange ikkje deler dette marxistiske synet og ofte finn det problematisk, har teoriane likevel vist seg svært fruktbare som eit springbrett til diskusjon.

Jeffrey Alexander er først og fremst ein representant for kultursosiologien, og han fokuserer på enkeltindividets høve til å lausrive seg frå gjevne rammer. Her ser vi ein sterk kontrast til Bourdieu sine teoriar, der ein kan få inntrykk av at sosiale maktstrukturar alltid sigrar. Sosiologiske studiar av kultur handlar altså slett ikkje berre om maktstrukturar, og mange av dagens viktigaste retningar står i direkte opposisjon til Bourdieu sine teoriar. Kunnskap om dette er noko som kan bidra til eit meir nyansert syn på teoriane til Pierre Bourdieu.

Makt får eit svært negativt forteikn hjå Bourdieu, noko som ikkje er eit fullt så fruktbart perspektiv i denne oppgåva. Poenget er nemleg ikkje å avsløre ei såkalla knebling eller sensurering av feltet, eller å oppmode til nokon symbolsk kamp. Poenget er heller å synleggjere aktørane i feltet og den makta dei har til å forme denne delen av den nynorske skriftkulturen. Spesielt sentralt står spørsmålet om korleis dei mektigaste aktørane ønskjer å profilere seg, og om dette eventuelt heng saman med stereotypiar rundt deltakarane i feltet, altså den såkalla «nynorske lesaren». Dette kan skje både på eit medvetent og umedvetent nivå. Haldninga mi er at eventuelle hól i den nynorskomssette kanon kan verte «tetta» dersom dette kjem på dagsordenen. Makt har altså eit meir positivt forteikn i denne oppgåva. Teoriane til Bourdieu tilbyr likevel nyttige omgrep for å diskutere spørsmål rundt det litterære feltet og makt, og dette er noko eg vil kome tilbake til seinare i oppgåva når tala skal koplast opp mot teorien.

3.5 *Theory of the Avant-Garde* av Peter Bürger

Sjølv om teoriane til Pierre Bourdieu er svært interessante, er dei òg svært generelle. Det er her teoriane til Peter Bürger kjem inn. Peter Bürger (1936) er ein tysk litteraturforskar som i sitt forskingsarbeid har hatt fokus på den historiske forandringa av den litterære institusjonen. Bürger har vekt internasjonal oppsikt med verket *Theory of the Avant-Garde*, ettersom dette er eit viktig bidrag i debatten rundt modernisme og avantgarde. *Theory of the Avant-Garde* er opphavleg tysk, men er omsett til både norsk og engelsk. Eg har valt den engelske utgåva,

ettersom eg nyttar dei engelske omsettingane av arbeida til både Pierre Bourdieu og Jeffrey Alexander. Alternativet ville vore å omsette sitata til norsk og då er eg redd nyansar kunne gått tapt.

Det som står spesielt sentralt i teorien til Bürger er korleis avantgarde skil seg frå andre kunstnariske retningar. Ifølgje Bürger representerer den avantgarde retninga eit klart brot med tidlegare straumdrag:

Artistic means is undoubtedly the most general category by which works of art can be described. But that the various techniques and procedures can be *recognized* as artistic means has been possible only since the historical avant-garde movements. For it is in the historical avant-garde movements that the totality of artistic means becomes available as means. Up to this period in the development of art, the use of artistic means had been limited by the period style, an already existing canon of permissible procedures, an infringement of which was acceptable only within certain bounds (Bürger 1984: 18).

Avantgarde er altså ikkje bunden av periodiske stilkrav, men representerer tvert imot eit samfunnsendrande brot. Dette kan gje assosiasjonar til modernisme, som òg handlar om brot med det tradisjonelle, men for Bürger er det tvert imot ein klar forskjell mellom modernisme og avantgarde, nemleg sjølvkritikk.

Det som kjenneteiknar avantgarde-kunst er ifølgje Bürger at den inneheld sjølvkritikk: «[...] with the historical avant-garde movements, the social subsystem that is art enters the stage of self-criticism. Dadaism, the most radical movement within the European avant-garde, no longer criticizes schools that preceded it, but criticizes art as an institution, and the course its development took in bourgeois society.» (Bürger 1984: 22). Avantgarde-kunst vender seg altså innover mot seg sjølv på den måten at den kritiserer sjølve institusjonen kunst. Modernisme derimot, er eit angrep på tradisjonelle teknikkar og inneheld ifølgje Bürger ikkje denne sjølvkritiske dimensjonen. For å vere sjølvkritisk må kunsten også vere fri for politiske boddskap: «The self-criticism of the social subsystem that is art can become possible only when the contents also lose their political character, and art wants to be nothing other than

art.» (ibid.: 26-27). Dette gjev assosiasjonar til Pierre Bourdieu sine tankar rundt det heteronome og autonome prinsipp.

I likskap med Bourdieu er Bürger inne på det autonome i kunsten. Ifølgje Bürger er kunstens autonomi «[...] a category whose characteristic is that it describes something real [...] but simultaneously expresses this real phenomenon in concepts that block recognition of the social determinacy of the process.» (Bürger 1984: 36). I motsetnad til Bourdieu forsøker Bürger å tidfeste autonomien. Bürger meiner at «autonomous art» først oppstod på 1700-talet, i samband med utviklinga av det han kallar «the bourgeois society». På denne tida opplevde borgarskapet større politisk makt i samfunnet i takt med den økonomiske veksten, noko som fekk konsekvensar for kunsten. Bürger poengterer derimot at denne såkalla autonome kunsten ikkje er udiskutabel: «[...] the autonomy status of art within bourgeois society is by no means undisputed but is the precarious product of overall social development. That status can always be called into question by society (more precisely, society's rulers) when it seems useful to harness art once more.» (ibid.: 24). Ifølgje Bürger finst det altså ein maktdimensjon også i den autonome kunsten, noko som fører til stadig endring.

Også på 1900-talet skjer det ifølgje Bürger ei svært viktig utvikling i den kunstnariske institusjonen: «What has occurred is the total subordination of work contents to profit motives, and a fading of the critical potencies of works in favor of a training in consumer attitudes (which extends to the most intimate interhuman relations).» (Bürger 1984: 30). Bürger meiner altså at framveksten av eit kapitalistisk samfunn på 1900-talet får store konsekvensar for kunsten. Kunst er ikkje lenger «kunst for kunstens skyld», men vert styrt av ønsket om profitt, noko ein kan sjå i samanheng med Adorno og Horkheimer sitt omgrep om kulturindustri. Dette får òg spesifikke konsekvensar for litteraturen. Bürger argumentarar for at populær litteratur er ei falsk form for opphøgning av kunsten som institusjon:

This brief allusion will show that the theory of the avant-garde can also serve to make us understand popular literature and commodity aesthetics as forms of a false sublation of art as institution. In late capitalist society, intentions of the historical avant-garde are being realized but the result has been a disvalue (ibid.: 54).

Intensjonane frå den historiske avantgarde vert altså realisert også i det kapitalistiske samfunnet, men resultatet er ifølgje Bürger av liten verdi.

Peter Bürger skil klart mellom avantgarde og modernisme i sine teoriar. I tillegg differensierer han populær litteratur frå dei to andre kategoriane. Dette gjer det mogeleg å diskutere «funksjonen» til ulike typar litteratur på ein meir konkret måte enn dersom ein berre opererer med det meir diffuse skiljet mellom høgkultur og lågkultur. Med bakgrunn i kategoriane til Bürger kan ein undersøke om skjønnlitteraturen som vert gjeven ut i dag, hovudsakeleg representerer samfunnsmessige brot, inneheld sterkt sjangerkritikk eller er meir marknadsretta. Dette kan derimot sjå ut til å forplikte ein til å analysere enkelst  ende verk, noko som vanskeleg lar seg gjere i denne oppg  va sidan talet p   b  ker er h  gt. Poenget i oppg  va er heller ikkje    analysere kvart enkelt verk, men    sj   p   tendensar gjennom talmaterialet.

Det    ta i bruk omgrepa til Peter Bürger i ei analyse av straumdrag i den omsette skjønnlitteraturen p   nynorsk er dessverre ikkje heilt uproblematisk. Omsett litteratur er nemleg i ein spesiell situasjon ettersom den f  rst vert gjeven ut p   eit originalspr  k og deretter omsettast, noko som f  r sp  rsm  let om kor avantgarde noko kan vere n  r det vert gjeve ut for andre gong til    reise seg. Akt  rane har eit unikt h  ve til    velje ut b  ker basert p   mottakinga i andre land, noko ein berre kan gjere ei kvalifisert gjetting om ved fyrsteutgjevingar. Ein kan alts   ganske spesifikt velje ut b  ker som allereie har gjort stor kommersiell suksess p   opphavsspr  ket, eller som har vorte sv  rt kritikarrost. Ein kan argumentere for at sj  lve innhaldet i b  kene held fram med    vere anten avantgarde eller modernistisk, uavhengig av om b  kene vert omsett eller ikkje. Sp  rsm  let er derimot kor avantgardiske *akt  rane* kan vere i ein slik situasjon. Ein veit rett nok aldri korleis mottakinga av eit skjønnlitter  rt verk vil verte i eit nytt land, men ein har alts   likevel andre indikasjonar    st  tte seg p   enn om ein gjev ut ei ny bok p   eit originalspr  k. Omgrepa til Bürger er likevel h  gst interessante sidan dei er eit nyttig verkt  y for    kategorisere ulike verk. Ein m   berre hugse at det her ikkje naudsynleg er snakk om at akt  rane sj  lve tek avantgardiske val, men heller at dei vel   


omsette bøker som til dømes har vorte oppfatta som avantgardiske, fordi dei tenkjer at dette passar til målgruppa.

Kapittel 4 – Statistikk

4.1 Innsamlingsprosessen

Når vi no skal gå over til presentasjonen av sjølve talmaterialet, er det naudsynt med nokre merknader rundt innsamlingsprosessen. Val av database, i tillegg til informasjon om Deweys desimalklassifikasjon og automatiseringa av søket er diskutert i kapittel 2 som omhandlar det metodiske bakteppet. I det følgjande kjem meir detaljert informasjon om innsamlingsprosessen, i tillegg til eit utdrag av sjølve koda. Språket vil i dette kapittelet vere langt meir «teknisk» og kortfatta enn det som har vore tilfellet tidlegare i oppgåva. Dette kjem av at fokuset her er på å presentere det statistiske materialet, framfor å tolke informasjonen. Talmaterialet vil verte kopla opp mot teorien i kapittel 5.

Etter at Norbok var valt som database, starta sjølve innsamlingsarbeidet. Denne prosessen kan delast i to deler, noko som er illustrert nedanfor:



Den første delen av prosessen bestod altså av å laste ned databasen. Det vart lagt vekt på at Norbok ikkje skulle verte utsatt for meir belastning enn nødvendig, og nedlastinga vart derfor

utført over fleire timer på nattetid. Listene som vart lasta ned er basert på informasjonen frå Norbok som er oppgitt i NORMARC-format, og ein er derfor avhengig av at desse er likt og korrekt utført for kvart verk. Dersom noko er registrert feil eller står på feil linje i NORMARC-formatet vert dette også feil i den ferdige tabellen i Excel. Dette høyrer til sjeldanheitene og er som regel enkelt å oppdage når ein får informasjonen framstilt i ein tabell. Eit årstal vil da til dømes få ein feilkode som «260» og dette må endrast manuelt i Excel. Alle opplagte registrerings- og symbolfeil er forsøkt retta, bortsett frå under kategoriane «forfattar» og «omsettar». I dei tilfella der det er involvert ein tredje person, som til dømes ein illustratør, kan linjene ha vorte forskyvd i NORMARC og namnet kan dermed ha vorte registrert feil i listene. Dette har ført til at nokre omsettalar er oppgitt som forfattalar i Excel og liknande. Det er svært tidkrevjande å rette denne type feil manuelt, og sidan dette ikkje får konsekvensar for sjølve talmaterialet, har eg valt å la denne informasjonen få stå som den er. Dersom ein ønskjer å undersøke eit verk meir i detalj, kan ein dobbeltsjekke forfattar og omsettar, i tillegg til å finne meir informasjon, ved å søke på tittel eller dewey-nummer i Norbok (her: <http://www.nb.no/baser/norbok/>).

Den andre delen av innsamlingsprosessen bestod av å tolke dei data som kom fram. For å gjere denne delen av prosessen mindre tidkrevjande, vart det oppretta eit python-script som kunne utføre dei repetitive oppgåvene, som til dømes å utføre søk på kvart språk, opne kvart enkelt treff og lagre info om alle bøkene. Koda er utforma så generelt at den kan takast i bruk av andre til liknande formål. Nedanfor er eit utdrag frå koda.

```

""" Parser for generating statistics on translated books from Norbok """
import urllib2
import time
import os
import argparse
import sys

INDEX_TITLE = 0
INDEX_PUBLISHER = 1
INDEX_ALIASED_PUBLISHER = 2
INDEX_YEAR = 3
INDEX_DEWEY = 4
INDEX_AUTHOR = 5
INDEX_TRANSLATOR = 6
INDEX_LANGUAGE = 7
INDEX_GENRE = 8

ALIASES = {}
DEWEY_NUMBERS = {}

def main():
    """ Parses command line arguments and runs methods accordingly """
    parser = argparse.ArgumentParser(
        description='Parser for the norbok book database')
    parser.add_argument('--download', dest='download',
                        action='store_true', help='Download database')
    parser.add_argument('-lf', '--languagefile', type=str, required=False,
                        help='Path to file with language codes ' +
                        '(Required for --download option)')
    parser.add_argument('-sy', '--startyear', type=int, required=False,
                        help='Earliest publishing year for books to download' +
                        ' (Required for --download option)')
    parser.add_argument('-ey', '--endyear', type=int, required=False,
                        help='Latest publishing year for books to download' +
                        ' (Required for --download option)')

```

For fullstendig kode, sjå «Vedlegg1_Kode». For å opne dette vedlegget må ein først høgreklikke på mappa og trykke på «pakk ut filer» eller «pakk ut her». Filene «langs», «dewey» og «aliases» inneheld dei ovannemnte listene. For å opne sjølve koda må ein høgreklikke på fila «NorbokParse» og velje «Edit with IDLE». Koda vil da komme opp med kvit bakgrunn og ha omtrent same utforming som nedanfor.

```

def download_all_posts(translated_language, start_year, end_year, lang_file):
    """ Downloads all posts of books translated to a given language
    published in a given range """
    languages = read_file(lang_file)
    for i, lang in enumerate(languages):
        links = get_links(lang, translated_language, start_year, end_year)
        download_string = "(" + str(i) + "/" + str(len(languages)) + \
                          ") Downloading " + lang
        for j, link in enumerate(links):
            sys.stdout.write('\r' + download_string + ' %d%%' % \
                            ((float(j) / float(len(links)))*100))
            sys.stdout.flush()
            time.sleep(1) # Sleep to not overload servers
            download_file(link, 'posts_' + translated_language +
                           '/' + lang + '/' + str(j) + '.txt')
        print '\r' + download_string + ' 100%'
        time.sleep(1) # Sleep to not overload servers

def read_all_posts(translated_language):
    """ Reads all local posts of books translated to a given language """
    if os.path.isdir('posts_' + translated_language) is False:
        print ('The language "' + translated_language +
              '" was not found.' +
              ' You might have to download it using --download first')
        sys.exit(1)
    posts = []
    for folder in os.listdir('posts_' + translated_language):
        for txt_file in os.listdir('posts_' + translated_language +
                                   '/' + folder):
            posts.append(parse_post(
                read_file('posts_' + translated_language + '/' + folder + '/' +
                          txt_file), folder))
    return posts

def load_dewey_numbers(path):
    """ Loads a file of dewey numbers and names """
    lines = read_file(path)
    dewey_dictionary = {}
    for line in lines:

```

Etter at koda var komplett vart resultata skrivne inn i eit .xls-dokument, kalla «Vedlegg2_Statistikk». Den øvste og største tabellen inneholder alle registreringar i Norbok for skjønnlitterære verk omsett til nynorsk mellom 1990 og 2010. Tabellen inneholder også informasjon om forlag, språk og sjanger. Det må takast atterhald om at det kan vere små registreringsfeil eller feil i søkefunksjonen til Norbok, men manuelle kontrollsøk og stikkprøver tyder på at talmaterialet skal vere mest mogleg korrekt.

4.2 Inndeiane merknader

Skjønnlitteratur er breitt definert i Deweys desimalklassifikasjon. Sidan Norbok nyttar ein versjon av dette klassifikasjonssystemet, er dette også tilfellet her. Skjønnlitteratur inkluderer ikkje berre romanar, noveller og lyrikk, men også mellom anna barnelitteratur og drama. Talmaterialet i denne oppgåva inneheld derfor eit spenn av ulike skjønnlitterære sjangrar. Dei statistiske framstillingane gjer det enkelt for lesaren å undersøke kor stor prosentdel dei forskjellige sjangrane utgjer. Barnebøker utgjer til dømes så mykje som 41 % av verka, og dersom ein er interessert i totalen utan denne store kategorien, kan ein enkelt trekke frå dette frå totalen. Totalen vert da 360 verk ($606 - 246 = 360$).

Innanfor kvar sjangerkategori er det stor variasjon, men dette er det dessverre vanskeleg å fange opp statistisk. For å gjere dei statistiske framstillingane mest mogleg hensiktsmessige, har eg heller vore tvungen til å gjere sjangerinndelinga meir generell enn spesifikk. Det er likevel verdt å inkludere ein merknad om dette, og eg ønskjer spesielt å trekke fram barnelitteraturen. Her finner ein alt frå peikebøker til ungdomsbøker. Mangfaldet er altså stort når det kjem til sjangerfordeling.

Lydbøker er også ein del av talmaterialet i denne oppgåva, men desse er noko vanskelegare å «luke ut», ettersom dei ikkje er registrert på nokon spesifikk og konsekvent måte i NORMARC-formatet. Dersom ein er interessert i kor mange av dei 606 verka som er lydbøker, er det altså vanskeleg å finne det eksakte talet. Ein kan likevel rekne med at det er snakk om over 14 verk, ettersom Lydbokforlaget berre gjev ut lydbøker. Fleire av lydbøkene er gjevne ut i tillegg til den trykte utgåva av verket, og begge utgåvene vil då vere inkluderte i talmaterialet. I nokre tilfelle har også dei trykte verka vorte gjevne ut i fleire utgåver. Sidan dette kan seie noko om populariteten til, og satsing på det aktuelle verket, har eg valt å inkludere dei ulike utgåvene av same verk. Nokre av verka står derfor oppført fleire gonger under ulike årstal.

I «Vedlegg2_Statistikk» har eg som tidlegare nemnt valt å inkludere ein tabell med oversikt over alle dei 606 verka som utgjer talmaterialet i denne oppgåva. Dette er gjort for at lesaren skal kunne ha full oversikt over kva talmaterialet består av. Tabellen er òg utforma på ein slik måte at lesaren enkelt skal kunne innhente denne informasjonen ved å filtrere innhaldet. Har ein til dømes eit ønskje om å finne ut kva slags bøker dei fem islandske verka er, trykkjer ein på pila ved kategorien «Opphavleg språk» (hugs å trykke på «aktiver redigering» dersom dette står øvst i dokumentet). Då får ein opp ei liste kor ein kan krysse vekk «merk alle» og deretter markere «ice» (forkortinga for islandsk i dewey). Då kjem dei fem verka opp og ein kan undersøke dei nærmare. Den vesle tabellen som ligg under denne lista er «stikkprøvane» frå tidlegare år og tala frå denne telles ikkje med. Det er viktig å vere merksam på at den første og største tabellen er det resten av dei statistiske framstillingane er basert på. Dersom ein berre syner dei islandske verka vil dette få konsekvensar for resten av .xls-dokumentet. Ein må derfor trykke på «merk alle» igjen før ein går vidare i dokumentet. Pilene ved kvar kategori gjer det òg mogleg å sortere materialet alfabetisk eller frå minste til største årstal, alt ettersom kva ein ønskjer, og dette får ikkje nokre konsekvensar for resten av dokumentet.

I det følgjande underkapittelet har eg valt å inkludere både tabellar og diagram. Årsaken til dette er at tabellar ofte er enklare å hente ut konkrete tal frå, medan diagram fungerer godt som ei visuell framstilling av utvikling og fordeling. Eg ønskjer altså at lesaren skal ha begge deler enkelt tilgjengelig i oppgåva. Dersom ein tabell eller eit diagram har vore overflødig eller lite hensiktsmessig å ha med i sjølve oppgåva, har den vorte utelatt. Desse finn ein derimot i «Vedlegg2_Statistikk», og dette står da spesifisert under merknader.

4.3 Tabellar og diagram


Tabellar og diagram som omhandlar *tidsutvikling*:

FIGUR 1.1

Årstal	Tal på utgjevingar
1990	6
1991	19
1992	15
1993	31
1994	35
1995	20
1996	25
1997	30
1998	29
1999	34
2000	38
2001	29
2002	41
2003	27
2004	29
2005	32
2006	28
2007	39
2008	40
2009	29
2010	27
Totalt:	603

Merknader: I talmaterialet er det tre verk med ukjent utgjevingsdato. Det står oppgitt at verka gjevne ut på 1990-talet, men eksakt år er altså ukjent. Desse verka er utelatt frå oversynet over tidsutviklinga, og totalen vert derfor her 603 verk, framfor 606 som er den eigentlege totalen.

FIGUR 1.2



FIGUR 1.3

Årstal	Tal på utgjevingar
1950	0
1960	7
1970	0
1980	0
Totalt:	7

Merknader: For å få ein indikasjon på kor høgt talet på utgjevingar var før 1990, vart det tatt «stikkprøver» frå kvart tiår tilbake til 1950. Talmaterialet viste seg å vere svært lågt, og eg har derfor valt å inkludere ein tabell i «Vedlegg2_Statistikk» med oversikt over alle verka. Det er snakk om sju verk frå 1960 og eitt verk frå 1959, altså åtte verk totalt. Sidan talet var så lavt, tok eg kontakt med Norbok for å sjekke om dette resultatet var reelt (kontaktperson Ingrid


Vaalund, 16. mars 2016). Brukarrettleinga ved Norbok meiner at det lave talet på omsette skjønnlitterære verk skal vere reelle, ettersom registreringane i databasen er fullstendige og dekker det som er pliktavlevert. Dersom pliktavleveringa har svikta, har registreringane vorte skaffa på annan måte. Dei presiserer at dersom eg skulle henta ut tal frå år før 1950 ville dette vorte meir komplisert, ettersom bøker ikkje vart klassifisert før 1956 og ein dermed ikkje kan søke spesifikt på skjønnlitteratur. Ein kan ikkje gjere tilsvarande sok i Oria.

Tabellar og diagram som omhandlar *språk*:


FIGUR 2.1

Opphavleg språk	Tal på utgjevingar	Prosent
Arabisk (ara)	2	0 %
Bulgarsk (bul)	1	0 %
Katalansk (cat)	1	0 %
Tsjekkisk (cze)	1	0 %
Dansk (dan)	41	7 %
Nederlandsk (dut)	26	4 %
Engelsk (eng)	133	22 %
Estisk (est)	5	1 %
Færøysk (fao)	9	1 %
Finsk (fin)	7	1 %
Fransk (fre)	78	13 %
Tysk (ger)	56	9 %
Klassisk gresk (grc)	5	1 %
Gresk (gre)	1	0 %
Hebraisk (heb)	1	0 %
Kroatisk (hrv)	3	0 %
Islandsk (ice)	5	1 %
Italiensk (ita)	21	3 %
Japansk (jpn)	1	0 %
Latin (lat)	3	0 %
Makedonsk (mac)	1	0 %
Fleirspråkleg (mul)	8	1 %
Bokmål (nob)	11	2 %
Gammelnorsk (non)	35	6 %
Farsi (per)	3	0 %
Polsk (pol)	1	0 %
Portugisisk (por)	2	0 %
Russisk (rus)	12	2 %
Slovakisk (slo)	1	0 %
Samisk (sme)	1	0 %
Spansk (spa)	14	2 %
Serbisk (srp)	2	0 %
Svensk (swe)	115	19 %
Totalt:	606	100 %

FIGUR 2.2



FIGUR 2.3




Merknader: For å redusere talet på variablar er det berre dei fem språka med flest utgjevingar som er framstilt i Figur 2.3. Berre spesifikke årstal er inkludert, derfor manglar det tre franske verk. Sjå «Vedlegg2_Statistikk» for tabelloversikt over alle fem språka.

Tabellar og diagram som omhandlar *sjanger*:

FIGUR 3.1

Sjanger (Dewey)	Tal på utgjevingar
Afro-Asiatic literatures, Semitic literatures	4
Altaic, Uralic, Hyperborean & Dravidian	9
American fiction in English	15
American poetry in English	11
Children's literature	246
Classical Greek epic poetry & fiction	1
Drama	109
East Indo-European & Celtic literatures	22
English fiction	10
English miscellaneous writings	1
English poetry	12
French fiction	28
French miscellaneous writings	1
French poetry	9
German fiction	3
German letters	1
German miscellaneous writings	1
German poetry	6
Italian fiction	4
Italian poetry	9
Latin poetry	3
Literatures of East & Southeast Asia	1
Occitan & Catalan literatures	1
Other Germanic literatures	86
Portuguese literature	2
Rhetoric & collections of literature	4
Spanish fiction	1
Spanish poetry	6
Totalt:	606

FIGUR 3.2



FIGUR 3.3

Sjanger (Dewey)	Tal på utgjevingar	Alias
Afro-Asiatic literatures, Semitic literatures	4	Dikt / poesi / lyrikk
Altaic, Uralic, Hyperborean & Dravidian	9	Roman / novellesamling / forteljing
American fiction in English	15	Roman / novellesamling / forteljing
American poetry in English	11	Dikt / poesi / lyrikk
Children's literature	246	Barnelitteratur
Classical Greek epic poetry & fiction	1	Dikt / poesi / lyrikk
Drama	109	Drama
East Indo-European & Celtic literatures	22	11 drama, 9 lyrikk, 2 roman
English fiction	10	Roman / novellesamling / forteljing
English miscellaneous writings	1	Dikt / poesi / lyrikk
English poetry	12	Dikt / poesi / lyrikk
French fiction	28	Roman / novellesamling / forteljing
French miscellaneous writings	1	Dikt / poesi / lyrikk
French poetry	9	Dikt / poesi / lyrikk
German fiction	3	Roman / novellesamling / forteljing
German letters	1	Øvrig
German miscellaneous writings	1	Øvrig
German poetry	6	Dikt / poesi / lyrikk
Italian fiction	4	Roman / novellesamling / forteljing
Italian poetry	9	Dikt / poesi / lyrikk
Latin poetry	3	Dikt / poesi / lyrikk
Literatures of East & Southeast Asia	1	Drama
Occitan & Catalan literatures	1	Drama
Other Germanic literatures	86	35 øvrig, 32 drama, 11 lyrikk, 8 roman
Portuguese literature	2	Dikt / poesi / lyrikk
Rhetoric & collections of literature	4	Dikt / poesi / lyrikk
Spanish fiction	1	Roman / novellesamling / forteljing
Spanish poetry	6	Dikt / poesi / lyrikk
Totalt:	606	

Merknader: Sjangerkategoriane i figur 3.1 og 3.2 er basert på inndelinga i Deweys desimalklassifikasjon. Denne inndelinga gjev mykje nyttig informasjon, men det er òg naudsynt med ei meir generell inndeling for å kunne snakke om sjanger uavhengig av språk. I denne «alias»-inndelinga er til dømes amerikansk, engelsk, fransk, tysk, italiensk, latinsk og spansk poesi samla i éin kategori, «dikt / poesi / lyrikk». For dei språka der sjanger allereie var spesifisert i Dewey, gav dei nye kategoriane seg sjølv og det var berre naudsynt med stikkprøvar. For dei språka som berre hadde ei generell sjangerinndeling med fellesnemninga «litteratur», var det naudsynt med ein manuell gjennomgang av enkeltverka. Dei fleste


kategoriane innehaldt verk frå berre éin sjanger, medan «East Indo-European & Celtic literatures» og «Other Germanic literatures» innehaldt fleire ulike sjangrar. Desse to kategoriane fekk derfor ikkje alias, men vart fordelt i dei ulike kategoriane slik at talmaterialet skulle verte mest mogleg korrekt.

FIGUR 3.4


Sjanger (alias)	Tal på utgjevingar	Prosent
Barnelitteratur	246	41 %
Dikt / poesi / lyrikk	89	15 %
Drama	154	25 %
Roman / novellesamling / forteljing	80	13 %
Øvrig	37	6 %
Totalt:	606	100 %

Merknader: Sjangerkategorien «øvrig» inneheld epos, soger, brevsamlingar og teksteksperiment. Kategorien inneheld hovudsakeleg norrøne soger.

FIGUR 3.5



FIGUR 3.6



Merknader: Berre spesifikke årstal er inkludert i Figur 3.6, derfor manglar det tre drama i framstillinga. Sjå «Vedlegg2_Statistikk» for tabelloversikt over alle sjangerkategoriane.

Tabellar og diagram som omhandlar *forlag*:

FIGUR 4.1

Forlag	Tal på utgjevingar
Agder teater	1
Aschehoug	7
Baskerville	4
Bokklubben	3
Bokklubbens barn	20
Bokvennen	6
Cappelen Damm	26
Davvi girji	1
De norske bokklubbene	1
Den nationale scene	7
Den norske bokhandlerforening	1
Den norske lyrikklubben	1
Det norske teatret	80
Dreyer bok	4
Eide	1
Eriksson & Lindgren	1
Erling Skjalgssonselskapet	2
Flamme forl.	2
Gan Aschehoug	11
Gyldendal	26
Harald Rongevær forl.	1
Heinesen	1
Hordaland teater	3
Hålogaland teater	11
IKO	5
Kapabel	1
Karviland forl.	1
Katakcombe forl.	1
Kolon	1
Landbruksforl.	3
Lydbokforl.	14
Mangschou	7
Nordsjøforl.	4
Noregs ungdomslag	5
Norland teater	1
NRK	8
Oktoper	9
Orkana	2
Pax	3
Pedagogisk psykologisk forl.	3
Pir forl.	1

Forlag forts.	Tal på utgjevingar forts.
Riksteatret	1
Rogaland teater	6
Samlaget	239
Setesdalsforl.	1
Skald	13
Slow Fire Press	3
Snøfugl	1
Sogn og Fjordane teater	10
Solum	14
Stenersens forl.	1
Storskriftforl.	4
Sypress	1
Teatret vårt	7
Tiden	6
Tom Rasmussen produksjoner	1
Totalteatret	1
Trøndelag teater	1
Tun	2
Ura forl.	1
Vigmostad & Bjørke	1
Von forl.	2
Totalt:	606


Merknader: Inndelinga av forlag er hovudsakeleg den ein finn i Nobok, men det er gjort små endringar der det var brukt ulike skrivemåtar. «DNT» er til dømes det same som «Det Norske Teatret» og har derfor vorte endra til dette. Ulike versjonar av det som i dag er Cappelen Damm har vorte samla i éin kategori. Sjå «Vedlegg2_Statistikk» for fullstendig liste over alias.

FIGUR 4.2


Forlag (alias)	Tal på utgjevingar	Prosent
Aschehoug	7	1 %
Bokklubbens barn	20	3 %
Bokvennen	6	1 %
Cappelen Damm	26	4 %
Den nationale scene	7	1 %
Det norske teatret	80	13 %
Gan Aschehoug	11	2 %
Gyldendal	26	4 %
Hålogaland teater	11	2 %
Lydbokforl.	14	2 %
Mangschou	7	1 %
NRK	8	1 %
Oktober	9	1 %
Rogaland teater	6	1 %
Samlaget	239	39 %
Skald	13	2 %
Sogn og Fjordane teater	10	2 %
Solum	14	2 %
Teatret vårt	7	1 %
Tiden	6	1 %
Øvrig (5 utgjevingar eller færre)	79	13 %
Totalt:	606	100 %

Merknader: Figur 4.1 illustrerer mangfaldet av forlag, men med så mange variablar er det lite hensiktsmessig å framstille dette talmaterialet i eit diagram. Dette er likevel gjort i «Vedlegg2_Statistikk» dersom det skulle vere behov for ei slik framstilling. I Figur 4.2 er forlag med fem utgjevingar eller færre i løpet av 1990–2010, samla i éin kategori. Dette reduserer talet på variablar og gjer det enklare å framstille talmaterialet i eit diagram. Det vert dessutan enklare å få oversikt over dei største forlaga med ei slik inndeling. For fullstendig liste over alias, sjå «Vedlegg2_Statistikk».


FIGUR 4.3




FIGUR 4.4




FIGUR 4.5




FIGUR 4.6




FIGUR 4.7




FIGUR 4.8



FIGUR 4.9



FIGUR 4.10



Merknader: Sjå «Vedlegg2_Statistikk» for tabelloversikter for Figur 4.4 til 4.10. Det er dei fire forlaga med flest utgjevingar det er laga denne typen framstillingar av. Det Norske Teatret har berre gjeve ut drama, og sjangerfordeling var derfor ikkje naudsynt i dette tilfellet.

Kapittel 5 – Drøfting av funn opp mot teori

5.1 Tidsutvikling

Frå år 1990 til år 2010 er det ifølgje databasane til Norbok gjeve ut 606 skjønnlitterære verk som er omsett frå ulike opphavsspråk til nynorsk. 1990 var året med færrest utgjevingar, med totalt 6 verk. 2002 var året med flest utgjevingar, med totalt 41 verk. I det følgjande skal tala for tidsutvikling undersøkast nærmare. Tala vil verte kopla opp mot Kjartan Fløgstad sin artikkel «Eit sant mirakel», i tillegg til ulike tal frå *Språkfakta 2010 og 2015*. Det er ikkje alltid direkte samsvar mellom tala i *Språkfakta* og tala i denne oppgåva når det kjem til faktorar som tidsavgrensing, sjanger og liknande, men samanlikningsgrunnlaget er likevel godt nok så lenge denne informasjonen er tilgjengeleg for lesaren. Sidan dette underkapittelet heilt spesifikt omhandlar talet på verk og ikkje andre aspekt som språk, sjanger og forlag, er det ikkje all teori som er like relevant å kople inn akkurat her. Refleksjonar frå tidlegare kapittel vil likevel vere eit viktig bakteppe for å forstå argumentasjonen i det følgjande. Den språkpolitiske situasjonen i Noreg, i tillegg til utviklinga av omsetting til eit eige fagfelt er her viktige stikkord.

Isolert sett kan kanskje 606 bøker verke som eit lågt tal på utgjevingar over 21 år. Dersom ein samanliknar dette med tilsvarende utgjevingar på bokmål vil nok talet verke endå lågare. *Språkfakta 2015* inneheld nokre generelle tal over omsett skjønnlitteratur som gjer det mogleg å samanlikne nynorsk og bokmål. Talmaterialet strekkjer seg frå 1979 til 2014, så det er altså snakk om ei noko anna tidsavgrensing enn i denne oppgåva. Totalen nynorske verk er her 678, medan totalen for bokmål er 9 681 verk (tabell 16.1.3). Same tendens kjem til syne dersom ein ser på tala i *Språkfakta* over bøker i sal etter sjanger og språk i 2015 (tabell 16.9.5). Omsett skjønnlitteratur for vaksne består av 228 verk på nynorsk og 3 289 verk på bokmål. Det er altså ingen tvil om at det vert gjeve ut fleire omsette bøker på bokmål enn på nynorsk. Store mengdeforskjellar mellom bokmål og nynorsk er derimot noko som også gjeld

andre felt. For å forstå *kvifor* det er slik må ein som kjent heilt tilbake til opprettinga av dei to ulike målformene og heilt fram til dagens språkpolitiske situasjon, noko som er drøfta tidlegare i oppgåva. Med denne bakgrunnskunnen kan ein nærmast føreseie at talmaterialet for nynorsk vil vere mindre enn det er for bokmål. Det er sjølv sagt interessant å undersøke kor stor denne mengdeskilnaden er, og korleis den eventuelt endrar seg med tida, men dette betyr derimot ikkje at dette er det einaste som er interessant. Likevel er det nettopp den store mengdeskilnaden i høve til bokmål ein ofte konkluderer med når ein diskuterer nynorsk. Eg har tidlegare vore inne på at nynorsk faktisk ikkje må kontrasterast mot bokmål for at ein skal få truverdig informasjon. Resultata kan tvert imot verte svært skeive dersom ein ser på eit spesifikt felt som omsett skjønnlitteratur og berre koplar tala til bokmål. Ser ein tala i samanheng med den overordna nynorske skriftkulturen, vert resultata raskt mykje meir nyanserte.

Ser ein dei 606 bøkene i samanheng med den overordna nynorske skriftkulturen, verker nok ikkje talet like lågt lengre. Ifølgje *Språkfakta 2010* vart det gjeve ut 142 skjønnlitterære verk for barn og vaksne i 2006 (tabell 15.3). Sidan denne informasjonen er henta frå Norbok kan ein rekne med at talmaterialet er godt samanliknbart med tala i denne oppgåva, sjølv om det er noko uklårt kva som vert definert som «skjønnlitteratur for barn og vaksne». Den andre og siste kategorien heiter riktig nok «sakprosa» og ein bør derfor kunne rekne med at dette er definert tilnærma likt som i denne oppgåva. Talmaterialet i denne oppgåva syner at det vart gjeve ut 28 omsette verk i 2006. Dei omsette verka utgjorde altså rundt 20 % av dei skjønnlitterære utgjevingane totalt. I 2008 hadde totalen auka til 165 verk (ibid.), og 40 av desse var omsette verk. Dei omsette verka utgjorde altså nesten 25 % av totalen i 2008. Tal frå tidlegare år er noko meir tungvint å rekne ut, ettersom *Språkfakta* her har ei inndeling av talmaterialet i femårsperiodar. Frå 1991 til 1995 var totalen 669 verk ifølgje *Språkfakta*, og talmaterialet i denne oppgåva syner at 120 av desse var omsette verk. Dei omsette verka utgjorde altså rundt 18 % av totalen i denne tidsperioden. Desse tala syner at omsett skjønnlitteratur har utgjort ein stor prosentdel av den større nynorske skriftkulturen i fleire år. Hovudfokuset er tydeleg på ny, nynorsk litteratur, men det vert likevel satsa stort nok på omsett skjønnlitteratur til at det utgjer eit betydeleg felt som dessutan ser ut til å vere i vekst.

Dersom ein samanliknar den prosentdelen nynorske omsettingar utgjer med utgjevingane i Noreg generelt, vert det tydeleg at desse tala nesten er på høgde med den generelle fordelinga. *Språkfakta 2015* syner at frå år 2000 til 2014 utgjer originalverk 71,3 % av norsk bokutgjeving, medan omsette bøker utgjer 28,7 %. I 2008 utgjorde dei omsette verka rundt 25 % av dei skjønnlitterære utgjevingane på nynorsk, og dette er altså ikkje langt frå det som ser ut til å vere tendensen i norsk bokutgjeving generelt. Det er likevel viktig å påpeike at desse statistikkane i *Språkfakta* omhandlar bøker, altså både skjønnlitteratur og sakprosa. Tala er altså ikkje direkte samanliknbare, men kan likevel gje ein indikasjon på korleis fordelinga er mellom originalverk og omsette verk. Sidan figur 1.2 i denne oppgåva syner at talet på utgjevingar har auka opp gjennom åra kan ein nok gå ut frå at prosentdelen dessutan har auka noko sidan år 2008.

I «Eit sant mirakel» konkluderer Kjartan Fløgstad med at den nynorske skjønnlitteraturen har gått frå ein svært sterk posisjon til å verte endå sterkare (Fløgstad 2012). Her siktar han til at talet på nynorske debutantar har hatt ei sterk auke, nærmare bestemt at talet på debutantar har gått frå i overkant 60 i tiåra bakover til 1965, til 93 forfattarar mellom år 2000 og 2008. Dette koplar Fløgstad saman med føresetnadane til nynorsk opp gjennom tidene. Samanlikninga av talmaterialet i denne oppgåva med tal frå *Språkfakta 2010* syner at omsett skjønnlitteratur utgjer ein betydeleg prosentdel av den nynorske skriftkulturen og dessutan er eit felt i tilsynelatande vekst. Betyr dette at vi kan snakke om noko av det same som Fløgstad også på dette feltet? For å svare på dette må ein sjå forbi år 1990. Talmaterialet Kjartan Fløgstad baserer seg på, strekkjer seg nemleg tilbake til 1965. Stikkprøvane mine frå tidlegare år, som enda opp med å verte ei fullstendig oversikt, vil her vere nyttige. Eg har tidlegare vore inne på at totalen bøker mellom år 1950 og 1980 var så låg at eg var i tvil om tala var reelle. Berre åtte omsette verk vart gjevne ut i denne perioden. Brukarrettleininga ved Norbok meinte som kjent at dette talet burde vere korrekt. Mellom år 1956 og 1980 vart det ifølgje tabell 15.3 i *Språkfakta 2010* gjeve ut 1 645 skjønnlitterære verk for barn og vaksne på nynorsk, medan altså berre åtte av desse var omsette bøker. Dersom desse tala stemmer, utgjorde altså omsette bøker under 0,5 % av totalen. Om ein tek høgde for at det moglegvis er nokre få verk som

ikkje er registrerte korrekt, så vil prosentdelen likevel vere svært låg. Det er dermed først i nyare tid at det har vorte satsa sterkt på omsetting, og dette har kanskje samanheng med at det først er i nyare tid at omsetting har gjort seg gjeldande som eit eige fagfelt. Ut frå desse tala kan ein vanskeleg seie at nynorsk omsetting har gått frå ein svært sterk posisjon til å verte endå sterkare, den har heller gått frå ein svak posisjon til å verte eit overraskande stort felt som tilsynelatande er i vekst.

«Eit sant mirakel» omhandlar spesifikt nynorske debutantar, noko som ikkje naudsynleg er direkte samanliknbart med omsett skjønnlitteratur. Det dreier seg altså på den eine sida om forfattarar, og på den andre sida om verk. Det er likevel mogleg å samanlikne *tendensar* innanfor dei to ulike felta, ettersom Kjartan Fløgstad ikkje berre fokuserer på tal, men også plasserer tala i ein samanheng. Dessutan er det mogleg å samanlikne faktorar som sjangerfordeling, noko eg vil kome tilbake til seinare i oppgåva. Som eg har vore inne på tidlegare, presiserer Fløgstad interessant nok at mirakelet han skildrar gjeld eit felt der det herskar «språkleg demokrati og valfridom» (Fløgstad 2012). Omsett skjønnlitteratur har derimot *ikkje* eit slikt språkleg demokrati, ettersom forлага ifølgje Fløgstad ofte krev bokmål trass i ønsket til omsettaren (*ibid.*). Dette er eit poeng det er viktig å ha i bakhovudet når ein arbeider med temaet omsetting i Noreg. Likevel syner altså talmaterialet i denne oppgåva at omsett skjønnlitteratur har ein sterk posisjon innanfor den nynorske skriftkulturen. Dersom tala må samanliknast med bokmål verker omsettingsverksemda svakare, men det meste tyder vel på at det same vil vere tilfellet dersom ein gjer tilsvarande med tala over nynorske debutantar. Situasjonen er altså ikkje så dyster som ein i utgangspunktet kanskje skulle tru, men det er eit tankekors at nynorsk omsetting moglegvis kunne stått sterkare dersom omsetturar fritt kunne velje målform sjølv.

Når ein ser tala i denne oppgåva i samanheng med den overordna nynorske skriftkulturen, vert det tydeleg at nynorske omsettingar utgjer ein viktig del av skriftkulturen. Det er utan tvil snakk om eit felt i utvikling og tilsynelatande vekst. Når ein ser på stikkprøvane frå tidlegare tiår, er det tydeleg at det allereie har vore ei svært stor utvikling dei siste tiåra. Nynorsk byrja

altså å posisjonere seg som omsettingsspråk i takt med utviklinga av fagfeltet og den auka interessa for omsetting. For å kunne kome til nokon konklusjon om heile feltet er det derimot naudsynt å sjå på dei andre faktorane, språk, sjanger og forlag. Mengde er nemleg på ingen måte det einaste som er med på å definere eit felt.

5.2 Språk

Frå år 1990 til 2010 er det omsett 606 skjønnlitterære verk frå 33 språk til nynorsk. Nokre av desse språka er berre brukt i eitt eller to verk, medan andre språk er brukt i fleire titals verk. Engelsk, svensk og fransk utgjer dei tre største opphavsspråka. I det følgjande skal språkfordelinga undersøkast nærmare. Dette er dessverre ein kategori det er vanskeleg å kople direkte til Kjartan Fløgstad sin artikkel «Eit sant mirakel», ettersom denne omhandlar nynorske debutantar og dermed verk som ikkje er omsette. Det eksisterer dessutan generelt svært lite talmateriale som spesifikt omhandlar språkfordeling i norsk omsettingsverksemnd. Nokre tal er å oppdrive i *Språkfakta 2015*, men her er det berre dei ti største språka som er representerte. Til gjengjeld er både bokmål og nynorsk representert, noko som gjer det mogleg å samanlikne språkfordelinga mellom desse, dersom ein skulle ønske det. Få og lite detaljerte statistikkar over språkfordeling og utvikling over tid betyr derimot ikkje at denne kategorien er mindre viktig. I det følgjande vil omgrep som majoritetsspråk og minoritetsspråk vere viktige stikkord. Talmaterialet vil verte kopla opp mot Michael Cronin og Lawrence Venuti sine refleksjonar, som er gjennomgått tidlegare i underkapittelet «Omsettingsteori». Fokuset vil heile tida vere på korleis talmaterialet kan koplast til den overordna språkpolitiske situasjonen i Noreg og eit nedarva tankesett frå fortida.

Som eg har vore inne på tidlegare i denne oppgåva, meiner språkforskaren Michael Cronin at det aukande behovet for omsetting har gjort maktrelasjonen mellom språk meir synleg (Cronin 2003). Cronin påpeiker at engelsk står i ein spesiell posisjon, ettersom det fungerer som eit lingua franca nærmast på verdsbasis. Engelsk er dermed det ein kan kalle eit majoritetsspråk. Innanfor omsetting meiner Cronin at engelsk har ein like sterk posisjon, og at ein derfor må arbeide for auka bruk av minoritetsspråk. Dette maktaspektet ved

språkfordelinga i omsettingsverksemda vert meir interessant dersom ein ser det frå eit norsk perspektiv. Nynorsk er eit skriftspråk som står i ein spesiell posisjon i Noreg, ein posisjon nokre vil kalle ein minoritetsposisjon, slik vi har sett tidlegare i denne oppgåva. Det interessante spørsmålet vert då om ei slik eventuell sjølvoppfatning er med på å påverke kva slags opphavsspråk som vert utvald til omsetting på nynorsk. Ein kan altså stille spørsmål ved om aktørane medvetent forsøker å fremje andre minoritetsspråk i omsettingsverksemda, eller om dei også på dette skriftspråket tyr til majoritetsspråk. Dette er sjølvsagt spørsmål det er vanskeleg å kome til nokon eintydig konklusjon på, men talmaterialet kan hjelpe oss til å sjå tendensar i nynorsk omsettingsverksemd.

Ei sjølvoppfatning med bakgrunn i posisjonen til nynorsk kan altså føre til at aktørane i nynorsk omsettingsverksemd har ei ekstra medveten haldning til forholdet mellom majoritetsspråk og minoritetsspråk på verdsbasis. Eit anna spørsmål ein kan stille seg i denne konteksten er om det burde vore enklare å omsette frå minoritetsspråk eller skriftspråk med dialektinnslag på nynorsk enn på bokmål. Det språkpolitiske aspektet og dialektord er nemleg noko det kan vere mogleg å atterskape med det nynorske språket. Refleksjonane til omsettaren Guy Puzey er her svært nyttige. Som eg har vore inne på tidlegare, meiner altså Puzey at for å bevare det språkpolitiske aspektet ved nynorsk, bør omsettingsspråket vere eit minoritetsspråk. Omsettingsspråket til nynorsk bør altså ikkje vere engelsk, men heller til dømes skotsk. Puzey presiserer rett nok at sjølv om ein i teorien har ei medveten haldning til den språkpolitiske dimensjonen ved eit verk, er det ikkje alltid mogleg for omsettaren å bruke minoritetsspråk i praksis. Han meiner likevel at omsettaren kan gjere små grep for å fange inn den språkpolitiske posisjonen til opphavsspråket. Her kan det til dømes vere snakk om å bruke skotsklingande ord i ein engelsk tekst, for å fange inn «heile» det nynorske språket. Snur ein refleksjonane til Puzey på hovudet, vert det til at nynorske omsettingar burde basere seg på opphavsspråk med ein minoritetsposisjon. Opphavsspråket til nynorske omsettingar bør slik sett ikkje vere engelsk, men heller til dømes skotsk. Situasjonen vert derimot ein annan når det er snakk om engelsk som opphavsspråk og nynorsk som omsettingsspråk. Her må det heller vere snakk om ei medveten utveljing av engelske verk med dialektpreg eller liknande, ettersom ein ikkje kan flette inn ein språkpolitisk dimensjon som ikkje eksisterer i

originalverket. Alternativet er at det er minoritetsspråk som vert valt ut og at engelsk i det heile vert unngått som opphavsspråk i nynorsk omsettingsverksemd.

Talmaterialet gjer det synleg at engelsk slett ikkje vert unngått som opphavsspråk i nynorsk omsettingsverksemd. Engelsk utgjer det største opphavsspråket, med heile 133 verk, og dermed 22 % av totalen. Det ser altså ikkje ut til å eksistere nokon skepsis mot å omsette engelske verk på nynorsk. Dersom ein ser på språkfordelinga over tid, ser ein likevel at engelsk ikkje er så einerådande som ein kan få inntrykk av viss ein ser på mengde åleine. Figur 2.3 syner at det har vore store svingingar i talet på omsettingar frå engelsk. Frå 1990–1996 vart det berre omsett éi bok frå engelsk, medan det i 2002 vart gjeve ut 18. Dersom ein inkluderer stikkprøvane frå tidlegare år, vert det tydeleg at engelsk ikkje var eit mykje brukte opphavsspråk før 1990. Ingen av bøkene frå 1950 til 1980 har engelsk som opphavsspråk. Figur 2.3 syner rett nok at det har vore svingingar generelt i språkfordelinga over tid, men desse er spesielt markante for engelsk. På eit overordna nivå er altså språkfordelinga over tid med på å nyansere dominansen til engelsk som opphavsspråk.

Svensk er det nest største opphavsspråket, med heile 115 verk og dermed 19 % av totalen. Engelsk er altså ikkje mange prosent større enn svensk. Det høge talet på utgjevingar med svensk som opphavsspråk er spesielt interessant å sjå i samanheng med eit anna nordisk språk, nemleg dansk. Dansk utgjer 7 % av totalen, med 41 verk. Det er altså gjeve ut over dobbelt så mange verk med svensk opphavsspråk som med dansk opphavsspråk. Det er freistande å stille spørsmål ved om dette har samanheng med eit nedarva tankesett frå fortida. Sidan riksmål som kjent hovudsakeleg baserte seg på ei fornorsking av dansk, og landsmålet tok avstand frå dette, kan ein hevde at det tradisjonelt sett har eksistert ein skepsis mot danske ord og grammatikk i nynorsk. Denne skepsisen er nok i dag heller retta mot bokmål i seg sjølv, enn dansk. Sidan forskjellen mellom svensk og dansk er så stor i talmaterialet er det likevel interessant å undersøke om ein kan spore ein skepsis mot dansk som opphavsspråk i nynorsk omsettingsverksemd.

Dersom ein ser på språkfordelinga over tid, er det tydeleg at talet på danske verk har hatt fleire svingingar. I 6 av dei 21 åra var det ingen danske utgjevingar, og det var heller ingen danske utgjevingar frå 1950 til 1980 (medan svensk, finsk og islandsk er representert). Talet på svenske utgjevingar har vore meir stabilt og var aldri nede i null mellom 1990 og 2010. Den store forskjellen mellom dansk og svensk kan derimot ha fleire forklaringar. I Noreg har vi til dømes i mange år hatt ei sterk tilknyting til svensk barnelitteratur, der barnebøkene til Astrid Lindgren står sentralt. Dette har lenge vore det ein kan kalle ein bokmålskultur, ettersom dei fleste av bøkene av Lindgren berre har vore omsett til bokmål. Dette har det derimot vorte gjort noko med på 2000-talet. *Mio min mio* og *Meisterdetektiven Blomkvist* er døme på Lindgren-klassikarar som har vorte gjevne ut på nynorsk fleire år etter at dei vart omsett for første gong på bokmål. I tillegg har fleire av verka til Astrid Lindgren vorte oppført som teaterstykke med nynorsk manus, døme på dette er mellom anna *Pippi Langstrømpe* og *Emil i Lønneberget*. Dette kan ein sjå som eit forsøk på å gjere det som tradisjonelt sett har vore ein bokmålskultur tilgjengeleg på nynorsk. Dette inntrykket vert forsterka av at det dessutan vert satsa sterkt på nyare svensk barnelitteratur. Alt dette er faktorar som kan ha ført til at talet på svenske utgjevingar er så høgt. Det er dessutan viktig å poengttere at sjølv om mengdeforskjellen mellom svensk og dansk er stor, så utgjer likevel dansk eit av dei fem største opphavsspråka. Totalt sett kan ein altså vanskeleg snakke om ein skepsis mot dansk som opphavsspråk. Dei andre nordiske språka utgjer til samanlikning berre éin prosent kvar av talmaterialet.

Russisk er også eit interessant språk å undersøke, ettersom Russland grenser til Noreg. I 2010 hevda dessutan NRK at «For første gang på mange år satser norske forlag på å oversette russisk litteratur. Et titalls nye stemmer skal introduseres for norske lesere» (Bjørnskau 2010). Med ein slik påstand er det mogleg å undersøke om ein kan sjå liknande tendens i nynorsk omsettingsverksem. Talmaterialet syner at det er gjeve ut 12 verk med russisk som opphavsspråk mellom 1990 og 2010. Russiske utgjevingar utgjer altså 2 % av totalen, noko som ikkje er ein høg prosentdel, men likevel meir enn både finsk, islandsk og færøysk. Ein kan altså spore ei viss interesse for russisk omsetting, og det er freistande å stille spørsmål ved om dette kan ha samanheng med at Russland på mange måtar representerer ein motkultur til

det amerikanske og vestlege. Peter Normann Waage er ein av dei som har forsøkt å svare på kvifor Russland er så annleis enn resten av Europa, noko han mellom anna undersøker i boka *Russland er sitt eget sted. Streker til et lands biografi* (Waage 2012). Her koplar Waage mellom anna landets litterære produksjon og den politiske historia (ibid.). Ei kopling mellom russisk som «mot-språk» og nynorsk er derimot noko det er forska forsvinnande lite på i Noreg, og noko som kunne vore verdig ei eiga undersøking. NRK påpeiker at Russland har ei stolt litterær historie, med nokon av verdas aller fremste forfattarar (Bjørnskau 2010). Russisk er altså kopla til høg litterær kvalitet eller prestisje, og det er nettopp namn som Tolstoj, Dostojevskij og Gogol ein finn i talmaterialet. Likevel er det altså *nyare* russisk litteratur som skal vere i vinden i dag, noko NRK omtalar som ein ny gullalder for russisk litteratur (ibid.). Den russiske litteraturen som er omsett til nynorsk kan derimot vanskeleg kallast samtidslitteratur, sjølv om ein finn nokre få enkeltdøme på verk som er gjevne ut i nyare tid.

Det er ikkje berre dei nordiske språka og russisk som er interessante å undersøke med tanke på språkfordeling, også dei norske språka er viktige kategoriar. Bokmål og samisk utgjer i tillegg til nynorsk dei offisielle skriftspråka i Noreg. Bokmål utgjer 2 % av talmaterialet, med 11 verk. Dette er eit forholdsvis lågt tal, men det er kanskje heller ikkje så overraskande. Her er det altså snakk om verk som har vorte omsett *frå* bokmål, og ikkje verk som har vorte omsett både til nynorsk og bokmål. Når det er snakk om klassiske verk det er viktig å ha representert på begge målformer, er det nok vanlegare å gå rett til originalverket, framfor å omsette bokmålsversjonen, sjølv om dette også skjer i nokre tilfelle. Verka som er omsett frå bokmål er hovudsakeleg barnelitteratur eller drama skriven av norske forfattarar. *Karius og Baktus* av Thorbjørn Egner er her nok eit kjent døme på ein barnebok-klassikar som har vorte omsett til nynorsk, i dette tilfellet frå bokmål. Samisk utgjer 0 % av talmaterialet med berre eitt verk på 21 år. Dette er kanskje eit meir overraskande tal, ettersom ikkje alle i Noreg beherskar samisk og mange derfor ikkje får ta del i denne skriftkulturen. Gammelnorsk er det derimot satsa større på, og desse utgjevingane utgjer 6 % av totalen med 35 verk. Desse verka består hovudsakeleg av norrøne soger. Det er altså ikkje berre nyare verk som kjem gjennom nålaugen i nynorsk omsettingsverksemد, det vert òg gjort forsøk på å bevare den norske kulturarven gjennom nynorske omsettingar.

Fransk er det tredje største opphavsspråket i nynorsk omsettingsverksemd, med 13 % av totalen og 78 verk. Fransk kan i likskap med engelsk kallast eit majoritetsspråk, sjølv om posisjonen som lingua franca har vorte noko svekka dei siste åra. Frankrike har til gjengjeld ein litterær produksjon som er knytt til høg kvalitet eller prestisje. Det er derfor interessant at fleire av dei bøkene Samlaget har gjort kommersiell suksess med er nettopp franske.

Omsettingane av verka til Anna Gavalda har fått mykje mediemarksemdu og salet har vore godt nok til at verka har vorte gjevne ut i fleire utgåver. Anna Gavalda dominerer heilt tydeleg i denne kategorien. I nyare tid har Samlaget dessutan gjort enorm suksess med verka til den italienske forfattaren Elena Ferrante. Italiensk utgjorde 3 % av totalen i 1990–2010, med 21 verk. Det er altså slett ikkje alltid det er opphavsspråket med størst kvantitet eller språkleg dominans som gjer kommersiell suksess. Når ein snakkar om nynorsk omsettingsverksemd i dag er det nok mange som vil tenke på nettopp fransk og italiensk framfor engelsk, trass i at det er engelsk som utgjer det største opphavsspråket totalt. Anna Gavalda, Elena Ferrante og «bestselgar-bøker» er noko eg kjem tilbake til i underkapittelet «Sjanger».

Teoretikaren Lawrence Venuti samanliknar omsettingsverksemda på 1990-talet med kolonisme (Venuti 1998). Som eg har vore inne på tidlegare, diskuterer Venuti hovudsakeleg omsettingsverksemda generelt, men er òg spesifikt inne på språk. Også på dette feltet er situasjonen svært dramatisk. Ifølgje Venuti etablerer omsettingsverksemda eit hierarkisk forhold mellom majoritetsspråk og minoritetsspråk, i tillegg til mellom dei tilhøyrande kulturane. Forlag, produsentar og reklamebyrå vert her framheva som aktive aktørar som er med på å undertrykke minoritetsspråk. Dette er svært sterke ord og eg har tidlegare i oppgåva kritisert Lawrence Venuti for å bagatellisere forbrukermakta til folket. Argumentasjonen er likevel viktig og relevant ettersom den framhevar ulike problemstillingar og aktive aktørar i feltet. Det store spørsmålet er om konklusjonane vert like dystre som Venuti sine dersom ein ser spesifikt på den nynorske omsettingsverksemda.

Talmaterialet i denne oppgåva strekkjer seg frå 1990 til 2010, altså både innanfor det tidsrommet Venuti skildrar og vidare. I den nynorske omsettingsverksemda har variasjonen i språkfordelinga vore overraskande stor heile vegen. Dersom ein berre ser på totalen verk frå kvart språk, vert det tydeleg at nokre få majoritetsspråk dominerer talmaterialet, noko ein kan rette kritikk mot. Dersom ein også ser på språkfordeling over tid, vert det derimot tydeleg at situasjonen kanskje ikkje er så dyster som først antatt. Engelsk var til dømes slett ikkje det dominerande opphavsspråket på 1990-talet, men har vorte aukande brukt med åra. Om dette er ei positiv utvikling som tyder på at nynorsk omsettingsverksemd heng med i tida, eller om det tvert imot er ei negativ utvikling som tyder på aukande undertrykking av minoritetsspråk, får vere eit tolkingsspørsmål. 33 opphavsspråk fordelt på eit forholdsvis lågt talmateriale viser likevel totalt sett stor variasjon innanfor språkfordelinga i nynorsk omsettingsverksemd.

5.3 Sjanger

Skjønnlitteratur er breitt definert i denne oppgåva og inkluderer fleire ulike sjangerkategoriar. Som eg har vore inne på tidlegare, er sjangerinndeling basert på Deweys desimalklassifikasjon, som både er altfor generell i nokre tilfelle, og altfor spesifikk med tanke språk i andre. Eg har derfor valt å supplere denne inndelinga med ei eiga sjangerinndeling som er meir konsekvent og generell. Det er av den grunn snakk om 5 generelle sjangerkategoriar, framfor 28. Dette gjer det mogleg å diskutere sjanger uavhengig av språk, noko som er naudsynt i denne oppgåva. I det følgjande vil sjangerfordelinga verte undersøkt nærmare. Sjanger er ikkje noko stort tema i «Eit sant mirakel» ettersom Kjartan Fløgstad heller fokuserer på litterære retningar. Sidan *Språkfakta 2010* likevel inneheld statistikkar over sjangerfordeling for nynorske debutantar, vil talmaterialet verte kopla opp mot dette. Diskusjonane i det følgjande vil ta utgangspunkt i refleksjonane til Lawrence Venuti rundt «bestselgar-romanar», og eg kjem i denne samanheng til å trekke ut nokre enkeltverk som har gjort stor kommersiell suksess. Teoriane til Pierre Bourdieu vil verte brukt som ei framheving av at innhald ikkje er den einaste faktoren som avgjer om eit verk får suksess i det litterære feltet. Omgrep som «den nynorske lesaren» og «den mothegeemoniske arven» vil også vere viktige stikkord i den følgjande diskusjonen. Sjanger er derimot ikkje eit

omgrep som kan verte tatt for gjeve, og diskusjonen vil derfor starte med ei drøfting rundt sjanger som sosial praksis.

I artikkelen «Genre as social action» påpeiker forskaren Carolyn Miller at behovet for å klassifisere er grunnleggande. Dette gjer seg synleg også på det litterære feltet ettersom det allereie på Aristoteles si tid vart gjort forsøk på å inndeile ulike talar og tekstar i retoriske sjangrar. Sidan den tid har sjangerkritikken gjennomgått fleire stadium, og i dag er hovudfokuset på sosiokulturelle forhold og ny teknologi. Carolyn Miller kritiserer innhaldet i sjangeromgrepet i retorikk og meiner at fokuset ikkje må vere på form og innhald, men heller på den handlinga teksten vert brukt til å oppnå: «The classification I am advocating is, in effect, ethnomethodological: it seeks to explicate the knowledge that practice creates. This approach insists that ‘de facto’ genres, the types we have names for in everyday language, tell us something theoretically important about discourse» (Miller 1984: 155). Konsekvensen av dette er ifølgje Miller at: «For the critic, genres can serve both as an index to cultural patterns and as tools for exploring the achievements of particular speakers and writers; for the student, genres serve as keys to understanding how to participate in the actions of a community» (ibid.: 165). Miller meiner altså at tradisjonell sjangerteori ikkje i tilstrekkeleg grad fangar inn at sjanger er ein sosial praksis. Dette er spesielt naudsynt i dagens teknologisamfunn kor nye teksttypar gjer seg gjeldande, og vanskeleg kan klassifiserast under det gamle systemet. Miller meiner vi ikkje må sjå på dette som ei trivialisering av sjangeromgrepet, men heller ei utvikling som fangar inn dagens sosiale praksis.

Refleksjonane til Carolyn Miller er både interessante og relevante, men kan vere noko vanskelege å etterfølgje i ei statistisk framstilling. Ettersom Miller arbeider etnometodologisk fungerer det kulturteoretiske prosjektet hennar i større grad til å nyansere dei rammene det tradisjonelle sjangeromgrepet gjev, enn å gje grunnlaget for ein særeigen analyse. Ettersom eg arbeider ut frå historiske aspekt og statistikk, må eg ta utgangspunkt i den inndelinga og kategoriseringa ein finn her. Ved å belyse dette aspektet håper eg likevel å få poengert at dei fem vide sjangerkategoriane i denne oppgåva på ingen måte er naturgjevne størrelsar. For

ikkje å oversjå refleksjonane til Miller totalt, vil nokre enkeltverk verte trekte ut frå talmaterialet og undersøkt nærmare. Det vil dessutan verte drøfta om vi kan snakke om ei utfordring av eit tradisjonelt sjangerbilete i nynorsk omsettingsverksemd, noko eg også kjem tilbake til i neste underkapittel som omhandlar forlag.

Talmaterialet i denne oppgåva syner at barnelitteratur er den desidert største sjangerkategorien i nynorsk omsettingsverksemd, med 246 utgjevingar og dermed 41 % av totalen. Drama er den nest største kategorien, med 154 verk og 25 % av totalen. Tal frå *Språkfakta 2010* syner at denne fordelinga er svært ulik den for nynorske debutantar mellom 1945 og 2008. Drama utgjer her berre 3 % av totalen og barnelitteratur 23 % (tabell 15.19). I *Språkfakta 2010* vert det hevdat «mangelvare på nynorsk er no som før barne- og ungdomsbøker» (Grepstad 2010: 108). Frå dette synspunktet er det svært positivt at barnelitteratur utgjer ein så stor prosentdel av nynorsk omsettingsverksemd. Den desidert største sjangerkategorien for dei nynorske debutantane er lyrikk, noko som også er ein dominant kategori i nynorsk skjønnlitteratur generelt. Lyrikk utgjer berre 15 % av dei omsette verka, men er likevel større enn det ein kan kalle roman eller prosa kategorien, som utgjer 13 % av totalen. Øvrig-kategorien utgjer 6 % av dei omsette bøkene, med 37 verk. Kategorien inneheld ulike tekstsperiment, epos og soger, men tyngdepunktet er utan tvil norrøne soger.

Figur 3.6 syner at det har vore store svingingar i sjangerfordelinga over tid. Dei store sprika frå år til år gjer det vanskeleg å snakke om noko stabil utvikling, men ein kan likevel sjå nokre tendensar. Øvrig er den sjangerkategorien som har halde seg mest stabil gjennom dei 20 åra. I perioden 1990–2010 har utgjevingane vore mellom 0 til 5, så ein kan altså vanskeleg snakke om noko stor auke eller nedgang i denne kategorien. Drama er derimot ein kategori kor ein kan sjå ein tydeleg nedgang frå år 2003. Det er tydeleg at det har vore små svingingar heile vegen, men ein ser eit klårt fall frå 18 verk i 2002 til 3 verk i 2003. Fram til 2010 er det deretter berre 1–3 utgjevingar for kvart år. Det har altså utvilsamt vorte satsa sterkest på drama mellom år 1998 og 2003. Barnelitteratur er ein kategori som har auka med åra, sjølv om vi kan sjå variasjonar frå år til år også her. Talet på utgjevingar har aldri vore under 4 etter

år 1990. Kategorien som inneheld roman, novellesamlingar og forteljingar har hatt ei tydeleg auke utover 2000-talet. Ein kan snakke om noko av det same når det gjeld kategorien som inneheld diktsamlingar, lyrikk og poesi, sjølv om denne har hatt nokre overraskande fall ned til 0 og 1 utgjevingar på 2000-talet. Det er altså snakk om store variasjonar i dei fleste sjangerkategoriane over tid, og det viktigaste dette fortel oss er at prosentfordelinga mellom sjangrane ikkje fortel heile sanninga. Figur 3.6 nyanserer til dømes dominansen til kategorien drama, ettersom den syner at drama utgjer ein forsvinnande del av totalen etter år 2002.

Lawrence Venuti meiner at høge salstal på opphavsspråket er avgjerande for utveljingsprosessen av bøker som skal omsettast. Det er altså såkalla «bestselgar-bøker» som vert utvald. Dette er eit tema det er vanskeleg å diskutere med utgangspunkt i tala frå Norbok, ettersom desse ikkje seier noko om salstal, spreiing og bruk. Likevel går det an å diskutere tendensar, ettersom talmaterialet inneholder ei liste over alle enkeltverk. Ut frå det som har vorte diskutert tidlegare i dette kapittelet er det mykje som tydar på at praksisen *ikkje* er slik i den nynorske omsettingsverksemda. Som tidlegare nemnt har det i løpet av 2000-talet vorte satsa på barnebok-klassikarar som har eksistert lenge på bokmål med høge salstal. Dette peiker ikkje i retning av ein tankegang om å vere avantgardiske og utfordre eit tradisjonelt sjangerbilete, det tyder heller på ein tankegang kor bevaring og mangfald står sentralt. Dette gjeld ikkje berre barnelitteratur, men òg klassiske verk for vaksne som *Dekameronen* av Giovanni Boccaccio, *Kong Lear* av William Shakespeare og *Fedra* av Jean Racine som alle er omsett til nynorsk. Døma er mange og allsidige. Ein finn òg bøker som *Hunden frå Baskerville* av Arthur Conan Doyle og *Hobbiten* av J. R. R. Tolkien i talmaterialet. I tillegg er det altså gjeve ut fleire titals norrøne soger på nynorsk. Det kan sjå ut til at det å gjere berømte og klassiske verk tilgjengeleg på nynorsk i tillegg til bokmål, er eit mål i nynorsk omsettingsverksem. Dette seier noko om rolla til aktørane, men det er viktig å poengttere at dette ikkje naudsynleg gjeld alle forlag som gjev ut omsette bøker på nynorsk. Haldningsforskellar i dei ulike forлага er noko eg kjem tilbake til i neste underkapittel som omhandlar nettopp forlag.

Sjølv om det vert gjort tydelege forsøk på å bevare historiske verk på nynorsk, utgjer også samtidslitteratur ein stor del av talmaterialet. Nokre av desse bøkene har fått mykje mediemerksem og gjort kommersiell suksess, og er dermed det vi kan kalle «bestselgarbøker». To av desse har allereie vorte nemnt tidlegare i kapittelet, nemleg bøkene til Anna Gavalda og Elena Ferrante. Sistnemnte er rett nok gjeven ut etter 2010, men vert inkludert sidan det er eit dagsaktuelt tema. Lawrence Venuti meiner at den viktigaste faktoren for at ei bok skal verte ein bestselgar, er at lesaren kan kjenne seg igjen i handlinga og karakterane. Dette er ein svært generaliserande påstand, og eg har tidlegare poengtert at i realiteten er nok ikkje forholdet mellom innhald og salstal like einsidig. Teoriane til Pierre Bourdieu kan her vere nyanserande. Bourdieu påpeiker nemleg at suksess i det litterære feltet ikkje berre er eit spørsmål om litterær kvalitet, altså innhaldet i bøkene, men eit spørsmål om makt. Aktørar som baserer suksess på det heteronome prinsippet, altså sal av bøker, har gjerne mykje makt i det litterære feltet. Dette heng saman med økonomi og dei moglegheitene dette gjev. Gjennom dyre og omfattande marknadsføringskampanjar kan forlag vere med på å *skape* bestselgarar. Det same gjeld andre aktørar som til dømes media, som gjennom sine val av mediedekning er med å bestemme kva slags bøker som er gode eller spennande nok til å få merksem. Spørsmålet vert då kva slags bøker som vert bestselgarar på nynorsk, og om desse eventuelt skil seg frå omsette bestselgarar på bokmål.

Ettersom omsett skjønnlitteratur på bokmål er eit felt som er mange gongar så stort som tilsvarande felt på nynorsk, er det naturleg at det eksisterer mengdeforskjellar. Det er derimot ikkje like naturleg at det skal vere store forskjellar på *kva slags* bøker som vert omsett. Når ein har det ein kan kalle den mothegeemoniske arven til nynorsk i bakhovudet, vert det likevel legitimt å stille spørsmål ved dette. Er eit nedarva tankesett frå fortida, i tillegg til stereotypiar rundt den nynorske lesaren med på å påverke kva slags bøker som vert omsett til nynorsk? Det er sjølv sagt vanskeleg å kome til nokon eintydig konklusjon på eit slikt spørsmål, spesielt når det ikkje i større grad er mogleg å sjå på enkeltverk. Likevel kan ein også her sjå tendensar. På bokmål vert det til dømes satsa stort på såkalla lettlesen populær litteratur. For nokre år sidan inntok «chick-lit», såkalla humoristisk «kvinnelitteratur», dei norske bokhyllene for omsett skjønnlitteratur. Den nyaste satsinga ser ut til å vere på det som vert

marknadsført som «Happy Tears»-bøker, bøker som tilsynelatande både skal få ein til å le og gråte. Desse er også i høg grad retta mot den kvinnelege marknaden. Omgrepet vart lansert av Cappelen Damm i 2013 og er framleis gjenstand for omfattande marknadsføring som består av mellom anna brosjyrar, konkurransar og sponsing av bloggarar. Omsettaren Aase Gjerdrum kjem med ei slåande skildring av utsjånaden til desse bøkene i artikkelen «Happy Tears? Verre har det aldri vært. Eller?»: «I alle bokhandlere støter vi på disse typiske omslagene med løkkeskrift og en uklar skikkelse mot diffust landskap – nå for eksempel lansert under Cappelen Damms serietittel ‘Happy Tears’» (Gjerdrum 2015). Gjerdrum meiner vidare at desse forventa lettselde bøkene i dei seinare åra har fått eit overtag på dei smalare, og dette er noko ho meiner er problematisk, men òg forståeleg med tanke på økonomi. Det interessante i denne samanhengen er at ein ikkje finn liknande satsing på nynorsk, anten ein no bruker omgrep som chick-lit, kiosklitteratur eller Happy Tears.

Det at det ikkje i større grad vert satsa på lettlesen populærlitteratur i den nynorske omsettingsverksemda kan ha fleire årsaker. Det kan til dømes ha samanheng med at forlaget ikkje har økonomiske midlar til å skape store marknadskampanjar, eller at dei ikkje får innpass i typiske utsalsstader som kioskar og flyplassar. Likevel er det freistande å stille spørsmål ved om dette tvert imot har samanheng med at nynorsk tradisjonelt sett har posisjonert seg mothegeemonisk og at dette har skapt stereotypiar rundt den såkalla nynorske lesaren. Det er tross alt ikkje berre forlag med ein «nynorsk profil» som gjev ut omsett skjønnlitteratur på nynorsk, også store forlag som Cappelen Damm står for dette. Dei omsette bøkene Cappelen Damm gjev ut på nynorsk og som er retta mot vaksne, er gjerne lyrikksamlingar, fleire av dei frå serien «Stemmens kontinent». Dette er ein serie med internasjonale kvinnelege lyrikarar frå 1900-talet, som alle vert sett på som nokre av dei viktigaste stemmane innan moderne lyrikk. Dette er altså ikkje det ein kan kalle lettlesen populærlitteratur, men heller bøker som vert profilert som tekstar med høg litterær kvalitet. Dette er sjølv sagt sosialt konstruerte størrelsar, men det gjer dei ikkje mindre reelle for mange av brukarane. Det kan i det heile virke som at det eksisterer ei forventning om at nynorsk skjønnlitteratur skal ha høg litterær kvalitet, uansett kor diffus denne karakteristikken måtte vere. Rådgivar i Norsk Kulturråd, Anton Fjeldstad, meiner til dømes ifølgje NRK at «[...]

kvalitetsbøkene som oversettes [til nynorsk] retter seg mot lesere som like gjerne leser nynorsk som bokmål» (Øygaren 2000). Nynorsk vert altså utan vidare kopla til kvalitet i det offentlege ordskiftet og dette heng nok saman med stereotypiar rundt målforma og brukarane av denne.

Nokon vil kanskje hevde at bøkene til Anna Gavalda og Elena Ferrante er nettopp lettlesen populær litteratur. Dette er ei legitim problemstilling, kanskje spesielt for bøkene til Anna Gavalda som vert omtala som «feelgood» i bokmeldingar frå til dømes VG og Aftenposten. Desse bestselgar-bøkene vert likevel stadig framheva som bøker med høg litterær kvalitet. I Allkunne vert bøkene til Gavalda karakterisert som «feelgood-bestseljarar med høg litterær kvalitet» (Allkunne 2016). Når fleire bokmeldarar i tillegg har kome med positive meldingar, kan dette vere med på å skape og underbyggje eit slikt syn i det norske samfunnet. Elena Ferrante-bøkene har heilt frå starten vorte framheva som bøker med høg litterær kvalitet frå forlaget si side. Samlaget hevdar til og med at dei tok ein stor sjanse då dei kjøpte rettane. Administrerande direktør i Samlaget, Edmund Austigard, uttala til Aftenposten at: «Det er normalt vanskelig å nå ut til bokhandlere, kritikere og biblioteker med noe sånt. Vi tok en råsjanse og trykket opp 500 eksemplarer som vi ga bort til folk vi mente burde lese den» (Aldridge 2016). Forlaget meiner altså at det at boka hadde ein forfattar få visste kven var, og at verka dessutan hadde høg litterær kvalitet, kunne gjere det vanskeleg å nå ut med bøkene. Ut frå sitata å dømme såg altså ikkje forlaget på bøkene som tradisjonelt «bestselgar-materiale». Det er derfor ekstra interessant at desse bøkene hamna midt i ein diskusjon rundt såkalla «kvinnelitteratur».

I 2015 plasserte Aftenposten søkeresultatet på at underholdningslitteratur for kvinner vert rekna for å ha låg sosial status, trass i stor salssuksess (Elnan 2015). Professor emeritus i litteraturvitenskap, Irene Iversen, påpeiker at dette er eit problem som har eksistert lenge og ikkje berre i Noreg: «Da jeg begynte som professor i litteratur for 25 år siden kom kvinnelige studenter i engelsk litteratur til oss fordi de ikke fikk skrive om Virginia Woolf. Klassikerne til Brönte-søstrene og Jane Austen kom ikkje på pensum før etter at feministene kjempet dem

frem på 70-tallet» (ibid.). Iversen meiner vidare at kvinner har vore ei viktig lesegruppe sidan 1800-talet, men at denne gruppa har vore meir opptatt av emosjonell kvalitet, heller enn det som tradisjonelt har vorte rekna som litterær kvalitet i litteraturvitenskapen (ibid.). Ikkje alle vil vere einige i dette, men Iversen hevdar interessant nok at populariteten til desse bøkene heng saman med gjenkjennning. Dette gjev tydeleg gjenklang til Lawrence Venuti sine tankar rundt «bestselgar-bøker» og gjenkjenningsfaktoren i desse. Litteraturvitaren og professoren Toril Moi påpeiker at kvinnelitteratur, eller det som vert kalla «women's writing» på engelsk, tidlegare vart rekna som litteratur *av* kvinner, *for* kvinner og *om* kvinner (Moi 2008: 2). Gjenkjenningsfaktoren for kvinner skulle altså vere stor i denne type bøker. Omgrepet kvinnelitteratur eller women's writing har derimot gjennomgått ei redefinering gjennom mange år, som Moi i essayet «I am not a woman writer» påpeiker har gått i takt med utviklingane i litteraturvitenskapen generelt (ibid.). Moi framhevar mellom andre Virginia Woolf, Simone de Beauvoir og Judith Butler som viktige aktørar. Trass i denne redefineringa av kvinnelitteratur-omgrepet ser ein altså teikn på at underholdningslitteratur for kvinner vert rekna for å ha låg sosial status.

Det er freistande å stille spørsmål ved om «Happy Tears» er ein måte å reintrodusere det tradisjonelle kvinnelitteratur-omgrepet i ei ny og meir politisk korrekt språkleg drakt. Utviklingssjefen for skjønnlitteratur i Cappelen Damm, Knut Gørvell, måtte også svare for dette i samband med debatten om kvinnelitteratur. Gørvell avviser at «Happy Tears» er eit forsøk på å samle såkalla damelitteratur under éin kategori (Elnan 2015). Han retter heller kritikk mot dei som nyttar denne type karakteristikkar: «De som kaller disse bøkene 'damelitteratur' er snobber som vil heve seg over det jeg gjerne kaller lystlesning. Det er pussig at intellektuelle og litteraturkritikere kan skryte av film og TV-serier som gode kilder til underholdning, men ikke bøker. Da må de helst være i Nobelprisklassen» (ibid.). Gørvell meiner altså at det er *underholdningsverdien* til bøkene som gjer dei populære, ikkje naudsynleg gjenkjenningsfaktoren. Han meiner vidare at denne verdien altfor ofte vert satt i bås av kritikarar som enkel og overflatisk (ibid.).

Konnotasjonane til «Happy Tears»-omgrepene er noko også Samlaget tydeleg er klar over. Anne Liv Tresselt uttala mellom anna til Aftenposten at: «Vi har jobbet mye med designet for å skille oss fra det som kalles ‘happy tears’-segmentet» (Aldridge 2015). Dette er svært interessant med tanke på at det heller ikkje generelt vert satsa på denne typen litteratur på nynorsk. Tresselt meiner vidare at det var til god hjelp at bøkene stort sett vart meldt av mannlege kritikarar (*ibid.*). Ut frå diskusjonane rundt «Happy Tears»-bøkene er det altså tydeleg at fleire ulike aktørar som forlag, omsettarar og media er fullt klar over dei sosialt konstruerte verdigrunnlaga som følgjer med denne typen bøker. Dette er dessutan kunnskap som vert medvetent brukt av forlaga og det autonome prinsippet ser ut til å stå høgt i kurs når det gjeld nynorsk omsettingsverksemder.

Kriminallitteratur er eit anna interessant døme når ein skal snakke om verdigrunnlaget til ulike typar litteratur. I debatten rundt kvinnelitteratur vart «Happy Tears»-bøker samanlikna med nettopp krim. Krim vert omtala på følgjande måte i Aftenposten: «For 15 år siden var også kriminallitteraturen noe som ikke hørte til i det gode, litterære selskap. I dag er tonen derimot en annen» (Elnan 2015). Informasjonsansvarlig i Gyldendal, Gro Bråten, meiner at «alle leser krim» i dag og at mange krimforfattarar dessutan får gode tilbakemeldingar av anerkjente kritikarar (*ibid.*). Dette er ifølgje Bråten noko som har gjeve krim høgare status (*ibid.*). Irene Iversen meiner at dersom litteraturkritikarane klarer å sjå gjentakande plott og mønster også i det som vert omtala som «melodramatisk litteratur», kan underholdningslitteratur for kvinner få høgare status i likskap med krim (*ibid.*). Dette er interessante påstandar, men framstillinga av stoda til kriminallitteraturen er noko einsidig i denne avisartikkelen.

Jon Fosse er ein av dei som har kritisert krimsjangeren. I 2012 uttala Fosse til Morgenbladet at krim ikkje er litteratur, noko Fredrik Wandrup i Dagbladet tok avstand frå og kalla bombastisk (Wandrup 2012). I 2014 uttala Fosse til Dagbladet at: «Det finst eit skilje mellom seriøs litteratur og det som før i tida vart kalla for ‘kiosklitteratur’, til dømes krim, dette skiljet har blitt forsøkt utviska av kulturpolitiske grunnar» (Due 2014). Desse utsegna til Fosse har

blitt kopla til litterær *kvalitet*, men kritikken dreier seg nok om meir enn dette. Dersom ein ser utsegna til Fosse i samanheng med essayet han ga ut i 1990, vert det tydeleg at det handlar om premissa til romanen. I «Romanen i sin store ironi» påpeiker Fosse at romanen alltid er på sporet av den tapte meininga og dermed er mangetydig og ironisk. Dette er ikkje tilfellet med kriminallitteratur. Fosse hevdar at: «Kriminalromanen er ikkje ironisk. Etter mitt skjønn vert kriminalromanen ei fornekting av all kunst, gjennom at det gåtefulle vert gjort til ei gåte som kan løysast (Fosse 1990: 34). Det spelar altså ingen rolle om krimbøker har høg litterær eller språkleg kvalitet, sidan dei uansett ikkje har sine egne mytiske premissar, men heller er «lagt opp rundt kulturelle klisjear» (ibid.: 35).

Kriminallitteratur er altså ikkje naudsynleg ein del av det gode litterære selskap, slik det vert hevd i Aftenposten (Elnan 2015). Fredrik Wandrup påpeiker også at: «Det har lenge vært påfallende at selvoppnevnte eliteorganer som Klassekampen og Morgenbladet ikke skriver om det de oppfatter som krim» (Wandrup 2015). Det er freistande å stille spørsmål ved om det er denne type haldninga som er noko av årsaken til at det ikkje vert satsa meir på kriminallitteratur i den nynorske omsettingsverksemda. Kriminallitteratur er ikkje ein eigen kategori i sjangerinndelinga, men dersom ein ser på enkeltverk er det tydeleg at dette ikkje er ein dominant kategori. Det eksisterer likevel nokre enkeltdøme og Baskerville forlag har gjeve ut fire slike verk, både for barn og vaksne. Forlaget har ein klar strategi om at det må ligge butikk bak forlagsverksemda, og ikkje berre interesse for litteratur (Bergens Tidende 2007). Daglig leiar, Tom Rasmussen, uttala til Bergens Tidende at: «Fokuset er på ytterpunktene ‘feel good’ og skittenrealisme» (ibid.). Forlaget har altså ein tydeleg profil og framhevar underholdningsverdi framfor litterær kvalitet i media. Ein kan derimot ikkje rekne med at alle forlag har dei same intensjonane, og vi skal derfor sjå nærmare på dei største forлага i nynorsk omsettingsverksemrd i neste underkapittel.

5.4 Forlag

Frå år 1990 til 2010 har 62 ulike forlag gjeve ut omsett skjønnlitteratur på nynorsk. Fleire av desse forлага har berre gjeve ut 1–5 verk i denne perioden, medan andre har stått for fleire

titals utgjevingar. Samlaget, Det Norske Teatret, Gyldendal og Cappelen Damm utgjer dei største forlaga på dette feltet. I det følgjande vil desse fire største forlaga verte undersøkt nærmare med tanke på språk- og sjangerfordeling. Der det er relevant vil tala koplast opp mot *Språkfakta 2010*. Kjartan Fløgstad tematiserer i liten grad forlaga si rolle i «Eit sant mirakel», bortsett frå når han kritiserer dei for å krevje bokmål som omsettingsspråk. Forlaga vil i det følgjande verte framheva som aktive aktørar i feltet, med hjelp frå Lawrence Venuti sine refleksjonar. Fokuset vil vere på eventuelle forskjellar mellom forlaga, både med tanke på sjølvoppfatning og korleis dei profilerer seg i offentlegheita. Dette vil verte satt i samanheng med tankesett frå fortida, i tillegg til moglege stereotypiar rundt nynorsk og brukarane av denne målforma.

I *Scandals of Translation – Towards an Ethics of Difference* framhevar Lawrence Venuti forlag, produsentar og reklamebyrå som aktive aktørar i omsettingsverksemda, og samanliknar verksemda med kolonisme. Boka vart skriven på 1990-talet, men som eg har vore inne på tidlegare, tyder mykje på at refleksjonane gjer seg gjeldande sjølv i dag. I 2013 framheva til dømes Jonas Gamborg Lillebø at kultur framleis er eit omgrep som vert framstilt som noko statisk og lukka. Kultur fungerer dessutan som eit slags nytt raseomgrep, ettersom det på nytt innfører distinksjonar mellom menneske og skaper ei hierarkisering av ulike kulturar. Dette er svært relevant innanfor omsettingsverksemda ettersom ein kan snakke om ei slik hierarkisering med tanke på språk og kultur. Lawrence Venuti framhevar særskilt store transnasjonale selskap og deira makt. Situasjonen er noko annleis i Noreg, sjølv om vi også her til lands har store forlag med mykje makt. Språksituasjonen i Noreg er for kompleks til at ein kan legge all «skuld» på éin instans dersom ein finn kritikkverdige forhold i omsettingsverksemda på nynorsk. Aktive aktørar i feltet vil derfor ha eit meir positivt forteikn i denne oppgåva, enn det som vert skissert opp av Lawrence Venuti. Fokuset vil heller vere på *forskjellar* mellom forlaga med tanke på haldningar og intensjonar, framfor å skulle kaste dom over denne aktørgruppa som heilskap.

Samlaget er det forlaget som utan tvil dominerer den nynorske omsettingsverksemda, med heile 239 utgjevingar og dermed 39 % av totalen. Forlaget har omtrent same posisjon i nynorsk bokutgjeving generelt, ettersom Samlaget ifølgje *Språkfakta 2010* utgjorde 37 % av nynorsk bokutgjeving mellom år 1990 og 2008 (tabell 15.16). Dette er kanskje ikkje så overraskande med tanke på at forlaget har ein klar nynorsk profil og dessutan har ein eigen post på statsbudsjettet, noko eg har vore inne på tidlegare i oppgåva. På nettstaden til forlaget står det at «Samlaget blei stifta i 1868 og har i over 140 år fremja nynorsk språk og litteratur» (Samlaget 2016). Spørsmålet er om dette uttalte målet får konsekvensar for kva slags bøker som vert utvald til omsetting. Kvalitet er nok her eit viktig stikkord, ettersom det spesifikt står at: «Engasjerte forfattarar og tilsette i forlaget bidreg til eit stort mangfald av utgjevingar av høg kvalitet» (ibid.). Fremjing av nynorsk, i tillegg til mangfald og høg kvalitet er altså noko som står sentralt for forlaget. På nettstaden vert det dessutan presisert at barn og ungdom er ei viktig målgruppe på forlaget. Allereie ut frå desse merknadane byrjar det å danne seg eit bilet av korleis forlaget oppfattar seg sjølv og sine oppgåver. I det følgjande skal vi sjå om dette også er tilfellet i praksis.

Figur 4.5 syner at Samlaget satsar stort på litteratur for barn og ungdom også på dette feltet. Barnelitteratur utgjer heile 53 % av dei omsette verka til forlaget. Deretter kjem roman og prosa kategorien med 16 % og lyrikk med 13 %. Både øvrig-kategorien og drama utgjer 9 % av totalen. Det at barnelitteratur er ein så overlegen stor kategori tydar på ei heilt klar satsing frå forlaget si side, eit inntrykk som vert forsterka av merknadene på nettsida deira. Det er derfor interessant at svensk er det desidert mest brukte språket av forlaget. Eit kjapt sok i tabellen syner at alle bøkene med svensk som opphavsspråk, med unnatak av eitt verk, er barnelitteratur. Det vert altså ikkje berre satsa på barnelitteratur generelt, men ganske spesifikt på svensk barnelitteratur. Likevel er det ikkje Samlaget som står bak utgjevingane av Astrid Lindgren-klassikarane som vart nemnt tidlegare i kapittelet. Fokuset ser heller ut til å vere på nyare verk. Dette ser ut til å vere tilfellet også når det gjeld barnelitteratur frå andre språk, sjølv om ein òg finn nokre klassikarar som *Den løyndomsfulle hagen* av Frances Hodgson Burnett og *Skatten på Sjørøvarøya* av Robert Louis Stevenson. Dei andre sjangerkategoriane er til saman meir varierte med tanke på fordelinga av samtidslitteratur og klassikarar. Ein finn

til dømes mykje fransk samtidslitteratur, men òg klassikarar som *Fedra* av Jean Racine. Samlaget har også gjeve ut fleire norrøne soger som *Edda* og *Egilssoga*.

Språk- og sjangerfordelinga til Samlaget syner at forlaget er framtidsretta når det gjeld omsett skjønnlitteratur på nynorsk. Hovudfokuset er tilsynelatande på samtidslitteratur, sjølv om det også har vorte gjeve ut fleire klassikarar for både barn og vaksne. Ein kan altså snakke om mangfald i den omsette skjønnlitteraturen til Samlaget. Det er spesielt i sjangerkategoriane øvrig og drama at Samlaget har satsa på ein meir bevarande profil, altså ved å gjere klassikarar tilgjengeleg på nynorsk. Barnelitteraturen utmerkar seg som spesielt framtidsretta, og det er kanskje noko overraskande at forlaget ikkje i større grad har satsa på å gjere klassiske verk tilgjengeleg på nynorsk. Dette har som tidlegare nemnt vorte gjort av andre forlag. Når det gjelder kvalitet, er dette ein kategori det er vanskelegare å bedømme. Det som derimot kan påpeikast er at det i stor grad er brukt omsettaraar som har det ein kan kalle litterær respekt, som til dømes Halldis Moren Vesaas, Ragnar Hovland og Jon Fosse. Ein kan derimot også sjå på korleis Samlaget posisjonerer seg i media, noko eg har vore inne på tidlegare i oppgåva med tanke på såkalla «Happy Tears»-bøker.

Utsegna på nettstaden til Samlaget gjer det tydeleg at høg kvalitet er eit uttalt mål for forlaget, og dette gjer seg synleg både gjennom val av bøker og omsettaraar, men òg gjennom måten bøkene vert profilert på. Vi har sett at det har vore viktig for forlaget å framheve den høge litterære kvaliteten til bestselgar-bøkene sine. Forlaget har tatt aktive grep for å unngå at forbrukaren skal kome i skade for å oppfatte bøkene som såkalla «Happy tears»-bøker. Det er derfor interessant at bokmeldaren Aage Borchgrevink meiner at Elena Ferrante bøkene har vorte marknadsført som litterær lettvekt: «På tross av at bøkene er ambisiøse skildringer av Italias etterkrigstid, markedsføres de som litterær lettvekt. Forfatterinnens fravær og nedsnakking av egen litteratur minner påfallende om strategiene til hennes litterære kvinneskikkelsjer» (Borchgrevink 2015). Borchgrevink er noko uklar på om han siktar til marknadsføringa av bøkene generelt og internasjonalt, eller spesifikt den norske marknadsføringa til Samlaget. Mest sannsynleg siktar han til begge deler. Den første boka i

Napoli-kvartetten har nemleg eit brudebilete på omslaget, noko som òg er smurt stort utover bokmeldinga. Samlaget har i etterkant gått ut i media og uttala at «Vi var litt bekymret for brudebildet på omslaget, som kan virke ekskluderende på mannlige lesere» (Aldridge 2015). Vidare uttala dei at omslaget på dei tre neste bøkene kom til å verte annleis (*ibid.*). Det er altså slett ikkje ønskjeleg for forlaget at bøkene skal verte oppfatta som «litterær lettvekt», verken med tanke på omslag eller innhold.

Det Norske Teatret er den nest største aktøren i nynorsk omsettingsverksemd med 80 verk og dermed 13 % av totalen. I dette tilfellet var det ikkje naudsynt med ei oversikt over sjangerfordeling, ettersom dei berre gjev ut drama. Språkfordelinga i figur 4.6 syner at engelsk, svensk og fransk dominerer her i likskap med i nynorsk omsettingsverksemd generelt, men at Det Norske Teatret også satsar på opphavsspråk som tysk og russisk. Det Norske Teatret er i likskap med Det Norske Samlaget ein aktør med ein nynorsk profil. Teatret vart skipa allereie i 1912 og på nettsida deira står det at: «Det var og er ein del av ei folkerørsle der vidareføringa av Ivar Aasens målreisingsarbeid var både mål og middel» (Det Norske Teatret 2016). Dette er altså ein aktør som er svært medveten opphavet sitt og ser på målreising som ei viktig oppgåve. Det Norske Teatret har derimot også eit uttalt mål om å vere framtidsretta, noko som mellom anna kjem til uttrykk gjennom prosjektet «Det Multinorske» som er eit initiativ for at teatra skal kunne byggje ensemble som speglar det moderne Noreg, med skodespelarar med ikkje-vestleg bakgrunn (*ibid.*).

Teaterstykka frå Det Norske Teatret er varierte, men ein ser ein klar tanke om å vere ein bevarande instans ettersom mange av verka er det ein kan kalle klassikarar. Døma er mange og varierte. For vaksne finn ein teaterstykke som *Macbeth* av William Shakespeare, *Frøken Julie* av August Strindberg og *Don Quijote* av Miguel de Cervantes. For barn finn ein mange Astrid Lindgren-klassikarar, noko eg har vore inne på tidlegare i denne oppgåva. *Emil i Lønneberget*, *Pippi Langstrømpe* og *Mio min Mio* er døme på dette. Det er derimot ikkje berre svenske klassikarar som har vorte oppsett for barn, også forteljingar som *Jungelboka* av

Rudyard Kipling er å finne i talmaterialet. Også hjå denne aktøren går omsettarnamn som Halldis Moren Vessas og Jon Fosse igjen.

Det Norske Teatret satsar som nemnt også på russiske teaterstykke, noko det er freistande å sjå i samanheng med den motkulturelle posisjonen til Russland som eg nemnte tidlegare i oppgåva. I forbindelse med 100 års jubileet til Det Norske Teatret i 2013, publiserte teatersjef Erik Ulfsby og styreleiar Nina Refseth ein kronikk i Dagbladet med tittelen «100 år og like stri». Her påpeiker dei at teatret frå starten var eit «uttrykk for motkultur og opposisjon» og at «det å vere i kamp og å vere sta ligg i ryggmargen til dette teatret» (Ulfsby og Refseth 2013). Dersom ein går ut frå at teatret representerer ein motkultur og russisk er eit «mot-språk», vert det her snakk om ein slags dobbel motkultur. Likevel ser vi altså at Det Norske Teatret satsar stort på klassiske verk når det kjem til omsetting, og dette gjeld også når russisk er opphavsspråket. Dette har kanskje samanheng med eit anna viktig stikkord som vert nemnt i kronikken, nemleg at: «Heile vegen handlar det om kvalitet» (ibid.). Kvalitet er altså noko som er svært viktig også for denne aktøren.

Cappelen Damm og Gyldendal er dei neste forlaga på lista, som begge utgjer 4 % av totalen. Det er altså snakk om ein stor mengdeforskjell i forhold til Samlaget, men det er likevel interessant å sjå nærmare på desse, spesielt med tanke på at desse forlaga ikkje har det ein kan kalle ein «nynorsk-profil». Nokre vil kanskje seie at desse tvert imot har ein klar «bokmål-profil». Spørsmålet vert dermed om ein kan sjå ein forskjell mellom utgjevingane til desse forlaga og aktørane med ein klar nynorsk profil. Utgjevingane til Cappelen Damm har eg allereie diskutert tidlegare i dette kapittelet, og eg kjem derfor ikkje til å gå så altfor mykje inn på dette forlaget. For å samanfatte var det altså snakk om at Cappelen Damm satsar stort på såkalla «Happy tears»-bøker, men at dette er ei satsing som berre ser ut til å gjelde bokmål. Dei omsette bøkene dei gjev ut på nynorsk har ein ganske annan profil og er hovudsakeleg lyrikksamlingar. Lyrikk utgjer 46 % av utgjevingane, medan barnelitteratur utgjer 42 %. Det er gjeve ut tre romanar, medan det ikkje er gjeve ut eit einaste teaterstykke eller norrøne soger. Verka består både av samtidslitteratur og klassikarar som *Den guddomlege komedien*

av Dante Alighieri for vaksne, og *Mio min Mio* av Astrid Lindgren for barn. Fleire av verka er også frå serien «Stemmens kontinent» som eg har nemnt tidlegare i oppgåva. Det er òg verdt å nemne at Cappelen Damm er Noregs største forlag og at forlaget er eigd av Nordens største mediekonsern Bonnier og Egmont, med base i København. Det er freistande å stille spørsmål ved om dette er noko av årsaken til at dansk er det største opphavsspråket til dette forlaget, med 23 % av totalen. Til samanlikning utgjer dansk 3 % av totalen for Det Norske Teatret og 7 % av totalen for Samlaget.

Gyldendal har i likskap med Cappelen Damm ikkje gjeve ut noko innan kategoriane drama og øvrig. Barnelitteratur utgjer den største sjangeren med 38 % av utgjevingane. Denne er tett etterfølgt av lyrikksjangeren, som utgjer 35 % av totalen. Romanar og prosa utgjer 27 % av utgjevingane. Gyldendal er oppkalla etter det danske forlaget med same namn, som fram til 1925 var både Danmark og Noregs største forlag. På nettstaden til forlaget finn ein følgjande visjon: «Våre tradisjoner er lange og setter krav til oss som en viktig kunnskaps- og kulturbærer i samfunnet. Vi vil videreføre kulturarven og vi vil tilby det beste av nåtidens litteratur – samtidig som vi tilstreber å drive forleggeriet etter moderne prinsipper som er formålstjenlig for alle våre interesser» (Gyldendal 2016). Tradisjon og kulturarv står altså sentralt hjå forlaget, ein tradisjon som strekkjer seg tilbake til Danmark under målstriden. Dette betyr likevel ikkje at dansk er eit dominerande opphavsspråk, forlaget har tvert imot berre gjeve ut eitt verk som er omsett frå dansk i løpet av 20 år. Italiensk er det største opphavsspråket med 31 % av utgjevingane. Deretter kjem svensk, engelsk og fransk.

Forlaget Gyldendal har tidlegare gått ut i media og uttala seg om kva dei tenkjer rundt eigen omsettingsverksem. Janneken Øverland, Gyldendals redaksjonssjef for omsett skjønnlitteratur, uttala i år 2000 til NRK at: «[...] min erfaring fra bokklubb viser at folk er redde for å kjøpe bøker som er oversatt til nynorsk. Men når man først velger å oversette til nynorsk, ligger det ingen tanke om nynorsk-ansvar bak» (Øygaren 2000). Dette er interessant ettersom det syner at forlaget slett ikkje har nokon sjølvoppfatning som ein bevarande instans eller at dei har klare intensjonar om å fremje nynorsken. Øverland presiserer vidare at dei er

ute etter den beste omsettaren som finst til kvart prosjekt, uavhengig av om han eller ho skriv på bokmål eller nynorsk (ibid.). Dette kan kanskje virke noko sjølvmotseiande ettersom Janneken Øverland tidlegare i intervjuet insinuerer at omsette bøker på nynorsk er vanskelegare å selje. Dersom økonomiske omsyn ikkje speler inn og forlaget dessutan ikkje har noko uttalt mål med tanke på målform, plasserer dette mykje makt hjå omsettaren. Dette kan verke litt for godt til å vere sant, og det vert ikkje utdjupa korleis eit prosjekt passar best på anten bokmål eller nynorsk. Det er verdt å nemne at dette er forlaget til Kjartan Fløgstad. Fløgstad kritiserer som tidlegare nemnt forlaga i Noreg for å krevje bokmål når det gjeld omsetting, men han går ikkje spesifikt inn på namngitte forlag. Ein ser uansett eit klart skilje mellom forlag og forfattar med tanke på haldningar, ettersom Fløgstad tydeleg posisjonerer seg som ein «nynorsk-forkjempar», medan Gyldendal ikkje har noko uttalt mål i forhold til målforma.

Utsegna frå Gyldendal gjer det desto meir interessant å undersøke enkeltverk som forlaget har gjeve ut. Dersom ein berre ser på mengde, er det tydeleg at omsette bøker på nynorsk ikkje er ei storsatsing for forlaget. Likevel er fleire av verka såkalla klassikarar, kor mange av dei dessutan tidlegare er gjevne ut på bokmål av andre forlag. For vaksne kan fleire verk av Dante Alighieri nemnast, som til dømes *Den guddomlege komedie* (som òg er gjeven ut av Cappelen Damm på nynorsk), *Helvetet* og *Skiringsheimen*. For barn finn ein klassikarar som *Meisterdetektiven Blomkvist* av Astrid Lindgren, *Charlie og sjokoladefabrikken* og *Georgs magiske medisin* av Roald Dahl. Her kan ein altså skimte eit lite sprik mellom den uttalte intensjonen og den faktiske praksisen til Gyldendal. Forlaget har gjennom omsettingsverksemda si vore med på å verne og utbyggje den nynorske skriftkulturen, trass i at forlaget altså meiner at dei ikkje har noko «nynorsk-ansvar». Likevel har dei altså gjort klassikarar og bøker som til då berre har vore ein del av «bokmålskulturen» tilgjengeleg på nynorsk. I talmaterialet finn ein dessutan samtidslitteratur.

Hovudpoenget med denne gjennomgangen har vore å synleggjere at det eksisterer forskjellar mellom norske forlag med tanke på sjølvoppfatning og haldningar. Forлага som spesialiserer

seg på nynorsk har ei klar sjølvoppfatning som mellom anna går ut på at dei skal fremje nynorsk ved å verne og utbyggje skriftkulturen. Forlag som ikkje spesialiserer seg på nynorske utgjevingar har ikkje ei slik profil og nokre meiner dessutan at dei ikkje har eit «nynorsk-ansvar» og behandlar dermed i teorien målformene likt. Likevel er det ikkje alltid direkte samsvar mellom den uttalte intensjonen og den faktiske praksisen. Det er til dømes ikkje Samlaget som har gjort Astrid Lindgren-klassikarane tilgjengeleg på nynorsk, det er det forlag som Cappelen Damm og Gyldendal som har stått for. Det ser dessutan ut til å eksistere ein stereotypi om at nynorske bøker, omsette inkludert, er bøker som har eller må ha høg litterær kvalitet. Dette gjer seg synleg gjennom val av titlar og omsettalar, men aller mest gjennom måten bøkene vert profilert på. Høg litterær kvalitet er ord som til stadighet vert brukt for å skildre omsett skjønnlitteratur på nynorsk, og dette ser ut til å vere desto viktigare å framheve dersom bøkene får kommersiell suksess. Fokuset har her vore spesifikt på forlag, men det er viktig å poengtere at det òg finst fleire ulike aktørar som har mykje makt i feltet, som mellom andre media. Norsk Kulturråd er eit døme på ein aktør som aktivt har forsøkt å påverke feltet. NRK påpeika i år 2000 at Norsk Kulturråd i lengre tid har forsøkt å få forлага til å ta ansvar for nynorsken – utan resultat (Øygaren 2000). I denne forbindelse uttala Anton Fjeldstad frå Kulturrådet at dei framleis meinte at dei store forlaga burde ta eit ansvar for å gje ut verdslitteratur på nynorsk. Dei sjølve ville sette inn økonomiske stimuleringstiltak for å auke nynorsk-andelen på omsettingar (*ibid.*). Nynorsk som omsettingsspråk var altså sjølv på 2000-talet noko det vart forventa at ein tok «ansvar» for.

Avslutning

Talmaterialet i denne oppgåva syner at det er snakk om stor variasjon innanfor den nynorske omsettingsverksemda. Frå år 1990 til 2010 er det snakk om 606 verk omsett frå 33 opphavsspråk, gjevne ut av 62 ulike forlag. Gjennomgangen av statistikken har til no dreia seg om spesifikke kategoriar som tidsutvikling, språk, sjanger og forlag. I det følgjande vil desse kategoriane verte sett under eitt, i eit forsøk på å kome til ein slags konklusjon. Det vil verte gjort eit forsøk på å skildre kva som kjenneteiknar nynorsk som skjønnlitterært omsettingsspråk, både med tanke på uttalte fordommar rundt verksemda og den faktiske praksisen. Eit overordna poeng i denne oppgåva er at eit tankesett nedarva frå 1800-talet er med på å påverke ordskiftet rundt omsettingsverksemda, i tillegg til valet av bøker og måten desse vert profilerte på. Eg har valt å kalle dette nedarva tankesettet for den mothegeemoniske arven, noko som vonleg signaliserer at situasjonen for nynorsk ikkje er den same som på 1800-talet, men at fleire viktige aktørar likevel er påverka av denne motkulturelle posisjoneringa sjølv i dagens samfunn. Eg meiner altså at den nynorske omsettingsverksemda ikkje kan undersøkast isolert, men må settast i samanheng med den overordna nynorske skriftkulturen for å få mest mogleg nyanserte konklusjonar. Spørsmålet er berre om situasjonen er like spesiell som ein kan få inntrykk av i media, eller om den tvert imot er ganske ordinær.

Når det gjeld den nynorske omsettingsverksemda er det viktig å skilje mellom det offentlege ordskiftet og den faktiske praksisen. Dersom ein ser på utsegn frå ulike aktørar i media får ein inntrykk av at dette er eit felt i djup krise. Ifølgje Kjartan Fløgstad herskar det ikkje språkleg demokrati i nynorsk omsettingsverksem. Janneken Øverland meiner folk er redde for å kjøpe bøker omsett til nynorsk. Simone Stibbe i Skald forlag meiner at omsett nynorsk litteratur i det heile er i ferd med å forsvinne. Alle desse utsegna må ein sjølvsagt sjå i ein kontekst, men dei seier likevel noko om korleis nynorsk omsettingsverksem vert framstilt. Tala i denne oppgåva syner at situasjonen ikkje er fullt så dyster som ein kan få inntrykk av i media. Dersom ein berre kontrasterer tala med bokmål, er det tydeleg at det eksisterer ein stor

mengdeforskjell mellom målformene. Dersom ein i tillegg koplar tala til den nynorske skriftkulturen, vert det tydeleg at omsett skjønnlitteratur utgjer ein betydeleg prosentdel, på lik linje med det som er tilfellet i norsk bokutgjeving generelt. Dersom ein plasserer nynorsk omsettingsverdsemd i ein kontekst er det altså tydeleg at det har gått frå å vere eit nærmast ikkje-eksisterande felt, til å omfatte fleire titals verk per år på 2000-talet. Feltet er altså ikkje i ferd med å forsvinne, men er utan tvil avhengig av at dei største aktørane held fram arbeidet med å gje ut omsett verds litteratur på nynorsk. Dersom Samlaget som står for 39 % av utgjevingane, skulle verte tvungen til å slutte med dette, ville det sjølv sagt få store konsekvensar for feltet som heilskap.

Denne oppgåva har heile vegen handla om meir enn mengde. Poenget har ikkje berre vore å kartlegge utgjevingane mellom år 1990 og 2010, men å bruke denne informasjonen til å seie noko om nynorsk som skjønnlitterært omsettingsspråk. Likevel er det ofte nettopp dette mengdeaspektet som vert framheva i debatten rundt nynorske omsettingar. Dette har nok samanheng med posisjonen til målforma som heilskap. Trass i at nynorsk har vore eit offisielt skriftspråk i Noreg sidan 1885, står målforma framleis i ein minoritetsposisjon. Som eg har vore inne på tidlegare har dette fått Tove Bull til å karakterisere nynorsk som eit minoritetsspråk (Bull 2004). Uansett om ein er einig i denne karakteristikken eller ikkje, er det tydeleg at *kamp* og *strid* er noko som dominerer ordskiftet sjølv i dag. Ein kan framleis snakke om målstrid, nynorskforkjemparar og bokmålsforkjemparar, noko som også er tilfellet i denne oppgåva. Dette kjem mellom anna av at nynorsk framleis vert sett på som noko ein må verne og fremje ettersom målforma står i ein minoritetsposisjon. Retorikken til fleire av dei såkalla «nynorskforkjemparane» kjem derfor ikkje naudsynleg av at aktørane *ønskjer* å posisjonere seg på denne måten, men at det vert tvungen fram av den språkpolitiske situasjonen i Noreg.

Uansett årsak kan ein i tillegg til ein spesiell retorikk rundt nynorsk sjå tendensar på at det eksisterer stereotypiar i samfunnet rundt målforma og brukarane av denne. Dette er noko ein kan sjå i samanheng med den mothegeemoniske posisjonen målforma har hatt historisk sett.

Nokre vil kanskje påstå at målrørsla sigra i den ideologiske krigføringa, og at målforma derfor vanskeleg kan seiast å posisjonere seg mothegeemonisk i dag. Reidun Høydal påpeiker til dømes at «Norskdomsrørsla makta på mange måtar å avnaturalisere den etablerte elitens doxa – i form av det sosialt eksklusive danningsmonopolet – ved å naturalisere sin eigen representasjon av det norske som ein kamp mellom to kulturar» (Høydal 2003: 376). I dag kan ein nok ikkje snakke om tokulturlæra på same måte som tidlegare, men ein ser likevel at det vert gjort forsøk på å finne likskapar mellom nynorskbrukarar, i tillegg til å framheve den litterære produksjonen som verk av høg kvalitet.

Tove Bakke er ein omsettarsom har tatt til orde for at norske forlag utøver økonomisk sensur. I eit intervju med Radio Nova i 2013 uttala ho at det er eit nærast ikkje-eksisterande ønske frå forlaga si side når det kjem til å omsette framandspråkleg skjønnlitteratur til nynorsk og at det derfor er og vert Det Norske Samlaget som først og fremst står for litteratur omsett til nynorsk (Rosenberg 2013). Tala i denne oppgåva syner at dette langt på veg stemmer, ettersom Samlaget står for heile 39 % av utgjevingane, men det er viktig å poengtere at dette også er tilfellet i nynorsk bokutgjeving generelt, kor Samlaget står for 37 % av utgjevingane. Det er dessutan 61 andre forlag som har gjeve ut omsett skjønnlitteratur på nynorsk. Tove Bakke presiserer at: «Det er ikke det at de ikke satser, de vil ikke ha det. De skylder på markedsavdelingene. Det er rett og slett markedssensur» (ibid.). Bakke meiner altså at det eksisterer ei oppfatning om at nynorsk ikkje sel, noko mellom andre Janneken Øverland i Gyldendal òg har vore inne på. Bakke meiner derimot at dette ikkje stemmer og at forlaga derfor ikkje bør gøyme seg bak dette argumentet. Omsettaren kjem også med følgjande interessante utsegn: «Driver man med nynorsk er man nødt til å være dobbelt så flink som alle andre» (ibid.). Det stilles altså ekstra høge krav til språkleg kvalitet i nynorsk omsettingsverksem, og mykje tyder på at det same er tilfellet når det kjem til litterær kvalitet.

Nynorsk er altså framleis noko fleire aktørar føler dei må kjempe for. Det ser dessutan ut til å eksistere fleire stereotypiar rundt målforma og brukarane av denne. Ser ein same tendens

innanfor den nynorske omsettingsverksemda? Svaret er både ja og nei. Dersom ein ser på korleis omsettingsverksemda vert omtalt i media og korleis verka vert profilert, kan svaret fort verte ja. Det eksisterer ein stereotypi om at omsette bøker på nynorsk er *kvalitetsbøker*, bøker med høg språkleg og litterær kvalitet. Årsakene til denne stereotypien er sjølvsagt mange og fleirsidige. Heilt sidan etableringa av nynorsk har det vore eit viktig mål å heve skriftspråket til eit kulturmål på lik linje med dansk og bokmål. Vidare har det vore viktig å framheve desse språklege kvalitetane som Kjartan Fløgstad kallar «nynorskens overlegne eleganse og uttrykkskraft» (Fløgstad 2012). Nynorsk har altså alltid handla om meir enn berre normering, og dette gjer seg gjeldande sjølv i dag. Det er slettes ikkje umogleg å gjere kommersiell suksess med omsette bøker på nynorsk, men når dette skjer ser det ut til å vere viktig for aktørane å framheve at dette er bøker med høg litterær kvalitet, ikkje såkalla kiosk- eller kvinnelitteratur. Dette gjeld ikkje berre forlaga, men òg andre aktørar. Anton Fjeldstad i Norsk Kulturråd har til dømes uttala at bøkene som vert omsette til nynorsk er kvalitetsbøker, utan at det er naudsynt med noko forklaring på *kvifor* dette er tilfellet. Koplinga mellom nynorsk og høg litterær kvalitet er ein så sjølvsagt stereotypi at den ikkje ser ut til å trenge nokon argumentasjon i det offentlege ordskiftet.

Dersom ein ser på sjølve praksisen i nynorsk omsettingsverksemrd, altså kva slags bøker som vert gjevne ut, er situasjonen noko annleis enn slik den vert framstilt i det offentlege ordskiftet. Ein ser heilt klart teikn på at praksisen speglar den spesielle posisjonen til målforma, men her må ein skilje mellom eit ønske om å posisjonere seg mothegeomonisk og eit ønske om å gjere målforma mest mogleg «ordinær». Det at det vert satsa stort på klassikarar og bøker som tradisjonelt berre har vore ein del av «bokmålskulturen» syner sjølvsagt at nynorsk står i ein minoritetsposisjon i Noreg. Ein kan derimot vanskeleg seie at denne satsinga kjem av eit ønske om å posisjonere seg mothegeomonisk, poenget er nok heller her å gjere målforma mest mogleg «ordinær» ved å gjere ulike typar litteratur tilgjengeleg på nynorsk. Likevel er det jo påfallande at det også her er snakk om bøker som vert definert som viktige verk med høg litterær kvalitet. Ein kjem altså ikkje heilt utanom kvalitet-aspektet her heller.

Språkfordelinga i nynorsk omsettingsverksemd er på mange måtar ganske ordinær og alminneleg. Tal frå *Språkfakta 2015* syner at fordelinga er tilnærma lik den for bokmål, sjølv om dansk ikkje er eit like stort omsettingsspråk på nynorsk som på bokmål. Det er også verdt å nemne at gammalnorsk ikkje er eit betydeleg omsettingsspråk på bokmål, i motsetnad til på nynorsk. Dette syner igjen at det er eit viktig mål å gjere klassisk litteratur tilgjengeleg på nynorsk. Det er kanskje noko overraskande at majoritetsspråk som engelsk og fransk har ein så dominant posisjon i nynorsk omsettingsverksemd, ettersom det «andre vegen» ser ut til å eksistere ei medveten haldning om å fange inn den språkpolitiske situasjonen til nynorsk i utanlandsk omsetting. I val av omsettingsspråk er altså nynorsk omsettingsverksemd jamt over ganske tradisjonell, men ein kan skimte den spesielle posisjonen til målforma også her.

Litteraturforskaren Peter Bürger skil klart mellom avantgarde, modernisme og populærlitteratur i sine teoriar. Eg har tidlegare vore inne på at desse kategoriane er svært spesifikke og at det er vanskeleg å snakke om funksjonen til enkeltverk i ei slik type oppgåve. Likevel er distinksjonane interessante med tanke på kven aktørane i nynorsk omsettingsverksemd ønskjer å vere. Ut frå det som har vorte diskutert så langt i oppgåva er det tydeleg at utgjevingane på nynorsk er svært varierte. Ein kan på den eine sida snakke om fleire verk som har representert samfunnsmessige brot eller som har utfordra sjangerkategoriar, men ein kan på den andre sida også snakke om meir marknadsretta bøker. Det spesielle i denne situasjonen er at ettersom det er snakk om omsetting, så har aktørane moglegheit til å handplukke verk som anten har gjort suksess basert på det autonome eller heteronome prinsippet i opphavslandet. Aktørane kan altså velje ut bøker som vert oppfatta som avantgardiske eller modernistiske, eller som er forventa å gjere kommersiell suksess. Fleire av verka som moglegvis kan falle under den avantgardiske kategorien i nynorsk omsettingsverksemd, er verk som vart gjevne ut for fleire tiår sidan, og spørsmålet vert da kor avantgardiske dei eigentleg er i dag. Det er i det heile vanskeleg å snakke om ein konkret tendens i forhold til dette, ettersom fleire av aktørane heilt tydeleg satsar på å vere ein bevarande instans som skal gjere klassikarar tilgjengeleg på nynorsk. Det satsast utan tvil også på samtidslitteratur og desse bøkene skal ha høg litterær kvalitet, men det er ikkje noko

som tyder på at samtidslitteraturen må ha eit spesielt avantgardisk eller modernistisk trekk. Fleire av bestselgar-bøkene beveger seg tvert imot mot kategoriar som «feelgood».

Gjennomgangen av teori, tal og det offentlege ordskiftet i media har gjort det tydeleg at nynorsk omsettingsverksemد står i ein spesiell posisjon i Noreg, noko som vel alltid vil vere tilfellet i samband med eit språk i ein minoritetsposisjon. Dette handlar ikkje berre om mengdeforskellar i forhold til bokmål, men den spesielle posisjonen målforma har generelt i det norske samfunnet. Det vert gjort tydelege forsøk på å gjere nynorsk omsetting mest mogleg «ordinær» ved å gjere klassikarar frå ulike sjangrar tilgjengelege på nynorsk. Likevel har visse haldningars og stereotypiar tydeleg festa seg ved nynorsk som skjønnlitterært omsettingsspråk. Det vert gjort forsøk på å ta del i den delen av «bokmålkulturen» som har høg sosial eller litterær prestisje, men ein finn ikkje same tendens når det gjelde bøker som har gjort stor kommersiell suksess på bokmål, som til dømes «Happy Tears»-bøker. Det er freistande å stille spørsmål ved om dette heng saman med den låge sosiale og litterære prestisjen desse bøkene har. Ut frå dette perspektivet kan ein seie at det framleis vert gjort forsøk på å posisjonere nynorsk mothegemonisk eller som ein motstrømskultur, sjølv om grensene vert stadig meir viska ut ettersom fleire aktørar er avhengig av kommersiell suksess også på dette feltet. Løysinga ser ut til å vere at ein framhevar den litterære kvaliteten til desse marknadsretta bøkene i media.

Spørsmålet om ein kan snakke om «eit sant mirakel» også hjå nynorsk omsettingsverksemد står igjen. Som eg har vore inne på fleire gonger tidlegare, meiner altså Kjartan Fløgstad at nynorsk skjønnlitteratur har gått frå ein svært sterkt posisjon til å verte endå sterkare. Ein kan vanskeleg snakke om same utvikling når det gjeld nynorsk som omsettingsspråk. Her har heller verksemda gått frå ein svært svak, nærmast ikkje-eksisterande posisjon, til å utgjere omrent like stor prosentdel av nynorsk bokutgjeving som omsettingar utgjer i Noreg generelt. Likevel kan denne voldsame utviklinga verke som eit slags mirakel, spesielt med tanke på at det til stadighet vert framheva at det ikkje eksisterer språkleg demokrati på dette feltet. Dersom ein ser denne utviklinga i samanheng med utviklinga av omsetting som eit eige

fagfelt, vert utviklinga derimot meir naturleg. Det som heller kan kallast eit sant mirakel er at det sjølv i 2016 eksisterer så mange fordommar og stereotypiar rundt ei målform og brukarane av denne, trass i at nynorsk har vore eit offisielt skriftspråk i Noreg sidan slutten av 1800-talet. Sjølv om ein ikkje kan snakke om ein slags kulturideologisk maktkamp på same måte som på 1800-talet, er det tydeleg at ei ideologisk posisjonering framleis er eit viktig maktmiddel eller overlevingsteknikk om ein vil, i framhevinga av nynorsk. Dette er ikkje naudsynleg eit ønske frå verken aktørane eller brukarane, men kanskje noko som vert tvungen fram av minoritetsposisjonen til målforma og det harde ordskiftet rundt språksituasjonen i Noreg.

Litteraturliste

Aldridge, Øystein: «Elena Ferrantes ‘Mi briljante venninne’ er blant sommerens store suksessromaner», 15. juli 2015 (lasta ned: <http://www.aftenposten.no/kultur/Elena-Ferrantes-Mi-briljante-venninne-er-blant-sommerens-store-suksessromaner-8095061.html> 17. april 2016).

Aldridge, Øystein: «Forlaget tok en stor sjanse da de trykket 500 eksemplarer. Nå har de solgt 70.000 Elena Ferrante-bøker», 21. januar 2016 (lasta ned: <http://www.aftenposten.no/kultur/Forlaget-tok-en-stor-sjanse-da-de-trykket-500-eksemplarer-Na-har-de-solgt-70000-Elena-Ferrante-boker-8326342.html> 15. april 2016).

Alexander, Jeffrey: «The Reality of Reduction – The Failed Synthesis of Pierre Bourdieu» i *Fin De Siecle Social Theory – Relativism, Reduction and the Problem of Reason*, New York: Verso, 1995.

Allkunne: «Hans Skjervheim» (lasta ned: <http://www.allkunne.no/framside/biografiar/s/hans-skjervheim/102/1282/> 26. april 2016).

Bassnett, Susan: *Translation Studies*, New York: Methuen & Co. Ltd by Routledge, 2014.

Bergens Tidende: «Skittenrealisme og bergensiania», 19. mars 2007 (lasta ned: <http://www.bt.no/kultur/litteratur/Skittenrealisme-og-bergensiania-1839022.html> 27. april 2016).

Bjørnskau, Hilde: «Den nye vodkaen», 26. oktober 2010 (lasta ned: <http://www.nrk.no/kultur/bok/den-nye-vodkaen-1.7351807> 28. april 2016).

Borchgrevink, Aage: «Elena Ferrantes romaner er et moderne storverk», 07. mars 2015 (lasta ned: <http://www.aftenposten.no/kultur/anmeldelser/Elena-Ferrantes-romaner-er-et-moderne-storverk-7927661.html> 17. april 2016).

Bourdieu, Pierre: *The Field of Cultural Production*, New York: Columbia University Press, 1993.

Bourdieu, Pierre: *Distinksjonen – en sosiologisk kritikk av dømmekraften*, Oslo: Pax, 1995.

Bull, Tove: «Nynorsk som minoritetsspråk» i *Språknytt 3–4*, 2004 (lasta ned: http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt_2004_3_4/Bull/ 29. januar 2016).

Bürger, Peter: *Theory of the Avant-Garde*, Manchester: Manchester University Press, 1984.

Cappelen Damm (lasta ned: <https://www.cappelendamm.no/cappelendamm/om-forlaget/index.action> 18. april 2016).

Claussen, Mona W.: «Slik juksar man seg til god nynorsk-karakter» i *Aftenposten*, 16. juni 2011 (lasta ned: <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Slik-jukser-man-seg-til-god-nynorsk-karakter-5122866.html> 04. februar 2016).

Cronin, Michael: *Translation and Globalization*, New York: Routledge, 2003.

Daniel, Isioma: «Lar pc'en oversette besvarelser til nynorsk» i *Aftenposten*, 24. november 2007 (lasta ned: <http://www.aftenbladet.no/nyheter/lokalt/Lar-pcen-oversette-besvarelser-til-nynorsk-2315558.html> 04. februar 2016).

Det Norske Teatret (lasta ned: <http://www.detnorsketeatret.no/historia/> 18. april 2016).

Due, Axel: «Jon Fosse vil ha støtte til seriøs litteratur» i *Dagbladet*, 06. februar 2016 (lasta ned: http://www.dagbladet.no/2014/02/06/kultur/litteratur/krim/damelitteratur/jon_fosse/31652352/ 27. april 2016).

Elnan, Thea Storøy: «Flaut å kjøpe damelitteratur» i *Aftenposten*, 13. juli 2015 (lasta ned: <http://www.aftenposten.no/kultur/Flaut-a-kjope-damelitteratur-8091264.html> 27. april 2016).

Fløgstad, Kjartan: «Ikkje Amerika, men Amerika» i *Aftenposten*, 30.08.2000.

Fløgstad, Kjartan: *Brennbart*, Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS, 2004.

Fløgstad, Kjartan: «Eit sant mirakel» i *Aftenposten*, 29. juni 2012 (lasta ned: <http://www.aftenposten.no/kultur/Eit-sant-mirakel-6932282.html> 28. januar 2016).

«Forskrift for autorisasjonsprøve for å bli statsautorisert translatør (translatøreksamen) ved Norges Handelshøyskole» (lasta ned: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1999-06-16-4892> 04. februar 2016).

«Forskrift om endring i forskrift for translatøreksamen ved Norges Handelshøyskole (lasta ned: <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2015-04-17-1187> 04. februar 2016).

Fosse, Jon: «Romanen i sin store ironi» (1990) i *Kompendium 2. Sekundær litteratur. NO203, Livshistorier*, Volda: Høgskulen i Volda, 2013.

Garborg, Arne: «Vor Sprogutvikling. En redegjørelse» (1897) i *Kompendium for valemne NYN307. Nynorsk skriftmål – om norm og bruk*, Volda: Høgskulen i Volda, 2015.

Gjerdrum, Aase: «Happy tears? Verre har det aldri vært. Eller?», 09.februar 2015 (lasta ned: <http://oversetterforeningen.no/happytears/> 15. april 2016).

Gramsci, Antonio: *Politikk og kultur – artikler, opptegnelser og brev fra fengselet*, Oslo: Gyldendal, 1973.

Gramsci, Antonio: *Gramsci i utvalg. Tre artikler av Antonio Gramsci*, Oslo: Universitetet i Oslo, 1992.

Grepstad, Ottar: *Nynorsk faktabok 2005*, Hovdebygda: Nynorsk kultursentrums, 2005 (lasta ned: http://www.aasentunet.no/filestore/Ivar_Aasen-tunet/Sprk/Sprkfakta_pdf/NynorskfaktabokA4.pdf 28. januar 2016).

Grepstad, Ottar: *Språkfakta 2010 – Tekstar*, Ørsta: Nynorsk kultursentrums, 2010 (lasta ned: http://www.aasentunet.no/filestore/Ivar_Aasen-tunet/Sprk/Sprkfakta_pdf/Sprakfakta2010tekstar.pdf 28. januar 2016).

Grepstad, Ottar: *Språkfakta 2010 – Tabellar og figurar*, Ørsta: Nynorsk kultursentrum, 2010 (lasta ned: http://www.aasentunet.no/filestore/Ivar_Aasen-tunet/Sprk/Sprkfakta_pdf/Sprakfakta2010kap15.pdf 28. januar 2016).

Grepstad, Ottar: *Språkfakta 2015*, Ørsta: Nynorsk kultursentrum, 2015 (lasta ned: http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta_2015/ 28. januar 2016).

Grepstad, Ottar: *Språkfakta 2015 – Bøker*, Ørsta: Nynorsk kultursentrum, 2015 (lasta ned: http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta_2015/16_boker/ 28. januar 2016).

Gyldendal (lasta ned: <http://www.gyldental.no/Om-Gyldental/Tradisjon-og-visjon> 18. april 2016).

Haugen, Einar: «Konstruksjon og rekonstruksjon i språkplanlegging: Ivar Aasens grammatikk» (1963) i *Kompendium for valemne NYN307. Nynorsk skriftmål – om norm og bruk*, Volda: Høgskulen i Volda, 2015.

Helland, Håvard: «Om å bruke statistikk i sosiologien» i *Tidsskrift for samfunnsforskning* 04, 2003 (lasta ned: https://www.idunn.no/tfs/2003/04/om_a_bruke_statistikk_i_sosiologien_27_januar_2016).

Hellevik, Ottar: «Nynorskbrukaren – kven er han?» i *Kompendium for NYN301. Innføringssemne A – Nynorsk skriftkultur*, Volda: Høgskulen i Volda, 2014.

Hægstad, Marius: «Norske måltilstand 1814–1914», i *Kompendium for valemne NYN307. Nynorsk skriftmål – om norm og bruk*, s. 1–4, Volda: Høgskulen i Volda, 2015.

Hyvik, Jens Johan: *Språk og nasjon 1739–1868. Norsk målreising I* (2009) i *Kompendium for NYN301. Innføringssemne A – Nynorsk skriftkultur*, Volda: Høgskulen i Volda, 2014.

Hyvik, Jens Johan: «Tokulturlæra» i *Norgeshistorie*, Oslo: Universitetet i Oslo, 2015 (lasta ned: <https://www.norgeshistorie.no/industrialisering-og-demokrati/artikler/1545-tokulturlera.html> 11. april 2016).

Høydal, Reidun: «Folkedanning? Landsgymnaset som mothegeemonisk danningsprosjekt» (2003) i *Kompendium for NYN301. Innføringsemne A – Nynorsk skriftkultur*, Volda: Høgskulen i Volda, 2014.

Indrebø, Gustav: *Norsk målsoga* (1951) i *Kompendium for NYN301. Innføringsemne A – Nynorsk skriftkultur*, Volda: Høgskulen i Volda, 2014.

Johannesen, Asbjørn, Per Arne Tufte og Line Christoffersen: *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*, Oslo: Abstrakt forlag AS, 2011.

Kulturrådet: «Innkjøpsordning for omsett skjønnlitteratur» (lasta ned: <http://www.kulturradet.no/stotteordninger/innkjop-omsett-skjonn litteratur> 25. januar 2016).

Lillebø, Sandra: «Vraket oversetter» i *Klassekampen*, 21. desember 2012 (lasta ned: <http://www.klassekampen.no/61005/article/item/null/vraket-oversetter> 04. februar 2016).

Lauritsen, Vibeke: «Anna Gavalda» i *Allkunne* (lasta ned: <http://www.allkunne.no/framside/biografiar/g/anna-gavalda/90/1373/> 15. april 2016).

Lillebø, Jonas Gamborg: «*Branchements*» and «*translation*» as approaches to culture – an epistemological reflection on some aspects in the thinking of Jean-Loup Amselle and Paul Ricoeur, Bergen: Universitetet i Bergen, 2013 (lasta ned: <https://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/7901/dr-thesis-2013-Jonas-Gamborg-Lilleb%cc%b8.pdf?sequence=3&isAllowed=y> 04. februar 2016).

Lomheim, Sylfest: *Omsetjingsteori – Ei elementær innføring*, Oslo: Universitetsforlaget, 1989.

Lundeby, Einar: «Fornorskings- og tilnærmingstanken i historisk perspektiv» (1979) i *Kompendium for valemne NYN307. Nynorsk skriftmål – om norm og bruk*, Volda: Høgskulen i Volda, 2015.

Miller, Carolyn: «Genre as social action» i *Quarterly Journal of Speech*, 1984.

Moi, Toril: «I am not a woman writer. About women, literature and feminist theory today» i *Feminist Theory*, 2008 (lasta ned: <http://www.torilmoi.com/wp-content/uploads/2009/09/259-271-095850-Moi.pdf> 27. april 2016).

Moi, Toril: «Å tilegne seg Bourdieu. Feministisk teori og Pierre Bourdieus kultursosiologi» i *Kompendium for NYN302, Vitskapsteori og metode*, Volda: Høgskulen i Volda, 2014.

Moretti, Franco: *Graphs, Maps, Trees – Abstract Models for a Literary History*, New York: Verso, 2007.

Muruvik Vonen, Arnfinn: «Om rettsstillinga til nynorsken», 10. februar 2012 (lasta ned: <http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt/2012/Om-rettsstillinga-til-nynorsken/> 29. januar 2016).

Myklebust, Eivind: «Kjartan Fløgstad» i *Allkunne*, 22. januar 2014 (lasta ned: <http://www.allkunne.no/framside/biografiar/f/kjartan-flogstad/89/11857/> 17. februar 2016).

Norbok, Nasjonalbiblioteket (lasta ned: <http://nabo.nb.no/trip? b=baser&navn=norbok& h=0> 28. januar 2016).

NORLA (lasta ned: <http://norla.no/nb/om-norla> 08. februar 2016).

Norsk audiovisuell oversetterforening (lasta ned: <http://www.navio.no/> 04. februar 2016).

Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (lasta ned: <http://www.nffo.no/> 04. februar 2016).

Norsk Oversetterforening (lasta ned: <http://oversetterforeningen.no/> 04. februar 2016).

Nyeng, Frode: *Nøkkelbegreper i forskningsmetode og vitenskapsteori*, Bergen: Fagbokforlaget, 2012.

Nynorskordboka: «Kvalitet» (lasta ned: http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=kvalitet&ant_bokmaal=5&ant_nynorsk=5&begge=+&ordbok=begge 27. januar 2016).

Nynorskordboka: «Kvantitet» (lasta ned: http://www.nobordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=kvantitet&ant_bokmaal=5&ant_nynorsk=5&begge=+&ordbok=begge 27. januar 2016).

Nyrnes, Aslaug: *Det (ny)norske mennesket – ein litterær analyse av familiebladet For bygd og by*, Oslo: Samlaget, 1985.

Oria, Bibsys (lasta ned: <http://www.bibsys.no/produkter-tjenester/produkter/soketjenesten-oria/> 28. januar 2016).

Puzey, Guy: «Omsetjing frå norsk til engelsk: Personlege refleksjonar av ein skotsk nynorsking om ordval og språkval», 15. januar 2014 (lasta ned: <http://oversetterforeningen.no/omsetjing-fra-norsk-til-engelsk-personlege-refleksjonar-av-ein-skotsk-nynorsking-om-ordval-og-sprakval/> 10. februar 2016).

Rindal, Magnus, Erik Egeberg og Tone Formo: *Brobyggere – oversettelse til norsk fra middelalderen til i dag*, Oslo: Aschehoug, 1998.

Rosenberg, Linda: «Marked og nynorsk», 21. oktober 2013 (lasta ned: <http://radionova.no/artikkel/marked-og-nynorsk> 20. april 2016).

Samlaget (lasta ned: <http://www.samlaget.no/nn-no/toppmeny/om-samlaget.aspx> 18. april 2016).

Sivertsen, Kristin Buvik: «Advarer mot nynorsk-kutt» i *Dagsavisen* 21. juli 2014 (lasta ned: <http://www.dagsavisen.no/kultur/advarer-mot-nynorsk-kutt-1.286246> 25. januar 2016).

Skirbekk, Gunnar: «Språkhistorie og symbolmakt» i *Prosa*, 3/2015 (lasta ned: <http://prosa.no/essay/sprakhistorie-og-symbolmakt/> 12. april 2016).

Statsautoriserte translatørers forening (lasta ned: <https://www.translatorportalen.com/> 04. februar 2016).

Store norske leksikon: «Desimalklassifikasjon» (lasta ned: <https://snl.no/desimalklassifikasjon> 28. januar 2016).

Tolkeforeningen (lasta ned: <http://tolkeforeningen.no/samarbeid/> 04. februar 2016).

Torp, Arne og Lars S. Vikør: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*, Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS, 1994.

Ulfsby, Erik og Nina Refseth: «100 år og like stri» i *Dagbladet*, 02. januar 2013 (lasta ned: http://www.dagbladet.no/2013/01/02/kultur/debatt/kronikk/teater/det_norske_teatret/2505111_3/ 28. april 2016).

Vannebo, Kjell Ivar: «Har vi språkpolitikk i Norge», i *Språknytt* 2, 2002 (lasta ned: http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_2002/Spraaknytt_2002_2/Leder_Har_vi_spraaakpolitikk/ 25. januar 2016).

Venuti, Lawrence: *Scandals of Translation – Towards an Ethics of Difference*, New York: Routledge, 1998.

Vinje, Finn-Erik: «NS, riksmålet og nynorsken» i *Dagbladet*, 08. oktober 2005 (lasta ned: <http://www.dagbladet.no/kultur/2005/10/08/445723.html> 16. februar 2016).

Waage, Peter Normann: *Russland er sitt eget sted. Streker til et lands biografi*, Oslo: Arneberg forlag, 2012.

Walton, Stephen J.: *Ivar Aasens kropp*, Oslo: Det Norske Samlaget, 1996.

Wandrups, Fredrik: «Er krim litteratur? Jon Fosse er blant dem som sier nei» i *Dagbladet*, 01. mars 2012 (lasta ned: <http://www.dagbladet.no/2012/03/01/kultur/litteratur/bok/krim/krimlitteratur/20478722/> 27. april 2016).

Wandrup, Fredrik: «Når finkulturens voktere begir seg ut i slummen. Alt som blør er ikke nødvendigvis krim» i *Dagbladet*, 14. mars 2015 (lasta ned:
http://www.dagbladet.no/2015/03/14/kultur/bok/litteratur/meninger/geir_mork/38213946/ 27. april 2016).

Østerberg, Dag: «Innledning» i *Distinksjonen – en sosiologisk kritikk av dømmekraften*, s. 11–29, Oslo: Pax, 1995.

Øygaren, Hege: «Oversetter ikke til nynorsk», 14. desember 2000 (lasta ned:
<http://www.nrk.no/kultur/oversetter-ikke-til-nynorsk-1.541884> 15. april 2016).